

# Timeplan 2021-2024

Rådmannen sitt forslag



*Framsidefoto: May Vårli Ree*

## VISJONEN VÅR

# TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

## VERDIANE VÅRE

### Ansvaret

Me har evne til å sjå, mot til å handla  
Me ser og forstår heilskapen  
Me er opne og direkte i samhandlinga

### Engasjement og optimisme

Me er løysingsfokuserte og aktive  
Det me vil, det søker me å få til  
Me er i utvikling

### Gjensidig respekt

Me kjenner kvarandre, og eg betyr noko  
Alle skal ha reell medverknad på eigen  
arbeidssituasjon  
Tilsette skal sikrast deltaking i  
avgjerdss prosessar

## LEVEREGELEN VÅR

### Me skal gjera kvarandre gode

gjennom å:

- yta service
- gje og ta imot tilbakemeldingar
- dela kunnskap og ferdigheter
- heia fram gode idéar

«*Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode i kring oss*»

Arne Garborg

# Innhald

1 Innleiing .....	6
1.1 Rådmannen si innleiing.....	6
2 Utviklingstrekk.....	9
2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk.....	9
2.2 Folketalsutvikling.....	9
3 Økonomi.....	11
3.1 Statsbudsjettet 2021.....	11
3.2 Rammer og føresetnader .....	12
3.2.1 Inntektsføresetnader .....	12
3.2.2 Utgiftsføresetnader .....	14
3.3 Nøkkeltal og risikoanalyse .....	15
4 Folkehelse.....	17
4.1 Status og utfordringar.....	17
4.1.1 Barnefattigdom.....	18
4.2 Mål for langtidsperioden .....	19
5 Tenester .....	20
5.1 Oppvekst.....	20
5.1.1 Status og utfordringar.....	20
5.1.2 Mål for langtidsperioden .....	29
5.1.3 Tiltak i 2021 .....	30
5.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet .....	32
5.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	32
5.1.6 Oversikt over personalressursar .....	33
5.2 Omsorg .....	34
5.2.1 Status og utfordringar.....	35
5.2.2 Mål for langtidsperioden .....	40
5.2.3 Tiltak i 2021 .....	40
5.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet .....	41
5.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	41
5.2.6 Oversikt over personalressursar .....	42
5.3 Samfunn .....	43
5.3.1 Status og utfordringar.....	43

5.3.2 Mål for langtidsperioden .....	53
5.3.3 Tiltak i 2021 .....	54
5.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet .....	56
5.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	57
5.3.6 Oversikt over personalressursar .....	57
5.4 Stab.....	58
5.4.1 Status og utfordringar.....	58
5.4.2 Mål for langtidsperioden .....	60
5.4.3 Tiltak i 2021 .....	60
5.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet .....	61
5.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	61
5.4.6 Oversikt over personalressursar .....	61
6 Kommunen som arbeidsgjever.....	62
6.1 Status og utfordringar.....	62
6.2 Mål for langtidsperioden .....	65
6.3 Tiltak i 2021 .....	65
7 Investeringsar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2021 .....	66
7.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering .....	66
7.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale.....	67
7.3 Trafikksikringsplan .....	79
7.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidlar.....	81
8 Brukarundersøkingar, samarbeid og plansystem .....	87
8.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar .....	87
8.2 Interkommunale samarbeid .....	88
8.3 Plansystem.....	89
9 Framlegg til vedtak.....	91
10 Obligatoriske oversikter etter økonomiplanforskrifta .....	92

# 1 Innleiing

Timeplanen 2021-2024 er Time kommune sitt verktøy for langsiktig planlegging.

Økonomiplanen skal peika ut utviklingsretninga for kommunen sitt tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i komande fireårsperiode.

Meir detaljert informasjon om status og utfordringar i tenestetilboden til kommunen går fram av Årsrapport 2019, Statistikkrapport 2019 og tertialrapportar for 2020.

Anna viktig strategisk informasjon finst i barnehage- og skulebruksplan og bustadplan for planlegginga av dei kommunale omsorgstenestene.

## 1.1 Rådmannen si innleiing

Time kommune skal vera ein attraktiv kommune å busetta seg i, og eit samfunn som er godt å leva i. Folkehelsearbeid er førande for arbeidet med økonomiplanen. Det handlar om å legga til rette for ei berekraftig samfunnsutvikling som både motverkar sosial ulikskap og som fremmar god helse i befolkninga.

Kommunen har gått frå ein kommune med vekst i alle aldersgrupper til dagens situasjon med stor nedgang i barn i aldersgruppa 0-5 år. Dette medfører redusert etterspurnad og overkapasitet på barnehageplassar. Når det gjeld barn i skulealder 6-15 år, vil talet først auka for så å begynna å gå ned mot slutten av økonomiplanperioden som følge av færre barn i yngre aldersgrupper.

Timeplanen vil også i år synleggjera betydinga folkehelsearbeid har for å skapa god samfunnsutvikling og setta nokre langsiktige mål for folkehelsearbeidet i kommunen.

Kapittelet tek utgangspunkt i folkehelseprofilen for Time kommune, som vart utarbeidd i 2018. Her prioriteter kommunen arbeidet innan fem område for å løfta folkehelsa i kommunen: psykisk helse, inntektsforskjellar, skulevegar, eldreressursen og aktivitetsmangfold. Alle mål og tiltak som er relaterte til dei fem prioriterte områda, i dei enkelte kapitla, er merka med [«Folkehelse»](#). Kapittelet om folkehelse har òg eit eige delkapittel om barnefattigdom. Rådmannen ønsker å synleggjera arbeidet mot barnefattigdom både i økonomiplanen og i framtidige årsrapportar.

Kommuneøkonomien er i år prega av stor usikkerheit på grunn av den pågående pandemien. Me forventar at denne også vil påverka kommunen inn i 2021 og få konsekvensar for både kostnadene og inntektene. Regjeringa lovar i statsbudsjettet at kommunesektoren skal kompensera for meirutgifter og mindreinntekter som følje av pandemien. Rådmannen har likevel sett av 2 millionar kroner for å takle pandemien då det er stor usikkerhet knytt til både kostnadsutviklinga og inntektene spesielt frå skatt, kino og integreringstilskot for flyktningar.

Investeringsnivået i denne økonomiplanen er redusert. Usikkerheita som pregar ikkje berre kommuneøkonomien, men også norsk og ikkje minst internasjonal økonomi, maner til forsiktigheit. Rentene er nå på eit minimum og me forventar ein auke alt frå 2021.

Investeringane er i økonomiplanperioden på brutto 633 millionar kroner. I tillegg til fullføring av Vardheia ungdomsskule, idrettshall og turnhall, ny idrettshall på Bryne for utleige til Rogaland fylkeskommune, er det vass- og avløpsinvesteringane på brutto 254,8 millionar

kroner som utgjer dei største investeringane. Låneopptaket i perioden er på 276 millionar kroner.

Rådmannen har tatt konsekvensen av at eigedomsskatt på bustad og næring ikkje er aktuelt i Time og redusert drifts- og investeringsnivået i planperioden. Dei største grepene i drift er at Hognestad skule vert føreslått lagt ned og legevakta samla på Sandnes. Når det gjeld investeringsbudsjettet så er ny symjehall tatt ut og i tillegg er det å gjera om Storgata til gågate flytta til 2024.

Kommunen har vedtatt økonomiske måltal for ei berekraftig utvikling der driftsresultatet minimum skal vera på 1,5 %, disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene på minimum 6 % og netto lånegjeld betalt av frie inntekter på maksimum 60 %. I den framlagte økonomiplanen for 2021-2024 er driftsnivået for høgt til å oppnå målet om 1,5 % i netto driftsresultat. Dei økonomiske måla vert ikkje nådde i nokon av åra i den framlagte økonomiplanen, jf. kapittel 3.3. Rådmannen føreslår derfor i denne økonomiplanen å greia ut innføring av ein avgrensa eigedomsskatt som berre vil gjelda kraftanlegg, vindkraftverk og kraftnettet i kommunen.

Rådmannen har i framlagt økonomiplan finansiert nye tiltak med reduksjon i talet på barnehageplassar, endring i skulestruktur, effektivisering ved sambruk av personellressursar på tvers i omsorg og ei streng prioritering av nye tiltak. I tillegg er det forventa eit lågt lønnsoppgjør også i 2021. Lågare rentekostnader bidreg også til eit betre resultat dei første åra. Renteutviklinga er framover ein risikofaktor for kommunen på grunn av stor gjeld.

I statsbudsjettet for 2021 er det ikkje lagt opp til større reduksjonar i rammene til kommunane bortsett frå høgare eigenbetaling av ressurskrevjande tenester.

Rådmannen føreslår å styrka miljøtenestene, ta i bruk Vardheia skule og idrettshallar og gjennomføra siste opptrapping på brannvern i 2021. Kostnadene til Rogaland brann og redning er då fordelt etter folketal etter ei opptrapping over 5 år. Sosialhjelpa er frå 2022 auka for å ta høgde for at barnetrygd ikkje lenger skal reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp.

Rådmannen vil i økonomiplanperioden arbeida for å gjera kommunen meir brukarorientert og effektiv, og sikra ei utvikling som nytta potensialet i ny organisering og ny teknologi. Det handlar mellom anna om å styrka digitalisering- og innovasjonsarbeidet i kommunen. Målet er å levera best mogleg tenester til lågast mogleg pris.

Rådmannen sitt forslag til Timeplan for 2021-2024 viser kva mål og tiltak som rådmannen meiner bør prioriterast innanfor dei økonomiske rammene kommunen rår over. Forslaget vert nå lagt fram for dei folkevalde for godkjenning.

## **Største satsingsområde 2021-2024**

- Folkehelse
- Tidleg innsats og førebygging
- Ei brukarorientert og effektiv forvaltning som nyttar potensialet i ny teknologi og smartare organisering
- Auka sosialhjelp til barnefamiliar

## **Større omprioriteringar og effektiviseringar 2021-2024**

- Nedlegging av Hognestad skule frå 2022
- Reduksjon i barnehageplassar i takt med etterspurnaden
- Samarbeid med Sandnes kommune om legevaktstenester
- Sambruk av tenester og ressursar i Omsorg

## **Investeringar 2021-2024**

Samla framlegg til investeringar i perioden 2021-2024 er på 633 millionar kroner. Dei største investeringsprosjekta i perioden er:

- Ferdigstilla Vardheia ungdomsskule, Vardheihallen og turnhall i 2021
- Bygga ny idrettshall på Bryne inklusive parkeringshall i 2022
- Utvida overvasskapasiteten på Bryne
- Sanering av VA-anlegg
- Bygga nye omsorgs-, barne- og avlastingsbustader
- Utbetring av leikeplassar og ballbingar
- Gjera Storgata til gågate i 2024

Bryne, 22. oktober 2020



Trygve Apeland  
Rådmann



Aud Steinsland  
Økonomisjef

## 2 Utviklingstrekk

Her vert nasjonale, regionale og lokale utviklingstrekk som har verknad for planperioden synleggjorde og vurderte.

### 2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Norsk og internasjonal økonomi har fått seg ein knekk som følgje av pandemien. I Norge er aktiviteten gradvis i betring, men det er ennå eit godt stykke før me er der me var før pandemien slo til. Arbeidsløysa nasjonalt er nå 4,3 %.

Arbeidsløysa i Rogaland var ved utgangen av august 2020 på 4,5 % (2019: 2,4 %) og for dei tre jærkommunane er arbeidsløysa på mellom 3,3 % og 3,9 % (2019: 1,8 % og 2,1 %).

Norsk økonomi er i betring etter sjokket i mars då pandemien slo til. Betringa vert forsterka av låge renter, låg lønnsvekst og svak valuta. Dette stimulerer til investeringar og høgare eksport. Landet er ein liten open økonomi og er avhengig av ei normalisering hos handelspartnerane våre for at økonomien skal kunne betrast vesentleg.

Landet er i ein periode der det ikkje er så stort behov for utanlandske arbeidskraft. Dette saman med låge flyktningetal medfører lågare netto innvandring og for 2. kvartal 2020 også negativ netto innvandring. Fødselstala i landet er historisk låge. Låg netto innvandring og låge fødselstal medfører lågare folkevekst i landet enn det som har vore vanleg dei siste åra.

Den store usikkerheita framover er kor tid verda får kontroll med pandemien. Til dette skjer må me leva med ein lågare økonomisk aktivitet. Dette vil ramme oss alle – både næringsliv, kommunar og privatpersonar.

### 2.2 Folketalsutvikling

Folketalet i kommunen var ved utgangen av 2019 på 18 916. Dette er lågare enn tidlegare framskrivingar.

Alder	Pr. 31.12 2019	Framskriving				Auke i % 2019-2024	Auke i % 2019-2030
		2020	2024	2028	2030		
0-2 år	699	687	702	739	760	0,4 %	8,7 %
3-5 år	787	756	722	762	781	-8,3 %	-0,8 %
6-12 år	2 000	2 016	1 899	1 845	1 852	-5,1 %	-7,4 %
13-15 år	719	759	907	847	822	26,1 %	14,3 %
<b>Sum 0-15 år</b>	<b>4 205</b>	<b>4 218</b>	<b>4 230</b>	<b>4 193</b>	<b>4 215</b>	<b>0,6 %</b>	<b>0,2 %</b>
16-19 år	971	984	1 082	1 206	1 189	11,4 %	22,5 %
20-66 år	11 411	11 528	12 007	12 564	12 930	5,2 %	13,3 %
<b>Sum 16-66 år</b>	<b>12 382</b>	<b>12 512</b>	<b>13 089</b>	<b>13 770</b>	<b>14 119</b>	<b>5,7 %</b>	<b>14,0 %</b>
67-79 år	1 668	1 787	2 086	2 293	2 353	25,1 %	41,1 %
80-89 år	556	567	661	844	935	18,9 %	68,2 %
90 år og over	105	117	151	183	194	43,8 %	84,8 %
<b>Sum 67 år +</b>	<b>2 329</b>	<b>2 471</b>	<b>2 898</b>	<b>3 320</b>	<b>3 482</b>	<b>24,4 %</b>	<b>49,5 %</b>
<b>Sum</b>	<b>18 916</b>	<b>19 201</b>	<b>20 217</b>	<b>21 283</b>	<b>21 816</b>	<b>6,9 %</b>	<b>15,3 %</b>

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

Framskrivinga av barn i aldersgruppa 0-5 år viser nedgang i økonomiplanperioden. Tala er basert på høgare fødselsfrekvens og høgare netto innflytting enn me har hatt dei siste åra og

kan vera i høgaste laget. Elles er det verdt å merka seg at veksten i innbyggjarar over 67 år ligg på 49,5 % fram til 2030. Størst auke er det for dei over 90 år som aukar med 84,8 %.

Tettstadar	pr. 31.12. 2019	Framskriving				Endring i % 2019-2030
		2020	2024	2028	2030	
Bryne	10 728	10 898	11 451	11 914	12 162	13,4 %
Kvernaland	3 589	3 647	4 001	4 371	4 529	26,2 %
Lye <sup>1)</sup>	2 764	2 829	2 906	3 124	3 229	16,8 %
Undheim	1 190	1 191	1 213	1 222	1 235	3,8 %
Hognestad	645	636	646	652	661	2,5 %
<b>Sum</b>	<b>18 916</b>	<b>19 201</b>	<b>20 217</b>	<b>21 283</b>	<b>21 816</b>	<b>15,3 %</b>

<sup>1)</sup> Inkludert Vestly

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

I tabellen ovanfor ser me ut frå forventa bustadbygging kor veksten i kommunen kjem. På Lyefjell, Kvernaland og Bryne er det store utbyggingsområde, og i tillegg kjem store transformasjonsområde på dei to sistnemnde. Kor tid desse vert tekne i bruk til bustadbygging er usikkert og framskrivninga vert meir usikker i siste del av perioden.

## 3 Økonomi

Når rådmannen utarbeider økonomiplanen ligg styringssignal i statsbudsjettet til grunn for forventa pris- og lønnsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskotet. I statsbudsjettet og kommuneproposisjonen får kommunen også signal om nye reformer. Økonomiplanen vert lagt fram i faste 2021-prisar og endringar frå 2021 er dermed reelle endringar i inntekter eller aktivitetsendring i utgifter.

Økonomiplanen bygger elles på føresetnader i vedtatt styringsdokument som Kommuneplan 2018-2030, Samfunnssdelen av kommuneplan 2015-2027, Timeplan 2020-2023, Årsrapport 2019, tertialrapportar i 2020 og andre politiske vedtak i løpet av året.

### 3.1 Statsbudsjettet 2021

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren for 2021 kjem fram i statsbudsjettet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Prioriteringane er:

- Levande lokaldemokrati
- Sterke distrikt
- Modernisering av landet
- Trygge og gode buforhold

Regjeringa meiner at ein viktig føresetnad for levande lokaldemokrati er å spreia makt og bygga samfunnet nedanfrå. Kommunar og lokalsamfunn skal få meir rom for å styra saker som vedkjem dei sjølv og deira samfunnsutvikling.

Når veksten vert rekna vert alle ekstraordinære tilskot som følge av pandemien haldne utanfor. Slik legg regjeringa opp til vekst i kommunesektoren sine frie inntekter for 2021:

	Milliardar kroner
<b>Vekst i frie inntekter</b>	2,00
- meirkostnad demografi	-1,10
- satsningar innanfor veksten	-0,20
Særskilt tillegg	1,90
<b>Realvekst samla inntekter</b>	<b>2,60</b>

Realveksten i frie inntekter er større enn det som har vore vanleg dei siste åra. Dette skuldast først og fremst eit særskilt tillegg på 1,9 milliardar kroner i forbindelse med virusutbrotet. Regjeringa legg også opp til at dette tillegget vert vidareført ut over 2021. Regjeringa har i 2021 ikkje innarbeidd den vanlege effektiviseringa på 0,5 % i tenesteproduksjonen.

Regjeringa legg opp til ei betydeleg satsing på digitalisering i dette budsjettet. Dette skal gå til å effektivisera statlege etatar, men det vert også ei betydeleg satsing for kommunesektoren.

Det er i statsbudsjettet føreslått å auka communal eigendel utover inflasjonsjustering for ressurskrevjande tenester, med 46 000 kroner per brukar. Reduserte utgifter for staten vert om lag 300 millionar kroner.

## 3.2 Rammer og føresetnader

(Alle beløp i millionar kroner)	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
Skatteinntekter	561,4	581,3	614,5	620,7	626,8	634,6
Rammetilskot	472,8	482,5	473,8	481,0	482,9	479,9
Andre driftsinntekter	413,2	312,8	311,1	321,8	325,4	324,9
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 447,4</b>	<b>1 376,6</b>	<b>1 399,4</b>	<b>1 423,5</b>	<b>1 435,1</b>	<b>1 439,5</b>
<b>Driftsutgifter</b>	<b>1 470,8</b>	<b>1 344,5</b>	<b>1 353,5</b>	<b>1 367,7</b>	<b>1 377,2</b>	<b>1 381,6</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-23,4</b>	<b>32,1</b>	<b>45,8</b>	<b>55,8</b>	<b>57,9</b>	<b>57,9</b>
<b>Finansinntekter</b>						
Renteinntekter	12,2	11,6	8,6	9,0	9,7	9,8
Utbytter og gevinst/tap fin plass.	34,2	35,2	36,5	37,9	38,5	38,5
Renteutgifter	28,8	30,5	27,6	30,4	31,1	32,2
Avdrag på lån	50,8	55,9	58,6	62,7	65,2	65,3
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-33,2</b>	<b>-39,6</b>	<b>-41,1</b>	<b>-46,2</b>	<b>-48,1</b>	<b>-49,2</b>
Motpost avskrivningar	81,8	6,9	8,6	9,3	10,3	10,6
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>25,2</b>	<b>-0,6</b>	<b>13,2</b>	<b>18,9</b>	<b>20,1</b>	<b>19,3</b>
Netto fondsbruk	1,7	-8,6	-1,6	0,9	0,7	-
Overført til investeringar	15,5	8,0	14,8	18,0	19,4	19,3
Årsoverskot	8,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

### 3.2.1 Inntektsføresetnader

#### Skatteinntekter og rammetilskot

Summen av inntektsskatt, formueskatt og statlege rammeoverføringer utgjer kommunen sine frie inntekter. Det vil sei at bruken av midlane ikkje er retta inn mot bestemte utgiftsformål. Skatt og rammetilskot er justerte med forventa lønns-, pris- og folkevekst. Skatteinngangen er budsjettet med 96,0 % av landsgjennomsnittet per innbyggjar, noko som er ein reduksjon på 1,2 prosentpoeng frå opprinneleg 2020-budsjett. Skatteinnbetalingane for Time per utgangen av august 2020 ligg på 96,2 % av landsgjennomsnittet. Før oljekrisa var skatteinntektene på 106 % av landsgjennomsnittet. Dette er eit nivå kommunen nok ikkje vil nå igjen.

Det kommunale skattøyre vil frå inntektsåret 2021 verta auka med 1,05 prosentpoeng til 12,15 %. Den kommunale skatten svikter i 2020 i forhold til opprinnelege føresetnader og for at skattane skal kunna utgjera 40 % av samla inntekter må skattøyre aukast og rammetilskotet tilsvarende reduserast.

Rammetilskotet er basert på objektive kriterier der mellom anna alder betyr mykje. Det er folketal per 1. juli kvart år som dannar grunnlag for rammetilskotet. Frå 01.07.2017 til 01.07.2020 har talet på barn i alder 0-5 år gått ned med 156 barn. Dette betyr ein nedgang i rammetilskotet på 10,8 millionar kroner. Siste året var nedgangen 39 barn og 4,2 millionar kroner.

#### Andre inntekter

Av andre inntekter kjem 58,7 millionar kroner frå brukarbetaling og 63,5 millionar kroner frå husleigeinntekter og sal av tenester. Betalingssatsane for 2021 er prisjusterte, sjå vedlegg «Prisar 2021». I rekneskapen vert i tillegg momskompensasjonen inntektsført. Me har valt å ikkje budsjettera momskompensasjonen då inntektene går mot tilsvarende utgift og er eit nullsumspel. Refusjonsinntekter for sjukdoms- og svangerskapsfråvær er heller ikkje budsjettet då inntektene i stor grad blir brukt til innleige av vikarar.

Gebyr for sjølvkosttenestene feiing, vatn, avløp og renovasjon utgjer 73,1 millionar kroner. Store investeringar i overvasshandtering og store investeringar i IVAR-regi påverkar gebrysatsane.

Ulike øyremarka statstilskot utgjer 79,6 millionar kroner i inntekt i 2021. Dei største inntektene gjeld 46,6 millionar kroner til ressurskrevjande tenester og integreringstilskot til flykningar på 15,3 millionar kroner. I tillegg får me mellom anna statstilskot til introduksjonsordninga for flykningar, barnevern, helsestasjon og rente- og avdragskompensasjon.

På grunn av forventa nedgang i talet på flyktninger framover, har me budsjettert integreringstilskotet til 12,6 millionar kroner i 2024 det vil seia ein nedgang på 7,1 millionar kroner frå 2020. I budsjettet forventar me at mottak av flyktninger går som planlagt utan å ta omsyn til ekstraordinære problem som nå under pandemien.

Kommunen har ansvar for fleire interkommunale tenester, jf. kapittel 8.2, og betaling frå samarbeidande kommunar og refusjonar frå fylkeskommunen er budsjettert til 27,8 millionar kroner. Nytt frå 2021 er Vardheia skule, idrettshall og turnhall som kommunen skal drifte på vegne av Klepp og Time.

Kommunen har ein frikraftavtale med Lyse etter salet av Maudal kraft. Krafta vert brukt i eiga verksemد i kommunen. Kraftprisen har i 2020 vore svært låg og me forventar heller ikkje dei beste prisane frå 2021. Verdien som i 2021 er budsjettert til 1,2 millionar kroner, vert likevel inntektsført som frikraft og utgiftsført slik at kommunen sitt energiforbruk kan samanliknast med andre kommunar. Inntekter på 1,5 millionar kroner frå kommunen sine justeringsrettsavtalar med private utbyggjarar er også inntektsførde her.

## **Finansinntekter**

Det er budsjettert med eit rentenivå på 1,25 % i 2021 og aukande til 1,7 % i 2024. Dei same føresetnadene er også nytta på finansutgiftene.

Etter signal frå Lyse er utbytte budsjettert til 36,5 millionar kroner i 2021 og aukande til 38,5 millionar kroner i 2024.

Kommunen har ved utgangen av august 2020 plassert 11,7 millionar kroner i aksjar for å oppnå høgare avkasting enn bankrenter.

## **Eigedomsskatt**

Rådmannen føreslo i Timeplan 2020-2023 å greia ut innføring av eigedomsskatt i heile kommunen, på både bustader og næring. Dette var det ikkje fleirtal for i kommunestyret.

Som eit alternativ føreslår rådmannen i år å greia ut eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk og kraftnett etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, frå 2022. Dette er ei svært avgrensa innføring av eigedomsskatt og tilsvarer innføringa Sandnes kommune har gjort i sak 86/19.

Utgreiinga vil leggjast fram for kommunestyret seinast i samband med neste økonomiplan for avgjersle.

### **3.2.2 Utgiftsføresetnader**

#### **Lønns- og prisutvikling**

Kalkulert prisvekst på kommunale tenester er, som i statsbudsjettet, sett til 2,7 %.

Lønnsveksten er forventa å verta på 2,2 %. Prisveksten er kalkulert til 3,75 %. Tenesteområda har fått full kompensasjon for lønnsvekst, men berre delvis for prisveksten.

#### **Pensjonskostnader**

Pensjonspremien er usikker. Størrelsen er avhengig av framtidig lønns- og grunnbeløpsvekst. Lønnsveksten i 2021 vil avhenga av utviklinga i pandemien og me legg her regjeringa sine føresetnader til grunn. Premien er ikkje minst avhengig av avkastninga i pensjonsordninga. I 2021 har me budsjettet med 10,7 % for lærarar, 19 % for sjukepleiarar og 17,5 % for andre kommunalt tilsette.

Premiefondet er ved utgangen av fjaråret på 41,9 millionar kroner. Premiefondet får tilført midlar når avkastninga i pensjonselskapet vert høgare enn garantert rente. I tillegg vil ny offentleg pensjonsordning som er innført frå 2020, frigjera pensjonsmidlar som då vert avsett til premiefond. Det er ennå ikkje avklart kor mykje dette vert. Me budsjetterer med å bruka 10 millionar kroner av premiefondet kvart år i perioden. Premiefondet kan berre nyttast til å betala pensjonskostnader.

#### **Tilskot til private barnehagar**

Tilskotet til private barnehagar for 2021 er basert på rekneskapen for 2019 og justert for forventa prisvekst for to år. Tilskotet for 2020 var basert på ein for høg lønns- og prisvekst. Dette vert justert til reell stigning i tilskotet for 2021.

Kommunen kompenserer dei private barnehagane for alle former for statleg innførte reduksjonar i betalingssatsar som søskensmoderasjon, gratis kjernetid for 2-5 åringer og redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar.

Tilskotet for 2021 er justert med endra pensjonspremie frå 13 % til 11 %. Denne endringa kom i statsbudsjettet for 2021. Tilskotet per barn i private barnehagar aukar dermed med 0,4 % frå 2020 til 2021. Tilsvarande vekst i fjar var 3,0 %.

#### **Finansutgifter**

Samla lån er ved utgangen av 2019 på 1474 millionar kroner. Me har sikra renta på om lag 20 % av låneporføljen, 23 % vert dekka av utlånsrenter og 15 % vert dekka av egedomsavgifter og andre refusjonar. Rentebinding gjer at kommunen ikkje får full effekt av låg rente.

Låneopptak til investeringar og lån til vidareutlån (startlån) vert nedbetalt over 30 år.

#### **Lønnsreserve**

Det er for 2021 sett av 15 millionar kroner i lønnsreserve. Det er budsjettet med ein årlønnsvekst for 2021 på 2,2 %. Reserven skal dekka lønnsoppgjeren for 2020 og 2021.

### 3.3 Nøkkeltal og risikoanalyse

#### Omprioritering og effektivisering

I framlagt budsjettforslag er det i siste år i perioden innarbeidd tiltak for over 8,5 millionar kroner som er omprioriterings- og effektiviseringstiltak. I tillegg kjem endringar for å tilpassa tilbodet til endra etterspurnad når det gjeld flyktingtenester, Bryne kompetansesenter, barnehage og sosialhjelp.

#### Overføring til investering

Kommunen har som målsetting å setta av 2 % av sum skatt og rammetilskot til finansiering av investeringane. I framlagt økonomiplan er det avsett mellom 1,4 % og 1,7 % til delfinansiering av investeringane.

#### Økonomiske nøkkeltal

Det vart saman med budsjettvedtaket i desember 2018 fatta vedtak om nye økonomiske måltal for berekraftig utvikling i Time kommune. I tabellen under er vedtekne måltal vist saman med kva rådmannen har lagt inn i økonomiplanen for 2021-2024.

Finansielle nøkkeltal i økonomiplan 2021-2024	Vedtatte måltal	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
Overført til investering	2,0 %	1,4 %	1,6 %	1,7 %	1,7 %
Netto driftsresultat	1,5 %	0,9 %	1,3 %	1,4 %	1,3 %
Disposisjonsfond	min 6%	3,7 %	3,6 %	3,6 %	3,6 %
Netto lånegjeld betalt av frie inntekter	max 60%	64,5 %	62,3 %	58,4 %	56,4 %
Lånefinansiering av investeringane	max 50%	47,1 %	44,4 %	32,7 %	40,8 %

Det framlagte budsjettet viser eit netto driftsresultat som er mellom 0,9 % og 1,4 %.

Kommunen har mål om 1,5 % i netto driftsresultat. Det vert i planperioden ingen oppbygging av disposisjonsfondet, sjølv om me har som mål å auka dette til 6 % av driftsinntektene.

#### Netto driftsresultat

Me budsjetterer med eit netto driftsresultat på 13,2 millionar kroner i 2021. I resten av perioden ligg driftsresultatet mellom 18,9 og 20,1 millionar kroner.

Langsiktig gjeld	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
Nye lån	146,4	134,2	155,0	101,5	48,6	70,9
Avdrag	54,6	67,9	68,7	72,7	75,1	75,3
<b>Brutto gjeld 31.12.</b>	<b>1 474,0</b>	<b>1 540,3</b>	<b>1 626,6</b>	<b>1 655,4</b>	<b>1 628,9</b>	<b>1 624,5</b>
Ansvarleg lån Lyse	110,8	105,0	99,2	93,4	87,6	81,8
Husbanklån til utlån	230,9	243,9	258,9	273,9	288,9	303,9
Ubrukte lánemidlar	5,3					
<b>Netto gjeld 31.12.</b>	<b>1 127,0</b>	<b>1 191,4</b>	<b>1 268,5</b>	<b>1 288,1</b>	<b>1 252,4</b>	<b>1 238,8</b>
Avløp, vassverk, renovasjon	222,7	227,8	275,3	316,3	335,2	352,8
Kompensasjon skulebygg	39,3	34,5	29,5	26,9	24,8	22,8
Eldrereform	23,2	21,5	19,8	18,1	16,4	14,7
<b>Netto renteberande gjeld 31.12.</b>	<b>841,8</b>	<b>907,6</b>	<b>943,9</b>	<b>926,8</b>	<b>876,0</b>	<b>848,5</b>
Folketall 31.12.	18 916	19 200	19 450	19 700	19 950	20 200
Netto gjeld per innbyggjar i kr	59 579	62 052	65 219	65 386	62 777	61 327

Kommunen har hatt store investeringar og har høg gjeld per innbyggjar. Gjelda fortset å auka dei to første åra i økonomiplanperioden. Deretter går gjelda ned med rådmannen sitt forslag til investeringsbudsjett. Netto rentebærande gjeld i forhold til driftsinntekter ved utgangen av

2019 var på 58 %. Tabellen om økonomiske måltal viser at denne har auka til 64,5 % ved utgangen av 2021.

Kommunen står dei to første åra føre store investeringar i overvasstiltak for å sikra mot flaum, sanering av VA-anlegg, utbygging av ungdomsskule og idrettshallar i Vardheia samt ny idrettshall på Bryne. Tidlegare planlagt symjehall er utsett til etter planperioden.

I tillegg til oppstillinga ovanfor har interkommunale selskap teke opp gjeld som kommunen hefter for. For Time gjeld dette i særleg grad IVAR (interkommunalt vann, avløps- og renovasjonsverk).

Kommunen har dei siste åra auka utlåna av startlån til etablering ganske mykje. Me har i dag små problem med innkrevjing av renter og avdrag. Når bustadene vert selde, dekker vanlegvis salssummane startlånet.

Kommunen har budsjettert med stort utbytte frå Lyse. Lyse har i dag fleire bein å stå på. Kraftproduksjonen utgjer ein minkande del av selskapet si samla verksemd. Me har budsjettert med at Lyse utbetalet 625 millionar kroner i utbytte for 2021 og at dette aukar jamt kvart år til 660 millionar kroner mot slutten av perioden. Time kommune sin del av utbytte er på 5,832 %.

# 4 Folkehelse

## 4.1 Status og utfordringar

God folkehelse vert skapt gjennom god samfunnsutvikling. Det er ei rekke forhold som påverkar helsa til innbyggjarane, som arbeid, utdanning, bustad, fysisk og sosialt miljø. Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunna planlegga og gjennomføra effektive tiltak.

Folkehelseinstituttet har saman med fylkeskommunen gjennomført «Folkehelseundersøkelsen 2020» i alle kommunane i Rogaland. Eit tilfeldig utval av innbyggjarar vart spurde om livskvalitet, trivsel og eigenvurdert helse. Oppfølging av funn her vil vera særsviktig i plan- og tiltaksarbeid framover, og spesielt i revisjonen av samfunnsdelen til kommuneplanen.

«Folkehelseprofil for Time kommune 2018-2021» har fem prioriterte område:

Utfordringar	Prioriterte område
Aukande førekommst av psykiske plager og lidningar, spesielt blant unge Fråfall i vidaregåande skule Høg del unge uføre	<b>Psykisk helse</b>
Aukande grad av unge i låginntektsfamiliar Aukande sosiale helseforskjellar Høgare del sosialhjelppsmottakarar 20-66 år enn nabokommunar, fylket og landet	<b>Inntektsskilnader</b>
Utrygge skulevegar	<b>Skulevegar</b>
Størst auke i den eldste delen av befolkninga	<b>Elderressursen</b>
Låg dekningsgrad av nærturterreng og naturområde Låg fysisk aktivitet blant innbyggjarane generelt Aukande førekommst av overvekt og fedme	<b>Aktivitetsmangfold</b>

For å kunna imøtekoma utfordringane som kjem i frå folkehelseprofilen er det avgjerande at tenesteområda samskaper på tvers, og er villige til å sjå på tiltak som kan medføra at ein må jobba på nye måtar.

For å styrka arbeidet med elderressursen vert Frivilligsentralen, Velferdssenteret, Sivdammen Catering og Frivilligkoordinator i institusjon slått saman til ei eining og lokalisert til Velferdssenteret. Kommunen har fokus på arbeidet med å verta eit meir aldersvennleg samfunn.

Oppvekstprofil 2020 for Time kommune viser at det er fleire innvandrarar som står utanfor arbeid og utdanning i aldersgruppa 16-25 år, samanlikna med fylket og landet.

Flyktningtenestene i Time og Klepp skal slås saman og lokaliserast til Bryne kompetansesenter i 2021. Målet er mellom anna å styrka integreringsarbeidet når det gjeld arbeid og utdanning.

Det er ein stadig større del av elevar som fullfører vidaregåande opplæring.

Gjennomføringsgrad for elevar frå Time er nå 82 % etter fem år, noko som er over snittet i fylket. Måla for 2020 var 78 % og 80 % i 2022. Handlingsplanen mellom kommunane Time og Klepp og Bryne- og Øksnevad vidaregåande skule, er revidert. Det er satt nye mål for auka gjennomføringsgrad og nye tiltak for å nå desse måla er innarbeidd i planen. Nytt ungdomsteam, jamfør kap. 5.1.1, vil få ei sentral rolle inn i samhandlinga med Bryne vidaregåande skule og tverrfagleg oppfølging i aldersgruppa 12-20 år.

Oppvekstprofil 2020 viser at Time kommune ligg noko betre enn ann fylket og landet når det gjeld barn og unge si psykiske helse. Tiltak for å styrka barn og unge si psykiske helse er mellom anna prosjektet «Resilient». Opplegget skal gjera elevane meir robuste til å takla «livet sine mange utfordringar». Eit anna prosjekt er «Laget rundt læraren og eleven», som er utvida til alle skulane. Følgjeforsking ser på effekt av tiltak. Prosjektet går fram til 2023. Dette er eit pilotprosjekt i forhold til læringsresultat og læringsmiljø.

I økonomiplanen ligg det inne fleire tiltak som skal vera med å stimulera til auka aktivitet, mellom anna ny idrettshall på Bryne og tilrettelegging for friluftsliv. Ny nasjonal «Handlingplan for fysisk aktivitet 2020-2029» skal implementerast.

Det er få trafikkulykker i Time kommune. Likevel er det mange elevar som opplever at skulevegen er utrygg. Det kan vera manglande lys eller fortau, mykje trafikk eller stor fart. Ny gatebruksplan for Bryne vil ta omsyn til kor mjuke trafikkantar beveger seg. Handlingsplan for trafikktryggleik skal steg for steg gjera skulevegane tryggare.

Det er innanfor alle tenesteområde tiltak som gjeld utfordringar som kjem fram av folkehelseprofilen. Desse er merka med [«Folkehelse»](#).


#### 4.1.1 Barnefattigdom

Time har færre unge i låginntektsfamiliar enn snittet i Rogaland og landet elles. Samtidig følger kommunen trendutviklinga både nasjonalt og regionalt.

Arbeidsløysa har vore høg i 2020 på grunn av covid-19. Det positive er at arbeidsløysa søkk rask, og det er ingen forskjell på unge vaksne og vaksne.

Forventninga er at arbeidsløysa stabiliserer seg på eit høgare nivå i åra som kjem.

Talet på unge sosialhjelpsmottakarar under 25 år gjekk ned med 26 % frå 2018 til 2019. Det kan vera ein effekt av at NAV, saman med kommunale samarbeidspartnarar, set inn individuelt



tilpassa aktivitetstiltak tidlegare. Det kjem i stand som eit samarbeid mellom NAV, helsetenesta i kommunen og opplæring i kommunen og fylket.

#### **Tiltak som kommunen har per i dag:**

- Jærkortet: Samarbeid mellom Klepp, Time og Hå kommune og gjev gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV administrerer og finansierer ordninga. Totalt 100 kort per kommune, ei dobling frå tidlegare år.
- Tilbod om gratis medlemskap i eit idrettslag, samt utstyr for sosialhjelpsmottakarar med forsørgaransvar.
- Gratis internett for familiar med barn i grunnskulealder som mottek sosialhjelp.
- Redusert foreldrebetaling i barnehage for låginntekstfamiliar.
- Gratis kjernetid i barnehage for 2, 3, 4 og 5 åringar i låginntekstfamiliar.
- Utstyrssentral for frilufts- og idrettsutstyr.
- Leksehjelp på biblioteket i samarbeid med Bryne Røde Kors.
- Samarbeidsprosjekt «ALLE MED» med Rosseland Ballklubb for å inkludera barn og unge i idretts- og fritidsaktivitetar i heile kommunen.
- Kommunen bruker årleg 25 millionar kroner til startlån og 1,5 millionar kroner i etableringstilskot for å få familiar med låg inntekt inn på bustadmarknaden.
- Bustønad til låginntektsfamiliar med barn er styrka i tråd med statsbudsjettet.
- Alle elevar får eigen iPad.
- Redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar for barn på 1. og 2. trinn i SFO.
- Redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar for barn på 3. og 4. trinn i SFO frå hausten 2021.

NAV gjev i tillegg støtte til ulike tiltak til barn og unge ut frå individuell vurdering.

## **4.2 Mål for langtidsperioden**

- Psykisk helse: færre elevar skal rapportera om psykiske plager og lidingar i neste UngData-undersøking.
- Inntektsforskellar: Innbyggjarar skal kunna bruka allmenne tilbod i kommunen uavhengig av inntekt.
- Skulevegar: Alle elevane skal ha ein trygg skuleveg.
- Eldreressursen: Minst 50 % av innbyggjarane over 70 år skal vera med på frivillig arbeid.
- Aktivitetsmangfold: Aktive innbyggjarar i nærmiljøet.

# 5 Tenester

Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap		Økonomiplan				Endring 2020-2021
	2019	Budsjett 2020	2021	2022	2023	2024	
Oppvekst	484 927	496 175	486 554	484 016	484 293	484 093	-1,9 %
Omsorg	295 324	306 738	315 889	318 332	321 442	326 142	3,0 %
Samfunn	182 798	184 507	191 441	193 788	195 171	195 121	3,8 %
Stabstenester	65 258	67 564	66 711	66 908	67 676	67 136	-1,3 %
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>1 028 307</b>	<b>1 054 984</b>	<b>1 060 595</b>	<b>1 063 044</b>	<b>1 068 582</b>	<b>1 072 492</b>	<b>0,5 %</b>

## 5.1 Oppvekst

Tenesteområdet omfattar helsestasjonsteneste, barnevern, barnehagar, skular med skulefritidsordning, pedagogisk psykologisk teneste, kulturskule og Bryne kompetansesenter. Tenesteområdet skal i nært samarbeid med føresette fremma læring og danning som grunnlag for at barn og unge er i stand til å meistra livet saman med andre. Tenesteområdet skal arbeida førebyggande gjennom å gje rett hjelp til rett tid på rett plass.

### 5.1.1 Status og utfordringar

Endringar i folkevekst og demografiske endringar har gjeve og vil fortsatt gje utfordringar knytt til korleis dimensjonere tenestene. Både fødselstal og netto innflytting er endra frå det som tidlegare vart lagt til grunn. Kommunen vil i komande periode ha god kapasitet i barnehagane, men med ulik fordeling mellom dei ulike delane av kommunen. Ny barnehagebruksplan vert utarbeidd i 2022, og vil gje ei oppdatert framsyning av moglege endringar. Fortsatt nedgang i barnetal utfordrar kommunen sine økonomiske rammer.

Mot slutten av perioden vil også skulane verta påverka av endringa i folkeveksten. Endringane vil gje redusert elevtal på dei lågaste trinna, og trykket på skulane sentralt på Bryne vil endra seg. Dette vert omtala nærmare i skulebruksplan 2020-2028.

Fortsatt arbeid med etablering av fullelektroniske barne- og elevarkiv vert viktig i perioden. Dette skal koplast til kommunens eksisterande arkivløysing. Det har vore naturleg å starta med elevarkiv på skulane i 2020, og knyta det til det skuleadministrative systemet VISMA Flyt skule. I tillegg vil me i perioden få på plass ny app-løysing for kommunikasjon mellom heim og skule/SFO og ein felles timeplanmodul. For PP-tenesta vil me ta i bruk elektroniske skjema som skal nyttast i delar av kartleggingsarbeidet. Me vil og starta ein prosess for å få på plass ei digital løysing knytt til elektroniske barnemapper.

Alle desse løysingane bidreg til betre kvalitet for brukarane og sikrar gode prosessar. I tillegg vil ein kunna effektivisera prosessar, noko som vil resultera i auka nærvær og kvalitet i tenestene.

I første del av planperioden vil kommunen måtta bruka tid og ressursar på fleire overordna satsingar og endringar i lovverk:

- Endringar i barnehagelova frå 1. januar 2021, som legg føringar knytt til internkontroll, krav om å skilja rollane som barnehagemynde og -eigar, og innføring av «mobbelov»
- Barnevernsreform 2022, som vil endra innhald og organisering i tenesta og i tenesteområdet Oppvekst.

- Implementering av nytt læreplanverk i heile grunnopplæringa.

Både endringane i barnehagelova, barnevernsreforma og implementeringa av læreplanverk har eit omfang som truleg vil krevja tett samarbeid med fleire andre kommunar. Dette vil verta meir omtala i økonomiplanen under dei ulike tenestene.

### **Felles tiltak – arbeid på tvers**

Pågåande pandemi og vakante stillingar i fagstab Oppvekst har påverka planlagt framdrift i dei ulike satsingane. Tenesteområdet held likevel fast på hovudlinjene i tidlegare satsingar, sjølv om gjennomføring og implementering vil ta lengre tid.

Strategiplan Oppvekst 2016-2022 har fem hovudområde som legg føringar på satsinga i Oppvekst:

- Oppvekst i utvikling
- Fleirkulturelt samfunn
- Tidleg innsats
- Oppvekst i informasjonssamfunnet
- Organisasjon og leiing

Revisjon av Strategiplan oppvekst startar våren 2021. For å spissa satsingane, vil kommunen i komande periode ha hovedfokus på kapittel 4 Tidleg innsats, i strategiplanen.

Oppvekst har fokus på samarbeid på tvers av verksemndene for å nytta den samla kompetansen i Time på ein god og ressurseffektiv måte. Det skal vera tett samarbeid med dei andre tenesteområda i kommunen for å fremja eit bra oppvekstmiljø, der organisatorisk inndeling ikkje skal vera eit hinder for samhandling. Tiltaka til fritidsavdelinga og tenesteområdet Omsorg er vesentlege i dette arbeidet og må sjåast i samanheng med tiltaka i Oppvekst.

Arbeid på tvers i Oppvekst betyr at me skal ha brukaren i fokus og nytta kompetansen i dei ulike verksemndene til det beste for brukaren. Barnehagane og skulane er grunntenestene i Oppvekst. Dei skal gje eit allmennpedagogisk tenestetilbod, og er derfor avhengige av tett kontakt med støttetenestene (PPT, Helsestasjon, Barnevern og Time kulturskule).

Målsettinga i heile Oppvekst er å vri tenkinga frå å vera problemfokusert på individnivå, til å verta systemfokusert og gjelda alle. Denne dreininga ser me på som avgjerande for å få til eit gjennomgående godt oppvekstmiljø for alle barn og unge i Time kommune.

Viktige satsingar knytt til tidleg innsats i perioden vil vera:

- **«Inkluderande barnehage og skolemiljø».** Dette er ei statleg satsing. Time kommune har delteke i tre ulike puljar. Nokre av dei saman med dei andre kommunane på Jæren. Me har tru på at arbeid på tvers av barnehagar og skule og samarbeid med nabokommunane våre gjer oss betre og meir kompetente i arbeidet med å førebygga krenkande åtferd. Saman med kommunane på Jæren har me utvikla nettstadane «Trygt og godt barnehagemiljø» og «Trygt og godt skolemiljø».
- **«Laget rundt læraren og eleven»**, starta som eit lokalt innovasjonsprosjekt i 2017 med mål om å arbeida førebyggande gjennom tverrfaglege team på alle skulane. Time kommune fekk våren 2019 tildelt 6,9 millionar kroner i prosjektmidlar knytt til

nasjonal folkehelsesatsing til prosjektet for perioden 2019-2023. Prosjektet vert følgt av forsking gjennom VID vitskapelege høgskule.

- «**Utviklingstøttande praksis på småbarnsavdelingane**» er eit utviklingsarbeid som startar opp hausten 2020. Time har saman med Gjesdal, Klepp og Hå fått ressursar til å bruka inn i prosjektet via kompetanseløftet på området spesialpedagogikk og inkluderande opplæring. Samarbeidspartar er PPT, universitet og høgskule, og Stat.ped. Prosjektet er i første omgang tildelt 1,5 millionar kroner frå fylkesmannen i 2020, med føringar om tilsvarende tildeling i 2021. Målet med prosjektet er å heva kvaliteten på den allmennpedagogiske praksisen på småbarnsavdelingane for å:
  - gje alle barn gode utviklingsmogleigheter
  - på sikt redusera behovet for spesialpedagogisk hjelp seinare i livet
- **Etablering av verktøyet BTI (Betre tverrfagleg innsats)**, som er ein modell som skal sikra best mogleg samhandling mellom dei ulike tenestene. Arbeidet starta i 2019, og målsetting er å koma i gang med å implementera i verksemldene og blant brukarane frå januar 2021.



Nivå 3: Beskriver mer omfattende tverrfaglig samarbeid mellom flere tjenester.
Nivå 2: Beskriver enkelt tverrfaglig samarbeid mellom fortrinnsvis to tjenester
Nivå 1: Beskriver innsats innenfor hver enkelt tjeneste
Nivå 0: Avklarer om det er grunn til bekymring.

- **Etablering av ungdomsteam** er rigga som eit toårig prosjekt med mål om å jobba fram permanent organisering frå 2023. Teamet skal vera operativt og arbeida med ungdom i alderen 12-20 år. Teamet skal bestå av og samla allereie eksisterande ressursar og jobba på tvers av tenester i alle kommunalområda. Koordinator for tverrfagleg arbeid/SLT skal inngå i teamet og har eit koordinerande ansvar. Teamet skal vera eit lågterskeltilbod og mellom anna arbeida med ungdommar med utfordringar knytt til rus, kriminalitet, åtferd og psykisk helse og elever med urovekkande skulefråvær som fell utanfor allereie etablerte tenester.

## Barnehage

Barnehagane i Time vert drivne i medhald til Lov om barnehage. Forskrift om rammeplanen styrer innhald og oppgåver i barnehagen.

Per 15. desember 2019 var det 1151 barn i barnehagane i Time kommune. Tal frå august 2020 syner ein nedgang på omlag 60 barn. Ny nasjonal teljing er 15. desember 2020. Dei siste åra har det vore reduksjon i talet på barn i kommunale og private barnehagar. Framskriving av barnehagebehovet i planperioden syner fortsatt ein nedgang før talet stabiliserer seg i slutten av perioden. Det er knytt stor usikkerheit til framtidige fødselstal i kommunen. Kommunen vil i hovudsak ha god kapasitet på barnehageplassar i heile planperioden.

NLM Frøyland barnehage skal etter planen utvida drifta ved å flytta eksisterande barnehage til nytt barnehagebygg hausten 2021. Utvidinga vil gje barnehagen ein samla kapasitet på rundt 85 plassar som er ei auke på litt over 40 plassar. I motsetnad til resten av kommunen er det i dag knapt med barnehageplassar på Kvernaland.

I satsinga på tidleg innsats og auka kvalitet i barnehagesektoren, har Time kommune i [Kvalitetsplan for barnehagane 2017-2022](#) ei målsetting om at 50 % av bemanninga skal ha ei pedagogisk utdanning innan 2022. Etter innføring av ny pedagognorm i 2018, ligg dekningsgraden nå på 46 %. For å nå målsettinga må ein auka talet på pedagogisk personale i barnehagane dei neste åra, men det er ikkje funne rom for ytterlegare satsing i komande periode.

Vedtekne endringar i barnehagelova, som skal gjelda frå 1. januar 2021, vil medføra større endringar for barnehageområdet.

- Det vert innført eit krav til likebehandling og uavhengigheit av kommunen si oppgåve som barnehagemyndigkeit. Rolla som barnehagemyndigkeit skal sikra at både kommunale og private barnehagar driv verksemda i medhald til krav i lov og forskrifter for området. Fram til nå har barnehagesjef hatt denne rolla i tillegg til eigarrolla.
- Det vert innført ny «mobbelov» i barnehagane for å sikra eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagane skal ha nulltoleranse mot «mobbing» og krenkingar som for eksempel erting, plaging eller gjenteke utestenging frå leik. Alle barnehagane skal etablera system og rutinar for å avdekka og handtera når eit barn ikkje opplever at barnehagen har ei godt og trygt miljø.
- Det vert innført krav om internkontroll med barnehagen si verksemd for å sikra at barnehagen oppfyller krava i barnehagelova med forskrifter. Det må etablerast internkontroll for dei kommunale barnehagane etter barnehageloven §1 og §2, barnehagen sitt formål og innhald. Som barnehagemynde må kommunen gjennomføra rettleiing og tilsyn på dette for både kommunale og private barnehagar.

Barnehagane er aktivt med i felles satsing kring tidleg innsats i Oppvekst spesielt, og Time kommune generelt. I tillegg skal barnehagane dei neste 2,5 åra ha felles fokus på ei lokal satsing «Barns trivsel». Satsinga vil ha tre fokusområde; leik og læring, medverknad og inkludering. Satsinga med etablering av Marte Meo praktikarbarnehagar fortsett i perioden.

Time kommune er ein del av region sør (Sandnes, Jæren og Dalane) i den nasjonale ordninga «Regional ordning for kompetanseutvikling». Staten har lagt opp til ein modell der fylkesmannen, kommunar og universitetssektoren forpliktar seg til eit tettare samarbeid. Regionen får tilført statlege midlar til dette arbeidet. I tillegg ligg det føringar om at kommunane sjølv bidreg med 30 % av kostnaden. Kostnaden for Time kommune vil vera på 100 000 kroner og skal brukast på tiltak i både kommunale og private barnehagar.

Region sør har valt ut to område som ein vil ha fokus på i perioden 2020-2022. Områda er leiing og barnehagebasert kompetanseutvikling.

Time kommune deltek i satsinga «Utviklingstøttande praksis på småbarnsavdelingane». Dette arbeidet er eit samarbeid mellom kommunane Time, Gjesdal, Klepp og Hå og ein har mottatt 1,5 millionar kroner for 2020 og forventar det same beløpet i 2021. Det skal utarbeidast ein felles kunnskapsplattform, som skal utviklast på grunnlag av forsking og barnehagane sine erfaringar frå praksis. PPT i dei ulike kommunane vil vera viktige samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

Også i komande periode vert systematisk arbeid kring spesialpedagogisk hjelp viktig. Talet på barnehagebarn med nedsett funksjonsevne har auka dei siste åra på tross av nedgang i talet på barnehagebarn. Målsettinga er å ligga på nasjonalt nivå. For å nå målsettinga må ein sjå på fleire faktorar. Det er viktig å identifisera drivrar til auken på området. I tillegg ønsker ein å redusera talet på enkeltvedtak, slik at me i større grad gjev støtte til eit meir tilrettelagt barnehagetilbod, for både enkelte barn og barnegrupper. Arbeidet med «Utviklingsstøttande praksis på småbarnsavdelingen» har også som målsetting å redusera behovet for spesialpedagogisk hjelp.

Time kommune vil i komande periode fortsatt jobba med desse problemstillingane saman med dei andre kommunane på Jæren.

## **Undervisning**

Grunnskulen i Time vert driven i medhald av opplæringslova. Innhaldet i skulane vert styrt av Læreplanverket, som består av overordna del, fag- og timefordelinga og læreplanar i fag. Læreplanverket er forskrifter til opplæringsloven.


Det er 2633 elevar i Timeskulane – ein auke på 29 elevar frå i fjor. Nye prognosar viser at veksten etter kvart stopper, og elevtalet vil gå nedover. Ei utfordring er forfatninga til Hognestad skule som det må gjerast omfattande tiltak ved dersom den skal vidareførast. Dette er del av politisk sak om Skulebruksplan 2020-2028.

Vardheia ungdomsskule vil ta imot elevar frå august 2021. Skulen vil det første året starta opp med 8. og 9. klasse med ca. 150 elevar frå Klepp og Time. Den nye ungdomsskulen medfører endringar knytt til kva ungdomsskule elevane skal gå på. Forslag om rettleiande inntaksgrenser er del av rådmannen sitt forslag til Skulebruksplan 2020-2028.

Gjennom eit interkommunalt samarbeid med Klepp kommune får elevar og skular bistand ved spesielle behov gjennom Klepp Tverrfaglige Team. Klepp kommune har nyleg omorganisert denne tenesta, som tidlegare vart kalla Eirik Raude-senteret, og Time vil vurdera behovet for å revidera avtalen framover.

Lærarnorma som vart innført i 2017 på skulenivå medfører at store delar av ressursane må brukast på å innfri lovkravet knytt til dette. Med ein skulestruktur som i Time kommune med fleire mindre skular fordrar det eit større budsjett, og auka kostnader for kommunen for å innfri lovkrav som ligg ut over lærarnorma.

### Utvikling andel elever med vedtak om spesialundervisning



Talet på elevar med vedtak om spesialundervisning i Time kommune har gått frå 9,5 % i skuleåret 2014/2015 til 6,2 % i 2019/2020. Dersom ein inkluderer spesialundervisninga i private skular er denne på 6,4 %. Grafen syner at nedgangen i dei kommunale skulane har vore størst på mellomtrinnet og ungdomstrinnet. Dette er eit resultat av arbeid over fleire år. Målet er å legga til rette for ei tilpassa opplæring som medfører at færre elevar har behov for sakkunnig vurdering og vedtak om spesialundervisning. I dette er det også eit mål å setta inn ressursar tidleg som eit verkemiddel for å unngå aukande behov. At nedgangen for småtrinnet ikkje er like stor er eit uttrykk for at dette vert gjort.

Vidare syner nye tal at gjennomsnittleg timetal per elev som får spesialundervisning har gått ned med 44 årstimer. Time kommune ligg nå på 123,1 årstimar per elev, medan Klepp har 164,9 årstimar og Hå har 151,9 årstimar per elev (tal henta frå KOSTRA).

Som nemnd tidlegare er målsettinga i heile Oppvekst å vri tenkinga frå å vera problemfokusert på individnivå, til å verta systemfokusert og gjelda alle (allmennpedagogisk). Her er tiltaka «Laget rundt læraren og eleven» (LLE) og "Inkluderande barnehage og skulemiljø" (IBS) særskilt viktige. Arbeidet knytt til LLE og deltakinga i IBS er kjenneteikna av djuptgripande prosessar som dreg i same retning. Arbeidet vil strekka seg over fleire år og involverer alle som jobbar i og med skule og barnehage i Time.

Som del av arbeidet med «Laget rundt læraren og eleven» vil ungdomsskulane i Time verta del av forskingsprosjektet «Resilient» som er eit samarbeid med Universitetet i Stavanger, Jærskulen, Sandnesskulen og Stavangerskulen. Det er innvilga 20 millionar kroner til prosjektet i perioden 2019-2022. Forskingsprosjektet er utsett til 2021 grunna situasjonen med Covid-19.

Timeskulen er saman med Jærskulen ein del av region sør (Sandnesskulen, Jærskulen og skulane i Dalane) i den nasjonale ordninga «Desentralisert kompetanseutvikling». Det er i tillegg til desentraliserte midlar sokt om forskingsmidlar som kan vera med på å forsterka og

utvida arbeidet med å utvikla læringsopplegg som baserer seg på problembasert læring til heile skular frå 2022.

Det har vore stor interesse frå forskingsmiljøet knytt til Timeskulen si satsing over tid med bruk av teknologi som verktøy for læring. Dette har ført til eit samarbeid med Universitetet i Stavanger der Time som prosjekteigar saman med Jærskulen har fått innvilga 7 millionar kroner i perioden 2019-2022 til eit innovasjonsprosjekt i offentleg sektor via FINNUT.

Hovudmålet er å utvikla ein forskingsbasert, nettbasert og gratis tilgjengeleg digital didaktisk undervisningsplanleggjar for lærararar (DigUp) i samarbeid mellom Universitetet i Stavanger og praksisfeltet. Det er gjennomført undersøking på alle skulane i Jærskulen der lærarane har svara på ulike spørsmål knytt til eiga planlegging. I 2021 vil det verta jobba med ein prototype som baserer seg på tilbakemeldingane som lærarane har gjeve.

Den nye læreplanen LK 20 trådde i kraft for 1.-9. trinn august 2020. Frå 2021 vil den også omfatta 10.trinn. Arbeidet omhandlar både ei utvikling av undervisninga og praksis i tråd med nye føringar. Dette vil ta stor del av tida til utviklingsarbeidet på skulane komande år.

Innføring av ny læreplan fører og til at alle skulane må endra bruk av læremiddel. Det gjer særleg utslag i auka kostnader knytt til bruksrett for digitale læreverk og læremidilar. Det vert derfor foreslått ei auke til digitale læremiddel på 250 000 kroner i 2021, som aukast gradvis til 500 000 kroner i perioden.

## **Barnevern**

Tenesta er delt i tre avdelingar:

### *Mottak-, undersøking og oppfølging – MUO:*

- Gjennomgår og vurderer bekymringsmeldingar og gjennomfører undersøkingar
- Er kontaktperson for familien etter undersøking, har koordineringsansvar, sett i verk og evaluerer tiltak, fører saker i rettsvesenet.

### *Omsorgsavdelinga har ansvar for alle barn plasserte utanfor heimen,*

- Omhandlar plassering i institusjonar, fosterheim, beredskapsheim, hybel med tilsyn inklusive ettervern

### *Interkommunal tiltaksavdeling – ITA*

- Familierettleiing inn i familiar i Time, Klepp og Hå der barna bur heime hos føresette. Tiltaksavdelinga vert evaluert hausten 2020.

Barnevernlova vart i revidert utgåve i 2017 ei rettigheitslov. Barnet har rett til nødvendige barnevernstiltak. Samtidig er lova tydeleg på barnet sin rett til medverknad og tenesta sin plikt til å samarbeida med barn og foreldre.

1. januar 2022 trer ny barnevernsreform i kraft. Rådmannen vil legga fram ei sak for Utval for Levekår i 2021 der konsekvensane for kommunen av denne reforma kjem fram.

Etablering av ungdomsteam, omtala under *felles tiltak* på side 22, vert knytt til barnevernet, og vil verta styrka med heimlar som er knytt til satsinga. Etableringa vil samanfalla med innføring av barnevernsreforma, og kommunen vil sjå meir utvida på satsinga og omtale endringane som ein oppvekstrefrom.

## **Helsestasjon- og skulehelsetenesta**

Helsestasjon, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom er lovpålagte tenester, jamfør helse og omsorgsteneste lova §3-2,fyrste ledd nr 1, §3-1.Tenestene er sentrale i det kommunale folkehelsearbeidet, og er dei einaste primærhelsetenestene som har ein helsefremmande og førebyggande formålsparagraf. I tillegg har kommunen etablert Familiesenteret, som er eit lågterskeltilbod der familien kan få støtte og hjelp til å takla utfordringane i kvardagen.

I følgje SSB er ca. 98 % av alle barn i Norge i kontakt med helsestasjonen første leveåret og regelmessig fram til skulestart. Det første leveåret i barnets liv er helsestasjonen for dei aller fleste den einaste offentlege instans som regelmessig møter barnet og familien.

Tilboden i helsestasjon 0-5 år handlar om helseundersøkingar og rettleiing med oppfølging/tilvising ut i frå behov, opplysningsarbeid, rettleiing individuelt og i grupper og heimebesøk/oppsøkande verksemd. Dei siste åra har det vore satsa på å gje alle helsesjukepleiarar og jordmødrer vidareutdanning i Newborn behavioral observation, NBO, for å gje foreldra auka meistringsfølelse og tolka signala til sitt eget spedbarn. Noko som er i tråd med kommunen si satsing på tidleg innsats.

Time kommune har i dei tre siste åra fått tilskot frå Helsedirektoratet til å auka ressursane for jordmor og helsesjukepleiar i skulehelsetenesta. Tilskotet har ført til auka tilbod om heimebesøk av jordmor til nyfødde innan tre døgn etter utskriving frå sjukehuset. Tiltaka er vidareførte med forventning om statleg finansiering.

Tilskotet har også vore nytta til å gjennomføra satsinga «Laget rundt læraren og eleven», der helsesjukepleiar er ein nøkkelperson på skulen. Frå 2020 vert satsinga styrka med 0,5 årsverk. I tillegg vert tenesta styrka med ei fireårig prosjektstilling som vert finansiert av statlege folkehelsemidlar som vart innvilga våren 2019.

Time, saman med Stavanger og Sandnes, har sidan 2016 vore pilotområde for regjeringa si utprøving av tiltaket Familie for første gang (NFP). Tiltaket er eit sentralt tidleg-innsats-tiltak i tråd med kommunen sine eigne planar og regjeringa sine planar mot barnefattigdom og plan mot vold i nære relasjonar. Det er i statsbudsjettet føreslått utviding og forlenging av dette tiltaket. BUFDIR tilrar verksemfordering til kommunane som deltek. Time kommune stiller seg positiv til å drøfta ei slik overføring under føresetnad om statleg finansiering.

## **Kulturskulen**

Kulturskuletilboden i Time tilbyr undervisning for barn og ungdom til og med ut vidaregåande skulealder. Kulturskulen fungerer som eit lokalt ressurscenter for musikk-, kunst- og kulturfag. Skulen har tilbod innan fem fagretningar og vil halda fram med undervisning på ulike nivå innan breidde- kjerne- og fordjupingsprogram. Nasjonal rammeplan «[Mangfold og fordypning](#)» ligg til grunn for drift og utvikling.

Time kulturskulen deltek i to prosjekt knytt til Norsk kulturskoleråd sentralt: «Veiledningsprogram i kulturskuleutvikling» (januar 2019-desember 2020) og i NORDEA-prosjektet «Produksjon på 1-2-3» (januar 2020-desember 2021).

Kulturskulen har 642 elevplassar ved skulestart hausten 2020. Dansetilbodet har auka vesentleg. Ventelista for ønska elevplass hausten 2020 er på 278 ikkje innvilga søknader fordelt på alle fagtilbod.

Kulturskulen har dei siste åra hatt stor auke av søknader frå elevar med særlege behov og elevar med framandspråkleg bakgrunn. Det er til ein viss grad tildelt prioriterte plassar, men mange står framleis på venteliste. Kulturskulen ser dette som eit direkte resultat av samarbeid med skulane og med kommunen sin koordinator for «Alle med»-prosjektet.

Bryne skule og kulturskulen har eit tett og godt sambruk, men det eksisterer likevel utfordringar knytt til lokaliseringa. Begge skuleslaga har auke i bruk av rom og har også ulike behov for innreiing av undervisnings- og spesialrom. Det er i økonomiplanperioden ikkje lagt opp til noko vidare utgreiing knytt til Nye Storstova eller nye lokale til Time kulturskule.

### **Bryne kompetansesenter**

Opplæringa ved Bryne kompetansesenter (BKS) er delt inn i to område:

- Grunnskuleopplæring for vaksne (FVO) inkludert spesialundervisning etter opplæringslova
- Norsk og samfunnuskunnskap for vaksne innvandrarar etter introduksjonslova

Time kommune har vertskommuneavtalar om Norsk og samfunnuskunnskap for vaksne innvandrarar og Grunnskuleopplæring for vaksne med Klepp og Hå kommune.

Bryne kompetansesenter overtok verksemda frå Hå opplæringssenter hausten 2020. Overføringa fører til fleire elevar knytt til norsk og samfunnsfag frå Hå kommune. Samtidig vart BKS styrka med tre lærarstillingar som vart overførte frå Hå kommune.

Reduksjon i talet på flyktninger i alle jærkommunane fører til mindre behov. Statstilskotet vert redusert, refusjonen frå Klepp og Hå vert redusert og tenestetilbodet på BKS må tilpassast nye føresetnader i perioden. Det har vore gjennomført reduksjon i bemanning i fleire omgangar dei siste åra grunna denne reduksjonen.

Det må føretas ei samla vurdering av tilbodet som skal gjevest, bemanninga og finansieringsmodellen for betaling frå våre nabokommunar. Dagens ordning fungerer slik at det er Time kommune som sit med all risiko for finansieringa når elevtalet går ned. Det er utfordrande å justera bemanninga etter så raske endringar som det har vore i dei siste åra.

Bryne kompetansesenter er ein del av eit nasjonalt forsøksprosjekt og har fått tilskot i eit treårig prosjekt for å testa ut ei modulstrukturert opplæring for vaksne kalla «Forberedande vaksenopplæring» (FVO) på grunnskulenivå. Formålet er å legga tilbodet til rette på ein meir fleksibel måte slik at deltakarane kan koma raskare gjennom grunnskulen. Fleksibiliteten inneber at deltakarane kan ta grunnskule samtidig som dei lærer seg norsk etter introduksjonslova. I tillegg skal forsøket gjere vaksne utan formell utdanning meir rusta til å koma seg inn i vidaregåande opplæring eller arbeid. Eit nasjonalt mål er at denne gruppa skal få ein meir varig tilknyting til arbeidslivet. Forsøket er utvida med tre år, gjeldane frå og med hausten 2020.

I 2021 skal flyktningtenestene i Klepp og Time slås saman. Ny felles teneste skal lokaliserast med Bryne kompetansesenter, og vidare prosess skal føra fram mot ei samorganisering av

tenestene. Samorganiseringa vil òg gjera det naturleg at flyktningetenesta vert overført til tenesteområdet Oppvekst.

### Pedagogisk-psykologisk teneste

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) er eit støtte- og hjelpeapparat som greier ut spesielle behov hos barn, unge og vaksne. PPT skal gjennom systemretta arbeid rettleia skular og barnehagar i tilpassing av ordinært tilbod, og gjev råd om både allmennpedagogiske og spesialpedagogiske opplæringstiltak.

Time kommune har over tid arbeidd med å endra praksis i tråd med anbefalingane gjevne i rapporten «[Inkluderende fellesskap for barn og unge](#)». Målet er å få ned talet på barn med spesialpedagogisk hjelp gjennom å løysa fleire behov gjennom allmennpedagogiske tiltak i barnehagar og skular.

PP-tenesta har ei viktig rolle i innovasjonsprosjekta «Inkulderande barnehage og skolemiljø» og «Laget rundt læraren og eleven» (jf. kap. 5.1.1). Tenesta er styrka med ei fireårig prosjektstilling knytt til «Laget rundt læraren og eleven» som vert finansiert av statlege folkehelsemidlar.

#### 5.1.2 Mål for langtidsperioden

«Strategiplan oppvekst 2016–2022» er grunnlaget for satsinga i komande periode. Dei fem hovudpunkta gjev ei klar retning for val og prioritering av tiltak i dei ulike einingane. Strategiplanen skal reviderast i første del av økonomiplanperioden.

Hovudpunkt i Strategiplan 2016-2022	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Det er handlingsrom til å nytta kapasitet i eksisterande bygg på ein effektiv måte.
Fleirkulturelt samfunn	Skule og barnehage må konkretisera korleis dei skal arbeida systematisk med språkopplæring.
Tidleg innsats	Ha system og rutinar for å identifisera behov og setta i gang tiltak ( <a href="#">Folkehelse</a> ). Ha system og rutinar som sikrar tverrfagleg samarbeid ( <a href="#">Folkehelse</a> ). Oppretta avdeling med alternativ tilpassa opplæring (ATO) for barn med store hjelpebehov i grunnskulen. Einingane vektlegg universelle tiltak som skal føra til ein reduksjon av barn med spesialpedagogiske vedtak med 35 % ( <a href="#">Folkehelse</a> ).
Oppvekst i informasjonssamfunnet	Utvikla barn og unge som har eit reflektert forhold til bruk av digitale media (nettnett) ( <a href="#">Folkehelse</a> ).
Organisasjon og leiing	Alle einingane i Oppvekst brukar BLT metodikken for å utvikla innovasjonskultur. Tilby og legga til rette for at verksemdleiarar kan ta leiarutdanning. 80 % av dei tilsette i Oppvekst har relevant utdanning.

### 5.1.3 Tiltak i 2021

Det vil i 2021 vera to område i Strategiplan oppvekst 2016-2022 som vil ha fokus og verta prioriterte. Desse er "Tidleg innsats" og "Organisasjon og leiing". Det skal også gjennomførast ein revisjon av Strategiplanen som skal ferdigstillast innan utgangen av året.

#### Felles tiltak i Oppvekst

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak	Samarbeid mellom:
Tidleg innsats	<p>Forankra og ta i bruk verktøya BTI (Betre tverrfagleg innsats) og Stafettloggen i organisasjonen (<a href="#">Folkehelse</a>).</p> <p>Delta i pulje fire og fem i den statlege satsinga med fokus på inkluderande barnehage og skolemiljø (IBS) (<a href="#">Folkehelse</a>).</p> <p>Følga opp prosjektet «Laget rundt læraren og eleven» i samarbeid med helsestasjonen og PPT på alle skulane (<a href="#">Folkehelse</a>).</p> <p>Utarbeiding av ny overordna språkplan for barnehage og skule.</p> <p>PPT skal saman med fagstab testa ut nye tiltak for å få ned delen av barn med spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og skulane (<a href="#">Folkehelse</a>).</p>	<p>Fagstab Oppvekst</p> <p>Skule, bhg, PPT</p> <p>Skule, PPT, skulehelse- teneste</p> <p>PPT, bhg, skule</p> <p>PPT, fagstab</p>
Organisasjon og leiing	Revidering av Strategiplan for oppvekst.	Oppvekst

#### Barnehagar

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Tilpassa tal på barnehageplassar ut frå søkerar.
Fleirkulturelt samfunn	Barnehagane skal konkretisera korleis dei skal arbeida systematisk med språkopplæring til fleirspråklege barn.
Tidleg innsats	<p>Satsing i alle barnehagar knytt til tema; leik og inkluderande barnehagemiljø (Del av hovudfokus 2019-22 «Barns trivsel») (<a href="#">Folkehelse</a>).</p> <p>To nye barnehagar skal verta Marte Meo praktikar barnehagar.</p> <p>Starta opp arbeidet med satsinga «Småbarnsavdelingar av høg kvalitet» (<a href="#">Folkehelse</a>).</p> <p>Barnehagane Lyefjell, Monsanut, Vestly Idrettsbarnehage, Maurtuå og Jærbarnehagen (privat) startar opp i prosjektet «Inkluderande barnehage og skolemiljø» (<a href="#">Folkehelse</a>).</p>
Oppvekst i informasjons-samfunnet	<p>To barnehagar skal delta i eit profesjonsfaglig utviklingsprosjekt (PUST) kring temaet "Teknologi i barnehagen".</p> <p>Planlegga for overgang til digitale barnemapper i 2021 med implementering i 2022.</p>
Organisasjon og leiing	Alle styrarar skal delta i den regionale kompetansestrategien «Leiing i alle ledd», som er ein del av satsinga i kompetanseplanen for Region Rogaland Sør (ReKom).

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
	<p>Sertifisera og testa ut bruk av Class i barnehagane.</p> <p>Time, Gjesdal, Hå og Klepp vil sertifisera seg innan Class slik at ein kan nytta eit felles verktøy om ein skal gå på tilsyn på tvers av kommunane.</p>

## Undervisning

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Ha minimum 20 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet» jamfør Kompetanseplan skule.
Tidleg innsats	<p>Ungdomsskulane skal starta opp og delta i prosjektet «Resilient» i samarbeid med Universitetet i Stavanger (<a href="#">Folkehelse</a>).</p> <p>Skulane skal gjennom prosjektet "Laget rundt læraren og eleven" og deltakinga i inkluderande skolemiljø (IBS) testa og jobba med tiltak i prosjektplana (<a href="#">Folkehelse</a>).</p> <p>Utarbeida ny overordna språkplan for barnehage og skule.</p>
Oppvekst i informasjons-samfunnet	<p>Utvalde lærarar på skulane i Time skal vera del av innovasjonsprosjektet «DigUp» i samarbeid med Universitetet i Stavanger.</p> <p>Ta i bruk løysing for digitale elevmapper.</p> <p>Operasjonalisera mål i strategi for pedagogisk bruk av læringsteknologi.</p>
Organisasjon og leiing	<p>Alle skulane testar BLT-metodikken på eit av sine utviklingsområde.</p> <p>Rektorane på alle skulane har teke vidareutdanning i elev- og arbeidsrett.</p>

## PPT, Barnevern, Time kulturskule, Bryne Kompetancesenter (BKS,) Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter (HSF)

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	BKS fortsett å justera drifta ut frå aktivitet. Samorganisering av BKS og flyktingtenesta.
Fleirkulturelt samfunn	Ha ekstra fokus på elevplassar til søkerar frå familar med framandkulturelt opphav i kulturskulen.
Tidleg innsats	PPT skal arbeida meir på systemnivå og ute i organisasjonane ( <a href="#">Folkehelse</a> ). Kompetansen til helsejukepleiar skal nyttaast meir på systemnivå for alle elevane ( <a href="#">Folkehelse</a> ).
Oppvekst i informasjons-samfunnet	Kulturskulen nyttar aktivt digitale informasjonsplattformar og utviklar opplegg for digital undervisning.
Organisasjon og leiing	<p>Leiinga ved kulturskulen nyttar verktøy frå leiarutdanninga LAP 1 (leiing av prosessar) i den daglege drifta.</p> <p>Gjennomgang av finansieringsmodellen for BKS med sikte på større risikodeling med samarbeidskommunane Hå og Klepp.</p>

## 5.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Oppvekst	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan				Endring 2020-2021
			2021	2022	2023	2024	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon	8 379	7 865	8 008	8 178	8 178	8 178	1,8 %
Pedagogisk psykologisk teneste	7 514	7 961	7 381	7 279	7 238	7 238	-7,3 %
Barnehagar	179 744	178 370	171 204	169 444	170 244	171 044	-4,0 %
Undervisning	229 518	242 415	239 231	238 553	237 794	236 794	-1,3 %
Vaksenopplæring	4 720	2 294	3 039	3 039	3 039	3 039	32,5 %
Kulturskule	6 475	6 756	6 490	6 490	6 490	6 490	-3,9 %
Helsestasjons- og skulehelseteneste	14 117	14 841	14 705	14 252	14 199	14 199	-0,9 %
Førebyggjande arbeid ungdom	322	654	1 516	1 801	2 131	2 131	131,8 %
Barnevern	34 138	35 019	34 980	34 980	34 980	34 980	-0,1 %
Tenester utanfor ord. kommunalt ansvar	0	0	0	0	0	0	
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>484 927</b>	<b>496 175</b>	<b>486 554</b>	<b>484 016</b>	<b>484 293</b>	<b>484 093</b>	<b>-1,9 %</b>

Tabellen syner reduksjonar frå 2020 til 2021 på fleire område:

- Reduksjon for PPT skuldast slutføring av 2-årig kommunal prosjektstilling knytt til laget rundt læraren og eleven.
- Barnehagar vert redusert på grunn av nedgang i barnetal og redusert pensjonstilskot til private barnehagar.
- Nedgang for undervisning skuldast endring i pensjonssatsane og kompensasjon for feil i budsjettet for lærlingar.
- Auken på vaksenopplæring skuldast færre elevar og redusert tilskot frå dei andre kommunane.

I tillegg aukar innsatsen for førebyggjande arbeid ungdom, knytt til etablering av ungdomsteam. Området skal tilførast 1,3 årsverk, der 0,3 årsverk er omdisponert frå Helsestasjon og 1,0 årsverk er delfinansiert av prosjektmidlar fram mot 2023.

## 5.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

### Auka utgifter og reduserte inntekter

- 0,6 årsverk nye lærarar frå hausten 2021 på grunn av forventa elevtalsvekst
- Auke til dekning av kostnader knytt til inntektsgrenser for SFO på 1. og 2. trinn, 0,25 millionar kroner gjennom heile perioden
- Auka budsjett for lærlingar 1 million kroner
- Finansiering av vidareutdanning av lærarar, 0,1 millionar kroner i 2021, med gradvis auke til 0,25 millionar kroner dei to siste åra i perioden
- Finansiering av lisensutgifter til programvare på systemnivå, 0,47 millionar kroner i 2021, med auke til 0,83 millionar kroner frå 2022
- Finansiering av driftsmidlar til læremiddel med innføring av ny læreplan, 0,25 millionar kroner i 2021, med gradvis auke til 0,5 millionar kroner dei to siste åra i perioden
- Auka satsing på tidleg innsats knytt til 1.-4.trinn, 0,7 millionar kroner i 2022 med auke til 0,9 millionar kroner dei to siste åra i perioden
- 3 årsverk til Bryne kompetansesenter etter verksemndovertaking frå Hå opplæringssenter, heilårsverknad frå 2021
- Vardheia skule startar opp frå hausten 2021
- Refusjon frå Klepp og Hå i vaksenopplæringa vert redusert når elevatalet går ned

## Reduserte utgifter og auka inntekter

- Reduksjon grunna nedgang i barnetal i kommunale barnehagar, 1,5 millionar kroner i 2021, til 3,6 millionar kroner frå 2022 (årseffekt)
- Reduksjon grunna nedgang i barnetal i private barnehagar, 3,7 millionar kroner i perioden
- Nedlegging Hognestad skule, 1,8 millionar kroner i 2022, til 4,0 millionar kroner frå 2023 (årseffekt)
- Auka refusjon frå Hå kommune etter verksemsovertaking frå Hå opplæringssenter, 2,7 millionar kroner
- Reduksjon med ein prosjektstilling i PPT frå 2021


### 5.1.6 Oversikt over personalressursar

Oppvekst	31.12.2020	Nye	Redusert	31.12.2021
Administrasjon	7,1			7,1
Pedagogisk psykologisk teneste	8,9			8,9
Barnehagar	161,4			161,4
Undervisning*	308,3	2,6	-0,3	310,6
Vaksenopplæring	20,5			20,5
Kulturskule	11,8			11,8
Helsestasjons- og skulehelseteneste	20,4			20,4
Førebyggjande arbeid ungdom	2,3			2,3
Barnevern	22,3			22,3
<b>Årsverk i alt</b>	<b>563,0</b>	<b>2,6</b>	<b>-0,3</b>	<b>565,3</b>

\*Det er oppretta 2 årsverk for leiarar ved oppstart av Vardheia ungdomsskule. Oppretting av årsverk for elevar frå Klepp kjem i eiga sak når det er klart kor mange elevar som skal gå på der.

## 5.2 Omsorg

Tenesteområdet omfattar administrasjon, institusjonsteneste, heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse- og rusarbeid, aktivitets- og servicetenester og samhandling. Time kommune har hatt ein høgare kostnad på omsorgstenester samanlikna med dei andre i KOSTRA-gruppe 8. Dette har Omsorg hatt fokus på, og har dei to siste åra redusert kommunen sine kostnader. Dette arbeidet fortset i planperioden. Framskrivinga viser at det vert eit auka behov for omsorgstenester. For å få ein berekraftig økonomi vil rådmannen sikra ein så låg vekst som råd, med å styrka dei lågare trinna i omsorgstrappa, og at nye tiltak vert rigga på ein driftseffektiv måte. Målet er å levera gode tenester av god kvalitet til ein lågare kostnad. Fagleg trygge medarbeidarar og leiarar er viktig i dette arbeidet, samt ein open og tett dialog med brukarar og pårørande.




Som tabellen over viser, vil Time kommune stå overfor ei gradvis auke i behovet for pleie- og omsorgstenester hos innbyggjarar i alle aldrar. Veksten i innbyggjarar over 67 år vil liggja på 49,5 % fram til 2030. Størst auke er det for dei over 90 år som aukar med 84,8 %.

For at kommunen skal ivareta innbyggjarane sine behov frå 2020 og fram mot 2040 er kommunen avhengig av å planlegga og dimensjonera helse-, pleie- og omsorgstenestene. Ein del av det arbeidet er ein nyleg utarbeidd og vedteken *Bustadplan 2020-2040*. Planen viser framtidige behov og driftsutgifter som vert viktige å følga opp. Rådmannen viser til bustadplanen for meir utfyllande informasjon om tiltaka.

Omsorg vil i planperioden styrka tilbodet på dei lågaste trinna i omsorgstrappa slik at kommunen gjev tenestene etter Beste Effektive Omsorgs Nivå (omsorgstrappa). Dette vil rådmannen gjera med blant anna å styrka dagsentertenesta for innbyggjarar med

demenssjukdom og innbyggjarar med funksjonsnedsetting, velferdsteknologi, auka talet på omsorgsbustader, styrka frivillig arbeid og eldreressursen.

### *Omsorgstrappa*



#### **5.2.1 Status og utfordringar**

I 2018 starta Omsorg arbeidet med å redusera utgiftene med bakgrunn i drifts- og ressursanalysen frå Agenda Kaupang. Den største gevinsten låg i å redusera behovet for institusjonsplassar, samt kostnad per plass. Dette vert gjort med å styrka dei lågare trinna i omsorgstrappa og arbeida meir på tvers av avdelingane. Målet i planperioden er å redusera den totale kostnaden for omsorgstenester utan at det går for mykje ut over kvaliteten.

Tabellen viser at fokuset på å auka stillingsprosentane går i positiv retning, men seinare enn ønska. Omsorg vil i heile planperioden arbeida med å auka heiltid, redusera sjukefråvær og styrka kompetansen på tilsette og leiarar.

Covid-19 pandemien har gjeve tenesteområdet økonomiske og administrative utfordringar. Nokre av tiltaka vedtekne i Timeplan 2020-2023 er forsinka eller utsette til 2021.

Kriteria for refusjonar knytt til ressurskrevjande tenester vart endra slik at Time kommune fekk ein reduksjon på 3,5 millionar kroner i refusjon enn det som var budsjettert. Dette er lagt inn i budsjettet for planperioden.

Omsorg har fått eit godt styringsverktøy i Bustadplan 2020-2040. Planen vil verta følgt opp i budsjettplanarbeidet. På grunn av den økonomiske situasjonen vil rådmannen utsetta to av tiltaka. Rådmannen ser at talet på flyktningar ikkje aukar så fort som først forventa, derfor utset rådmannen å tilsetta ein miljøvaktmeister til 2022. Det planlagde årsverket for å opna dagsenter for personar med demens på Bryneheimen vil få halvårsverknad i 2021. Omsorg kan likevel opna for to-tre personar nokre dagar i veka frå januar 2021, då behovet for denne tenesta er aukande.

I planperioden vil ein sjå på moglege samdriftsfordelar i heile Omsorg.

### **Administrasjon og tenestekontor**

Tenesta består av kommunalsjef Omsorg, to rådgjevarar, kommunepsykolog og Teneste- og samordningskontoret.

Teneste- og samordningskontoret vart etablert våren 2019. Verksemda behandlar søknadar, kartlegg og skriv enkeltvedtak for alle tenestane i omsorg. Rådmannen sine erfaringar med Teneste- og samordningskontoret er gode. Innbyggjarane har fått ein veg inn til omsorgstenestene i kommunen, kompetansen er auka og ein sikrar likebehandling. Verksemda samarbeider tett med dei andre verksemndene i Omsorg.

I ADU 010/20 vart det vedteke at velferdssenter, frivilligsentralen og Sivdammen catering vert organisert i verksemda Teneste- og samordningskontoret. Samtidig skal dei tre avdelingane samorganiserast. Målet er å styrka dei lågaste trinna i omsorgstrappa, frivilligarbeidet og eldreressursen.

Mange eldre har vorte hardt ramma med avgrensingar på sosialt fellesskap, aktivitetar og stengte møteplassar under koronapandemien, både heimebuande og dei som bur på institusjon. Time kommune har etter søknad fått tildelt eit tilskot for raskt å legga til rette for meir aktivitet for desse målgruppene i den pågåande koronasituasjonen. Hovuddelen av tilskotet på 1,2 millionar kroner går til eit årsverk som skal sikra aktivitetstilbod til dei som har langtidsplass på institusjon.

Dei siste åra har det vore ei auke i behovet for private avlastarar, fritidskontaktar og omsorgsstønad. Dette er viktige tiltak for å avlasta pårørande. Rådmannen vel derfor å legga inn ei auke i budsjettet.

### **Institusjonstenester**


Tenesta har 94 sengeplassar (8 av plassane er for ektepar/sambuarar), dagsenter for personar med demenssjukdom og kreft- og demenskoordinator. Frå 01.01.2021 vert 15 korttidsplassar overførte til tenestegruppe heimeteneste.

I KS 085/19 Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vart det vedteke å legga ned fem institusjonsplassar i korttidsavdelinga Sivdamheimen 2. etasje. Rådmannen har vurdert at det truleg er behov for å opna dei nedlagte institusjonsplassane i 2024.

Time kommune har inngått ein gjensidig vertskommuneavtale med Klepp kommune om matproduksjon og ernæring. Fleire kjøkken må byggast om og leggast til rette for produksjonskjøkkenmodellen. Avtalen reduserer utgiftene til middagsproduksjon og transport. Reduksjonen dekker det auka behovet for bemanning for tilrettelegging og oppvarming av middagsmåltidet. Avtalen trer i kraft 1. juni 2021.

Omsorg arbeider med å få ned kostnadene per institusjonsplass. Dette arbeidet er godt i gang og vil forsetta inn i planperioden. Rådmannen vil påpeika at dess lågare dekningsgrad kommunen har, vil andelen av dei med store helseutfordringar auka, og kostnad per institusjonsplass vil på sikt stiga.

### Korrigerte brutto driftsutgifter per institusjonsplass, 1000kr.




Denne tabellen viser driftsutgifter per institusjonsplass inkludert barne- og avlastingsbustad. Tenesta barne- og avlastingsbustad hadde eit auka behov frå 2018 til 2019 som gav ein meirkostnad på om lag 4 millionar kroner. Dermed syner det ikkje at kostnaden per sjukeheimsplace har gått ned.

Det er eit aukande behov i tenesta dagsenter for heimebuande med demenssjukdom. Rådmannen vil opna dagsenterplassar på Bryneheimen i løpet av 2021. Det vil gje meir avlasting for pårørande og kan utsetta behovet for institusjonsplass.

### Heimetenester og korttid/rehabilitering

Tenesta omfattar heimesjukepleie, kvardagsrehabilitering, lærlingar, praktisk bistand/heimehjelp, dagsenter for eldre og omsorgsbustad. Frå 01.01.2021 er Sivdamheimen 2. etasje med 15 sengeplasser korttid/rehabiliterings- og lindrande senger planlagt inn i denne verksemda. Dette er eit tiltak som følgje av drifts- og ressursanalysen. Målet er å redusera talet på liggedøgn, og styrka rehabiliteringa i heimen.

### Prosent innbyggjarar 80 år og over som brukar heimetenester i 2019



Det er ei gradvis auke av behov for heimesjukepleie, praktisk hjelp og omsorgsbustad. Årsaka er auke i talet på eldre og eit auka behov for tenester for innbyggjarar i alle alder med kroniske sjukdommar.

For å redusera framtidig behov vil ein i planperioden ha fokus på rehabilitering, ernæring og auka kompetanse hos innbyggjarane slik at dei sjølv kan ta grep for å sikra ein god alderdom. Omsorg arrangerer årleg eit seminar for pensjonistar med tema «Korleis kan ein sjølv ta grep for å leva eit godt liv?» Omsorg har inngått ein intensjonsavtale med fylkeskommunen saman med Klepp, Gjesdal og Bjerkreim om «Mat til eldre heimebuande».

Time kommune har behov for fleire omsorgsbustader for eldre. Rådmannen vil bygga om Vestbygget ved sida av Bryneheimen til bustader for eldre innbyggjarar med psykiske vanskar og/eller rusutfordringar. Dette vil redusera framtidige behov for institusjonsplassar, og gje eit betre tilbod til denne målgruppa.

### **Miljøtenester**

Tenesta består av døgnbemanna omsorgsbustader, treningskontakt og privat avlasting, brukarstyrt personlig assistanse (BPA), barnebustad, avlasting, tilrettelagt aktivitetstilbod, eksterne institusjonsplassar og butilbod.

I Time kommune som i resten av landet har det over år vore ei auke i talet på brukarar som har behov for heildøgntenester i eit livsløpsperspektiv. Dette skuldast blant anna utviklinga i helse- og behandlingstilbodet. Time kommune har fleire barn/ungdommar som vil få behov for bustad med bemanning dei nærmaste åra. Det er auka behov for bustader for barn med store hjelpebehov og eit auka behov for avlasting.

Kvernaland avlastning- og barnebustad er eit bygg som vert brukt til avlasting, tilrettelagt tilbod før og etter skuletid (TAT) og barnebustad. I 2019 fekk kommunen ansvar for to barn som bur fast i barnebustaden. Dermed kan kommunen berre gje tilbod om døgnavllasting for fire barn/unge om gongen. Det er i dag 21 barn som bruker dette tilboden. For familiar med særleg tyngande omsorgsarbeid er det eit aukande behov for fleire avlastningsdøgn slik at familien er i stand til å handtera kvardagen og kan ha barna sine buande heime lengst mogleg.

Rådmannen vurderer at det må byggast barnebustad med fire einingar i tilknyting til avlastinga. Kommunen kan nesten dobla avlastningstilboden ved å ta i bruk lokala som i dag vert brukte til barnebustad, samtidig som samdriftsfordelane vert oppretthaldne. Barnebustadene bør byggast slik at dei kan nyttast av andre brukargrupper dersom behovet skulle endra seg.

Nytt foreldreinitiativ etter modell av Foren burettslag er under utgreiing. Fleire pårørande har meldt interesse for eit slikt tilbod. Rådmannen foreslår at det vert bygd eit bufellesskap etter denne modellen på Svertingstad. KS 20/073 Bustadplan 2020-2040 syner at nye bufellesskap ikkje skal vera mindre enn seks bueiningar for å sikra ei berekraftig drift.

## **Psykisk helse og rusarbeid**

Tenesta består av døgnbemanna bufellesskap og Meistringssenteret. I tillegg inngår utgifter til ACT-teamet ved Jæren distriktspsykiatrisk senter, kjøp av midlertidige bustader og tilskot til private lag og foreiningar.

Time kommune har dei siste åra styrka tenestene innan psykisk helse og rusarbeid. Eit av satsingsområda er ettervern. Det er etablert samarbeid med IO-teamet (inntaks- og oppstartsteam i spesialisthelsetenesta) som gjer at avdelinga får direkte førespurnader frå nye brukarar som kommunen ikkje allereie gjev tenester til, eller innbyggjarar med psykisk helse og/ eller rusutfordringar som flytter til Time kommune. Dei som kjem frå behandling eller fengselsopphald vert følgde opp i heimen, alt etter buevne. Dei får hjelp til aktivitet, flytteprosessar og samarbeid med NAV om økonomi og gjeld. Dei tilsette i ettervernsprosjektet følger tett opp, og sikrar kritiske overgangar gjennom relasjonsbygging og planlegging før utskriving.

Målet i planperioden er å vidareutvikla ettervernsarbeidet, auka gruppetilbodet og sikra eit tilgjengeleg og fleksibelt tenestetilbod i tråd med omsorgstrappa.

Kommunen kjøper i dag fleire eksterne heildøgntenester for personar med alvorleg psykiske lidingar. Det er ei auke i talet på personar med langvarige innleggingsar i spesialisthelsetenesta som slit med å bu i eigen bustad. Kommunen har fire delvis bemanna omsorgsbustader for menneske med alvorleg psykisk liding. Det er svært lite samanlikna med andre kommunar og dekker ikkje dagens og framtidas behov. I tråd med bustadplanen foreslår rådmannen å utvida Kolheia med fire bueiningar. Dette kan redusera kostnadene på kjøp av tenester.

Det er fleire personar med omfattande psykisk helse- og rusutfordringar i Time som har utfordringar med åferd og låg buevne. For denne brukargruppa er det behov for robuste små bustader som ligg utanfor eit ordinært bustadområde, men likevel sentrumsnært i forhold til offentleg kommunikasjon, helse- og servicetenester. Time kommune har kjøpt ei tomt på Re til dette formålet. Rådmannen har planlagt å bygga tre bustader i planperioden.

Time kommune gjev økonomisk tilskot til private lag og foreiningar som yter tenester til innbyggjarane. Det er eit supplement til det kommunale tenestetilbodet. Kommunen har fått fleire søknader som rådmannen ikkje har prioritert i budsjettet. Time kommune har styrka tenesta innan psykisk helse og rusarbeid. Rådmannen vurderer derfor at kommunen ikkje støttar Crux oppfølgingssenter i planperioden, då det er ein stor nedgang i talet på personar frå Time kommune som nyttar seg av tilbodet. Dette vil gje ei årleg innsparing på cirka 60 000 kroner.

«Ny start Jæren» er eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med støtte frå helsedirektoratet med kommunane Klepp, Hå, Gjesdal og Time. Målet i prosjektet er å hindra tilbakefall til rusmisbruk og bidra til at fleire meistrar livet utan rusmidlar og kriminalitet. Frå 2021 er det krevd ein eigenandel frå Time kommune på 450 000 kroner. Rådmannen finn ikkje rom for dette tiltaket i årets budsjett.

## Aktivitet og servicesenter

Tenesta består av kultur og fritidstilbod for eldre, frivilligsentral, Sivdammen catering, kommunalt vaskeri, sysselsettingstiltak, lågterskel dagtilbod psykisk helse- og rustenester.

Grunna auka tenestebehov og krav til bruk av arbeidsuniform har det vore ei auke i behovet for vaskeritenester. Det er lagt inn eit halvt årsverk for å dekka det faktiske behovet. I tidlegare budsjettforslag har rådmannen lagt inn behov for nytt vaskeri.

Rådmannen anbefaler at vaskeriet vert bygd om for å sikra framtidas behov og imøtekoma dagens HMS-krav og standard. Vaskeriet må stengast i ombyggingsperioden, og det må pårekna ein ekstra kostnad i byggeperioden.

## Samhandling

Jæren øyeblikkelig hjelp (JØH) er eit godt tilbod og alternativ for sjukehusinnlegging for innbyggjarane med ein kjent kronisk diagnose som forvorrar seg. Målet er å nytta flest mogeleg av liggedøgna kommunen disponerer.

### 5.2.2 Mål for langtidsperioden

- Redusera kostnader på omsorgstenestene per innbyggjar
- Redusera framtidige behov for omsorgstenester
- Styrka dei lågare trinna i omsorgstrappa ([Folkehelse](#))
- Styrka frivilleig arbeid og eldreressursen ([Folkehelse](#))
- Auka talet på heiltidsstillingar
- Redusera sjukefråveret
- Følga opp tiltaka i Bustadplan 2020-2040
- Følga opp kvalitetsreforma Meld. St. 15 (2017-2018) «Leve hele livet»
- Implementerta og nyttiggjera velferdsteknologi
- Styrka kompetansen på leiarar og tilsette
- Levera tenester på rett nivå til rett tid med god kvalitet.

### 5.2.3 Tiltak i 2021

- Revidera «Strategiplan Omsorg»
- Ferdigstilla handlingsplan i tråd med Eldrereforma, Leve hele livet ([Folkehelse](#))
- Følga opp tiltaka i Bustadplan 2020-2040
- Følga opp heiltidserklæringa
- Auka dag- og aktivitetstilbodet for personar med demenssjukdom
- Greia ut behovet for samarbeidsutval for omsorgstenestene
- Følga opp intensjonsavtalen om ernæringsarbeid for eldre heimebuande
- Følga opp avtalen om ein demensvennleg kommune ([Folkehelse](#))
- Gjennomføra brukarundersøkingar
- Følga opp prosjekta om aktivitetstilbod for eldre (grunna pandemien)

## 5.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Omsorg	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan				Endring 2020-2021
			2021	2022	2023	2024	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon og tenestekontor	7 976	9 165	10 021	10 021	10 021	10 021	9,3 %
Institusjonstjenester	68 277	70 831	72 672	73 459	73 459	76 459	2,6 %
Heimetenester og korttid/rehab.	85 483	86 843	86 759	87 792	88 492	88 492	-0,1 %
Miljøtenester	100 219	104 085	110 720	111 877	112 927	114 627	6,4 %
Psykisk helse og rusarbeid	22 518	25 037	25 512	25 182	26 542	26 542	1,9 %
Aktivitets- og servicetenester	7 621	7 307	6 585	6 531	6 531	6 531	-9,9 %
Samhandling	3 230	3 470	3 620	3 470	3 470	3 470	4,3 %
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>295 324</b>	<b>306 738</b>	<b>315 889</b>	<b>318 332</b>	<b>321 442</b>	<b>326 142</b>	<b>3,0 %</b>

5,1 millionar kroner av auken frå 2020 er korrigeringar av budsjett for manglar i 2020. Dette består av 3,5 millionar kroner i redusert refusjon, 600 000 kroner i sal av institusjonsplassar og 1 million kroner i meirutgifter til pensjon og mindreinntekter for lærlingar.

Det er ein reduksjon i øyremarka tilskot frå fylkesmannen på 1,2 millionar kroner frå 2020 til 2021.

Det er auke i behovet for omsorgstenester på om lag 2,8 millionar kroner. Det er lagt inn 1,5 millionar kroner i innsparing på sambruk på tvers av verksemdene. To tiltak i bustadplanen er utsette, dagsenter for personar med demens og miljøvaktmeistar, dette gjev ei innsparing i 2021 på 1,2 millionar kroner.

## 5.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

### Auka utgifter og reduserte inntekter

- Nødvendig helsehjelp i miljøtenesta 5,2 årsverk med delvis refusjon, 2021
- Dagsenter for personar med demens frå august 1 årsverk, 2021
- Fem omsorgsbustader Vestbygget 1 årsverk, 2021
- Det er i 2021 sett av 0,7 millionar kroner til grupper som vert spesielt ramma av pandemien
- Vaskeriet 0,5 årsverk, 2021
- 1 årsverk for mat-tilrettelegging institusjon, skal sjåast opp mot innsparing i vertskommuneavtale matproduksjon og ernæring, 2021
- Omsorgsstønad, fritidskontakt og private avlastalarar 2021, 300 000 kroner
- Heimetenesta 1 årsverk, 2022
- Drift av ny barnebustad med heildøgnbemannning etter behov, 2022
- Omsorgsbustader Vestbygget eit årsverk, 2022
- Kolhei 1 årsverk, 2022
- Omsorgsstønad, fritidskontakt og private avlastalarar 2022, 250 000 kroner
- Heimetenesta 1 årsverk, 2023
- Robuste bustader Re, 1 årsverk, 2023
- Opna fem nedstengde institusjonsplassar 2024, 3 millionar kroner
- Prosjektleiar foreldreinitiativ 1 årsverk, 2024

## **Reduserte utgifter og auka inntekter**

- Redusera kostnader som følge av samdriftsfordelar 2021, 1,5 millionar kroner
- Redusera kostnader i kjøp av institusjonsplassar 2022, 1 million kroner

### **5.2.6 Oversikt over personalressursar**

Omsorg	31.12.2020	Nye	Redusert	31.12.2021
Administrasjon	4,0			4,0
Tenestekontor	7,5			7,5
Institusjonstenester	117,6	2,0	-0,7	118,9
Heimetenester	73,6		-0,6	73,0
Miljøtenester	152,0	5,2	-0,7	156,5
Rus- og psykiatritenester	37,3		-1,0	36,3
Aktivitet- og servicetenester	4,5	0,5		5,0
<b>Årsverk i alt</b>	<b>396,5</b>	<b>7,7</b>	<b>-3,0</b>	<b>401,2</b>

## 5.3 Samfunn

Tenesteområdet har som oppgåve å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Dette vert gjort i tråd med intensjonane i lov og regelverk innanfor dei økonomiske rammene kommunen har. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggande helsearbeid, nødvendig helsehjelp, hjelp til nødvendig livsopphald, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift- og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø-, nærings- og kulturverninteresser.

### 5.3.1 Status og utfordringar

Handtering av covid-19 pandemien har prega store delar av 2020, og vil nok også gjera det utover i 2021. Utfordringane pandemien har gjeve har sett beredskapsarbeidet på prøve, og vist at kommunen er førebudd på å møta uventa utfordringar.

Næringslivet og kommunane i regionen samarbeider på fleire ulike måtar. Greater Stavanger er regionen sitt næringsstrategiske selskap for i alt 15 kommunar kor for eksempel fleire av næringsklyngene vart starta. Avgjerda om å avvikla Greater Stavanger gjev utfordringar i ei tid kor fleire meiner det er viktigare enn nokon gong å samarbeida, både mellom kommunar, men også mellom næringsliv, kommunar og fylkeskommunen. Nye moglege samarbeidsformer kan oppstå og kommunen vil følga dette tett.

Jordvern og jordvernsmål for kvar enkelt kommune har hatt fokus det siste året. Dette er særleg aktuelt i dei store landbrukskommunane på Jæren. Korleis og i kva grad skal nyleg godkjende overordna arealplanar og Regionalplan for Jæren 2050 vurderast i så måte, kan vera eit relevant spørsmål i åra framover. Rådmannen vil ta initiativ overfor Klepp og Hå kommune om eit felles jordvernsmål og landbruksplan for Jæren.

Arealdelen til kommuneplanen, fase 1, vart godkjend i 2019. Fase 2, Kvernaland, Frøyland og Kalberg er venta sluttført første halvdel 2021. Framtidig nye næringsareal med tanke på fleire arbeidsplassar framover har mellom anna hatt fokus i fase 1, og har også fokus i arbeidet med fase 2. Fagrafjell kraftstasjon opnar i 2023, og det er stor interesse for å sjå på moglegheitene dette gjev regionen. At leiarar i større lokale næringslivsverksemder på Jæren nå engasjerer seg i fase 2-arbeidet er særslig interessant.

Godkjend planstrategi for inneverande valperiode er godkjend i 2020 og viser mellom anna til store utfordringar framover i høve områdeplanlegging. Me ser allereie nå at plankapasiteten vår for å levera her vil vera for knapp. Dette vurdert ut frå avsette økonomiske driftsmidlar til planarbeid i åra framover.

Arbeidsløysa i regionen har variert mykje i 2020 som følge av pandemien. Utviklinga i arbeidsmarknaden framover er meir usikker enn normalt. Nedgangen i utbetaling av sosialhjelp har fortsatt i 2020 og det vert arbeidd systematisk med å forsterka dette med fokus på arbeid og aktivitet.

Det pågår fortsatt eit utgreiingsarbeid i lag med kommunane Klepp og Sandnes for å få på plass eit framtidig vertskommunesamarbeid om legevaktordning i tråd med føringane i

akuttmedisinforskrifta, nasjonal rettleiar og kvalitetsindikatorar for legevakt. Budsjetterte kostnader på legevakttenestene føreset Sandnes kommune som vertskommune for legevakttenester til innbyggjarane i Time i tråd med kommunestyret sitt vedtak i KS-065/20 og rådmannen si tilråding i saka.

Det er utfordringar i rekrutteringa til fastlegeordninga. Kvernaland legesenter er omgjort frå privat næring til kommunalt drifta legesenter frå 2021. Rådmannen vonar dette saman med ny ALIS stilling (allmennlege i spesialisering) som det er løyvd prosjektmidlar til, kan medverka til betre rekruttering av fastlegar.

Grunna omtalt pandemi er det i 2020 teke imot færre flyktningar enn dei avtalte 20. Korleis dette vil utvikla seg i 2021 er ennå uvisst. I 2021 skal flyktningtenestene i Klepp og Time slås saman og lokaliserast på Bryne kompetansesenter (BKS). I 2022 skal tenestane samorganiserast med BKS.

Det har vorte investert betydelege beløp i nye kommunale og private idrettsbygg/anlegg dei siste åra. Ny idrettshall i tilknyting til Timehallen er prioritert dei komande åra. Det er ikkje funne rom for investering i ny symjehall i same området på Bryne i denne planperioden.

Det er ikkje lagt opp til vidare utgreiing av Nye Storstova med eller utan nye kulturskulelokale dei nærmaste åra. Samla løyving til kulturtenestene er auka i 2021 då det primært er lagt inn 1,0 million kroner i nedjustert inntektsnivå for kinoen i forhold til normal drift.

Kommunen skal frå 2021 igjen overta det fulle ansvaret for drift av vass- og avløpstenestene frå IVAR IKS.

## **Folkehelse**

Den administrative delen av folkehelsearbeidet er lagt til Samfunn. Det betyr mellom anna ansvar for å utarbeida Folkehelseprofil for kommunen og følga opp «partnarskap for folkehelse» saman med fylkeskommunen. Som del av partnarskapsavtalen skal det årleg utarbeidast ein handlingsplan for bruk av partnarskapsmidla.

Folkehelseinstituttet, saman med fylkeskommunen, har gjennomført «Folkehelseundersøkelsen 2020» i alle kommunar i Rogaland. Eit tilfeldig utval av innbyggjarar vart spurde om livskvalitet, trivsel og eigenvurdert helse. Rådmannen ser på dette som ei levekårsundersøking og det vert viktig å følga opp funna i plan- og tiltaksarbeid framover.

Folkehelseprofil for Time for 2018-2021 skal reviderast. Funn frå «Folkehelseundersøkelsen 2020», relevant statistikk og lokalkunnskap vil legga grunnlaget for ny folkehelseprofil.

## **Beredskap**

Opplæring i krisehandtering, evaluering av uønska hendingar og beredskapsøvingar har stort fokus i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen. Kommunen har låg terskel for å setta krisestab når uønska hendingar skjer. Involverte leiarar og relevante støttefunksjonar er med på møta i kriseleiinga. Rådmannen har valt å bruka ein metode der me har særleg fokus på kva konsekvensar denne hendinga kan få, for å få eit felles situasjonsbilde og som grunnlag for tiltak.

Heilskapleg ROS-analyse skal reviderast kvart 4. år. Revisjonen vil ta utgangspunkt i definerte risikoomåde i kommunen og utvalde samfunnskritiske funksjonar, og analysera desse saman med interne og eksterne samarbeidspartar.

Kommuneoverlegefunksjonen er svært viktig i handteringa av den pågående covid-19 pandemien, og rådmannen har også i 2021 styrka denne funksjonen.

## **Næring**

Det kommunale næringsarbeidet handlar om å legga til rette for god næringsutvikling i kommunen. Samtidig er Jæren og Nord-Jæren ein integrert bu- og arbeidsmarknad og regionalt samarbeid er viktig då næringslivet ikkje er opptekne av kommunegrenser. Som ein konsekvens av at Greater Stavanger vert avvikla vil det verta vurdert nye modellar for regionalt næringssamarbeid med relevante kommunar og fylkeskommunen i 2021.

Kommunen sin næringssstrategi skal reviderast i 2022 i følge planstrategien, og arbeidet med dette vil starta i 2021. Internasjonal strategi for Time skal innarbeidast i den nye næringssstrategien.

Tilgjengeleg næringsareal i kommunen er i privat eige og utvikling.

## **Plan og utbygging**

Plan og utbygging har ansvar for overordna planar og samferdselsplanlegging, arealplanlegging og alle investeringsprosjekt for bygg og anlegg.

Det er arbeidd med revisjon av arealdelen til kommuneplanen i heile 2019 og 2020. Fase 1 vart godkjend i desember 2019. Det er venta at fase 2 vert ferdigstilt og politisk godkjend i 2021. Kommunen mottok hausten 2020 konsekvensutgreiing (KU) for mogleg datasenterverksemrd i Kvernaland/Kalberg-områda. Konsekvensutgreiinga vil saman med anna kunnskapsgrunnlag og høyringsinnspeila i fase 1 danna grunnlag for godkjenning av arealplanen i fase 2 i 2021. Sentrumsplanen skal reviderast i 2021. Planprogrammet vart lagt ut på høyring hausten 2020.

Hausten 2020 er det i alt 21 investeringsprosjekt som pågår innanfor bygg og anlegg. Mange av dei strekker seg over fleire år.

Det pågår fleire reguleringsprosessar i Bryne sentrum. Arealdelen til kommuneplanen er saman med sentrumsplanen, styrande for arbeidet. Det vert arbeidd med ny gatebruksplan for Bryne, men val av løysingar må skje parallelt med avklaringar rundt framtidig gågate i Storgata og parkeringsløysing for Bryne sentrum. Dette arbeidet vil verta innarbeidd i revisjonen av sentrumsplanen.

Godkjend planstrategi for inneverande valperiode viser mellom anna store utfordringar framover når det gjeld områdeplanlegging. Det er ikkje funne rom for auka ressursar til styrka plankapasitet dei to første åra i perioden. Dette vil nok bety at fleire større områdeplanar vil verta forskyvd i tid.

## **Samfunns- og landbruksforvaltning**

Alt forvaltningsarbeid innan landbruk, byggsak, geodata, veg, trafikk og grøntområde er nå samla i denne forvaltingseininga. Frå 2021 skal forvaltningsarbeidet som gjeld vatn, overvatn, avløp og renovasjon inngå som eiga faggruppe i eininga.

Det er eit uttrykt mål at samordninga av forvaltingssakene skal verta betre for innbyggjarane og dei næringsdrivande. Utfordrande forvaltingssaker skal handterast i positiv og klargjerande dialog med søkerar.

Revidert landbruksplan godkjend i 2017 legg føringar for landbruksforvaltninga. Ny «Jordvernstrategi for matfylket Rogaland» vart godkjend i Fylkestinget i 2019. Målet for Rogaland er at omdisponering av jordbruksareal skal vera under 400 dekar i året. Strategien vil legga klarare føringar for jordvern i plan- og landbruksforvaltninga.

I tillegg vil arbeidet med å gjennomføra godkjend «Tiltaksplan for Håelva» i samarbeid med Hå kommune, samt slutføra arbeidet med «Tiltaksplan for Orrevassdraget» i samarbeid med Klepp kommune ha prioritet dei komande åra. Klima og miljø skal synleggjera og prioriterast i planperioden, og arbeid med revisjon av kommunedelplan for energi og klima vil fortsetta i 2021.

I parkeringstenesta skal talet på parkeringsautomatar i Bryne vurderast ut frå plassering, registrerte årlege avgifter som er betalt og faktiske driftskostnader med kvar automat.

Byggsak og geodata har i hovudsak hatt lik ordremengd årleg over fleire år, og er dimensjonert etter dette framover.


Oppfølginga av planen for rehabilitering av leikeplassar vil gå over mange år. Godkjende tiltak på Lye vil mest truleg vera ferdige i løpet av 2020/21, og plan for Bryne er under utarbeiding. Kvernaland står for tur etter Bryne.

## **Brannvern**

Styret i Rogaland brann og redning IKS har føreslått ein auke på 5,8 % frå 2020 til 2021. Ingen andre delar av den kommunale verksemda i eigarkommunane får slik vekst. Selskapet har i mange år hatt ein vekst godt over andre tenester. Sett i lys av tidlegare vekst, lågare lønnsvekst enn forventa i 2020 og økonomien i eigarkommunane, har rådmennene/kommunedirektørane føreslått å vidareføre den økonomiske ramma for 2020 til 2021.

Time må likevel bruke ekstra ressursar då kostnadene etter ein overgangsperiode på fem år skal fordelast etter folketal. Opptrappinga er gjennomført etter ein modell om forventa folkevekst i dei ulike kommunane fram mot 2022. Denne modellen er forankra i selskapsavtalen. Modellen gir uheldige utslag for fleire kommunar. Time kommunen skal til dømes etter gjeldande modell betale om lag 0,5 millionar kroner meir for brannvern enn vår del av folketalet skulle tilsei. Selskapsavtalen bør derfor endrast for å betre reflektera det faktiske folketalet i eigarkommunane.

## Helse og rehabilitering



KOSTRA-tala syner at Time har lågare fastlegedekning per 10 000 innbyggjarar enn samanliknbare kommunar (gr. 8) med 1,4 årsverk. Tilsvarande tal for årsverk fysioterapi per 10 000 innbyggjarar syner at Time ligg 3,5 årsverk under. I forhold til nabokommunane er dekninga meir lik for begge yrkesgruppene.

Kommunen har, sett under eitt, ledige listepllassar for fastlege på Kvernaland, medan det er venteliste på Bryne. Etter oppseiing frå fastlegane på Kvernaland legesenter og vanskar med å rekruttera fastlegar til privat næringsdrift, har kommunen vedteke å gjera om legesenteret til kommunal drift. Auke i driftskostnader er lagt inn i økonomiplanen frå 2021. Nasjonale og lokale rekrutteringsvanskar tilseier at kommunen mellom anna må tenka langsigktig for å rekruttera framtidige fastlegar.

Kommunen er tildelt prosjektmidlar over ein periode på fem år til ALIS stilling (allmennlege i spesialisering). Ei slik stilling vil kunna hjelpe på rekruttering til fastlegar i privat næringsdrift og er lokalisert til Bryne. Det er lagt inn midlar til stillinga frå 2021. I den nasjonale handlingsplanen for å styrka fastlegeordninga er eit av tiltaka å auka basistilskotet for fastlegar med et knekkpunkt på 1000 listepasientar gjeldande frå mai 2020. Dette vert det kompensert for via rammetilskotet frå staten. Ny spesialistordning for legar i allmennteneste med forskrift frå 01.09.2017 inneber ei omstrukturering av ansvar og oppgåver for kommunen. Økonomiske kostnader for rettleiing av legar er lagt inn i økonomiplanen.

Det er i 2021 lagt inn ressursar for å ta del i eit nytt interkommunalt ambulant rehabiliteringsteam (IKART) i Sør-Rogaland med Stavanger som vertskommune. Målet er å kunna gje eit godt rehabiliteringstilbod til brukarar mellom 18 og 67 år med komplekse problemstillingar og omfattande funksjonsfall.

I langtidsperioden er det føreslått å styrka Frisklivsentralen frå 2022. Frisklivsentralen prøver ut prosjektet «Friskliv Ung Jæren» med målgruppe unge i alderen 16-26 år. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time, og er støtta med midlar frå Fylkesmannen i 2020. Psykisk helse er hovudfokus for prosjektet, og NAV Klepp-Time er

ein sentral aktør for rekruttering og samarbeid rundt målgruppa. Frisklivsentralen nyttar om lag 0,25 årsverk til prosjektet.

Det er nasjonal og lokal satsing på at eldre skal bu lengst mogleg i eigen bustad. Det krev for mange tilrettelegging med hjelpemiddel frå folketrygda. Kommunen er ansvarleg for formidling, montering og reparasjonar av hjelpemiddel, jamfør samarbeidsavtale mellom NAV Hjelpemiddelsentral og kommunar. 0,5 årsverk driftsoperatør i egedomsdrifta bidrar til reparasjonar av hjelpemiddel utlånt frå folketrygda. Behov for ressursar frå teknisk teneste til reparasjonar vert vurdert etter føringar frå NAV Hjelpemiddelsentral og pågang til tenesta.

### **Flyktningtenesta**



I åra før den store flyktningkrisa i 2015 busette kommunen frå 20 til 25 flyktningar kvart år på kvote. Dette var føreseieleg for kapasiteten i mottaksapparatet. Under og etter flyktningkrisa har endringar i talet på asylsøkarar til Norge vore stor. I Time førte dette til vedtak om busetting av 40 personar i 2016 og 2017, 10 personar i 2018 og 20 personar i 2019. I 2020 hadde Time ein kvote tilsvarande året før med bakgrunn i Integrerings- og mangfalddirektoratet (IMDI) si tilråding. IMDI valde etter kvart å redusera tilrådinga til 13 personar grunna pandemien. Det står att å sjå korleis pandemien vil påverka mottaket i 2021, men me legg opp til mottak av 20 flyktningar.

For å møta endringane i busettingstal, vart det i 2018 lagt fram ei felles politisk sak til kommunestyra i Klepp og Time om mogleg samanslåing av flyktningtenestane i dei to kommunane, og samorganisering og samlokalisering med Bryne kompetancesenter frå 01.01.2020. Av ulike grunnar har dette arbeidet drege noko ut i tid, og er nå delt opp i to fasar med mål om å slå saman flyktningtenestene i Klepp og Time frå 01.01.2021, og samlokalisera felles flyktningteneste med Bryne kompetancesenter frå 01.01.2022.

Etter bestilling frå kontrollutvalet vart det i 2020 gjennomført ein forvaltningsrevisjon om integrering av flyktningar. Revisjonen har kome med tre tilrådingar overfor kommunen der dei mellom anna ber kommunen vurdera å etablira ei fadderordning for personar med innvandrarbakgrunn, deriblant personar med flyktningbakgrunn som er i praksis i kommunale einingar. Dette er i tråd med tiltak skissert i kommunen sin Plan for mangfold og integrering. Flyktningtenesta vil sjå på moglegheita for å få til ei slik ordning.

### **Sosialtenester/NAV Klepp-Time**

NAV Klepp-Time vil fortsetta å arbeida for å oppnå intensjonane med samanslåinga. Kontoret har mellom anna det første driftsåret arbeidd som nasjonalt satsingskontor. Saman med andre offentlege samarbeidspartar, brukarar og bedrifter vert det prøvd ut nye tenester for å auka overgangen til arbeid og utdanning for unge vaksne med samansette utfordringar. Hovudprioriteringar på kommunal side for tenesteeininga vert å fortsetta arbeidet med å redusera talet på unge vaksne som tek imot sosialhjelp, forbetra innhaldet i kvalifiseringsordninga og auka overgangen til arbeid og utdanning for brukarar med minoritetsbakgrunn som mottek sosialhjelp.



Utviklinga dei siste åra i begge ovannemnde indikatorane har vore gode. Differansen mellom Time og Klepp/Hå i den første tabellen og Klepp/Sandnes i den andre viser at det er potensiale for ytterlegare reduksjon og overgang til arbeid med rett og tilstrekkeleg innsats. Løyvingane til sosialhjelp er som følge av den gode utviklinga i 2019 og 2020 redusert ytterlegare i 2021. Løyvingane er igjen auka med om lag 2,6 millionar kroner i perioden 2022–2024 for å ta høgde for at barnetrygd ikkje lenger skal reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp

## Kultur

Kommunestyret vedtok i 2019 ny «Kulturplan 2019-2027 – Time kommune». Planen har tre satsingsområde: «Nye Storstova», «Haugtussa-veka» – ei vidareutvikling av Garborgdagar, og «Kulturstiar i Time» – tilrettelagde turar med kunst og kultur av høg kvalitet. Norsk kulturforum kåra i 2019 Time til Årets kulturkommune i Rogaland. Den nye kulturplanen skal inspirera, motivera og gje retning for arbeidet med å vidareutvikla kulturkommunen Time.

Det vart i 2019 og 2020 gjort enkelte bygningsmessige utbetringar av Storstova. I tillegg vart ein del av utstyret oppgradert. Det vart innført ei ny ordning med husleigetilskot for lokale lag og organisasjonar, for å stimulera til auka bruk. Rådmannen føreslår å ikkje legga fram ei sak om val av alternativ for framtidig rehabilitering/utbygging av Nye Storstova, jamfør KS-047/17 og KS- 082/18. Det er derfor ikkje sett av midlar til dette i økonomiplanperioden. Det same gjeld for eit mogleg kombinert bygg for Nye Storstova og kulturskulelokalitetar.

Bryne kino er framleis i etableringsfasen for det nye kinosenteret. Det vert fortløpende gjort tilpassingar av drifta basert på marknadsmessige erfaringar og tilbakemeldingar frå brukarar. Kinosalane er også attraktive som arena for møte, konferansar med meir.

Drifta av kinoen og Storstova er svært utfordrande og usikker på grunn av pandemisituasjonen og gjeldande smittevernreglar.

Time bibliotek bytta biblioteksysteem i 2020. Det har gjort biblioteket sine tenester enklare for både lånarar og tilsette. Biblioteket har i løpet av 2020 vorte meir tilgjengeleg ved innføring av «meirope bibliotek», som betyr utvida tilgang for brukarane i tidsrom der biblioteket ikkje er bemanna. Biblioteket vil styrka lesestimulerande tiltak for barn og litteraturformidling for vaksne. Publikumspllassar ved arrangementa er sterkt reduserte grunna pandemien. Biblioteket ønsker å starta med strøyming av arrangement i storsalen for å nå eit vidare publikum enn dei som nå får plass i salen.

Garborgheimen og Knudaheio høyrer til den nasjonale kulturhistoria og er prioritert gjennom samarbeidet med Jærmuseet.

Det er lagt inn midlar til å gjennomføra forprosjekt om «Haugtussa-dagar».

Kulturminneplanen skal reviderast i perioden 2020-2022.

Det er ei viktig oppgåve å følga opp kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv med årleg revisjon av handlingsprogrammet og prioritering av anlegg og andre tiltak. Det er i perioden sett av midlar til ny idrettshall og turnhall i Vardheia i samarbeid med Klepp kommune og til ny idrettshall på Bryne. I tillegg kjem midlar til ei rekke friluftslivs- og nærmiljøanlegg.

«Alle med»-prosjektet held fram i 2021. Erfaringar så langt viser at tiltaket bidreg til at barn og unge, uavhengig av familien sin økonomi, vert inkludert i lag og organisasjonar.

Det skal i 2021 leggast fram utkast til ein strategi for frivillig arbeid. Det vart i 2019 gjennomført ei kartlegging av frivillig arbeid i Time utført av Frivillig Norge.

Bryne er 100 år i 2021, og det er sett av 100 000 kroner til markering, i tråd med politisk vedtak.

## Eigedom, vegar og grøntanlegg


Alt reinhaldsarbeid og vedlikehaldsarbeid for veg, grønt/park, friområde, gravplassar og alle kommunale eigedommar og bygningar er samla i tenesteeininga Eigedom. Frå 2021 vil også alt vedlikehaldsarbeid for vass- og avløpstestene inngå i eininga.

Kommunen har fortsatt noko etterslep når det gjeld reasfaltering av kommunale vegar og gater. Innsatsen her har vore styrka nokre år, så det er håp om at etterslepet vil verta redusert dei neste åra. Oppgraderinga av Fritz Røed parken i Bryne sentrum har medført betydeleg oppfølgingsarbeid for at parken skal vera innbydande til bruk. I tillegg har utvida gravplass ved Time kyrkje i 2019 gjeve meir arbeid. Det er frå 2021 lagt inn auka ressursar til vedlikehald av nemnde område.


Det er innført ny reinhaldsstandard i dei kommunale bygga og institusjonane i 2018 og 2019.

Erfaringane så langt er positive både for brukarane av bygga og dei tilsette. Eigedom arbeider med å sjå på moglegheiter for å redusera kostnadene på reinhald fram mot økonomiplanen for neste fireårsperiode. Kvalitet og frekvens på reinhaldsarbeidet i skular og administrative lokale vil her ha ekstra merksemd.

Kommunen har i løpet av 2020 fått tildelt «koronatilskot», der det mellom anna er sett i gang utbetring av omsorgsbustader i Linevegen, Kringlemyr og Austbøvegen, etterslep på maling av kommunale bygg, nye lys og himling i Timehallen, lakking av golv i Hognestadhallen og utskifting av om lag 300 lysmaster til LED-pærer. Det er sett av ressursar for å bytta ut lysmaster til LED dei neste åra, noko som vil føra til mindre energibruk og vedlikehaldskostnader, jamfør forslag til investeringsbudsjett.



KOSTRA-tala for 2019 viser at Time i hovudsak er på same nivå med areal til eigedomsforvalting per innbyggjar som Hå, Klepp og aktuell KOSTRA-gruppe.



Driftsutgifter til egedomsforvaltning er om lag på same nivå som nabokommunar og aktuell KOSTRA-gruppe.

### Vatn, avløp og renovasjon


Samarbeidsavtalen mellom IVAR IKS og kommunen om utføring av vass- og avløpstenestene opphører frå 2021. Tenestene vert frå 2021 ivaretakne i nært samarbeid mellom Plan og utbygging, Samfunns- og landbruksforvaltning og Eigedom.

Hovudtiltaka i Hovudplan for vatn og avløp 2016-2025 har fokus på å sikra robust vassforsyning til heile kommunen, sanering av gammalt og därleg leidningsnett og handtering av overvatn. Ei lang rekke overvasstiltak og saneringstiltak er nå definerte, og fleire av tiltaka er under utføring og planlegging, sjå kapittel 7. Vassforsyningstryggleiken vil betrast ved samankopling mellom Klepp og Time i forbindelse med skuleutbygginga i Vardheia. I tillegg skal det i åra framover planleggast og arbeidast med å etablera ei tosidig vassforsyning til forsyningsområdet Lyefjell.

Det er fortsatt alt for høgt tap/lekkasje av vatn i nettet. Det betyr høgare pris på fakturert vassmengd. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera tap/lekkasje i vassnettet.

Fortsatt går det alt for mykje avløpsvatn til reinsing i forhold til det kommunen vert fakturert for av IVAR IKS. Mengdene aukar betydeleg når det er store nedbørsmengder. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera mengda avløpsvatn som må reinsast, og sikra at meir av dette går i overvassnettet.

IVAR IKS skal fortsatt utføra renovasjonstenesta for oss etter ny samarbeidsavtale frå 2021.



Gebyrgrunnlag og inntekter samsvarar godt. Dei etablerte henteordningane for hushaldsavfall inngår i gebyrgrunnlaget.

Behandlingsavgifta til IVAR IKS for restavfall og våtorganisk avfall aukar med forholdsvis 33 % og 11 % i 2021. Grunnlaget for auken er blant anna utfordrande og upårekna utfordringar i oppstarten av to store og krevjande anlegg. Dette vil påverka renovasjonsgebyret i 2021. Det vil verta brukt 1 million kroner av tidlegare avsette fondsmidlar for renovasjon, slik at gebryrauen vert på 305 kroner for eit basisabonnement.

Då henteordninga for grovavfall og farleg avfall er svært mykje brukt, er det føreslått å utvida ordninga med auka hentefrekvens. Dette påverkar gebyret med om lag 60 kroner, jamfør Prisliste 2021.

Ettersorteringsanlegget for restavfall har stabil drift for sorteringsdelen, men det er framleis oppstartvanskar i produksjonen av salbare plastpellets.

Mold, sand, stein og potteplantar skapar ennå vedvarande utfordringar for biogassanlegget på Grødalaland. Det er berre det grøne hageavfallet som er interessant for biogassanlegget. Greiner, jord og stein skapar store problem i prosessen. IVAR IKS ønsker at kommunane på sikt skal skilja hageavfall frå matavfall. I Time er det etablert ei henteordning for hageavfall som er finansiert av gebyret. Ordninga er ikkje fullt utnytta, og det er ønskeleg å få opp bruken. Betre informasjon om ordninga er derfor eit mål framover. Det kan i tillegg verta aktuelt å gjennomføra eit prøveprosjekt i ein avgrensa periode og i eit avgrensa område av kommunen, der kvar husstand får ein eigen hageavfallsdunk. Dette kan bidra til å få ein oversikt over kvaliteten på innhaldet i dunkane, økonomiske fordelar/ulemper og andre praktiske utfordringar. For eksempel er behandlingsavgifta for hageavfall om lag  $\frac{1}{4}$  av behandlingsavgifta til matavfall.

### 5.3.2 Mål for langtidsperioden

- Redusera konsekvensane av barnefattigdom ([Folkehelse](#))
- Følga opp godkjend planstrategi for denne valperioden innanfor økonomiske rammer
- Etablera ny samarbeidsform for næringslivet og jærkommunane

- Bryne sentrum skal utviklast som regionsenter i tråd med ny regionalplan og med urbane kvalitetar i samsvar med sentrumsplanen
- Ha ein nullvisjon med tanke på trafikkulykker ([Folkehelse](#))
- Legga til rette for at ein aukande del av persontransporten skjer med buss, bane, til fots og på sykkel ([Folkehelse](#))
- Vera pådrivar og samarbeidspart for å vidareutvikla kollektivtilbodet mellom Bryne og andre byar og tettstadar ([Folkehelse](#))
- Godkjend landbruksplan, nasjonal og regional jordvernsstrategi skal vera grunnlaget for behandling av forvaltningssaker i landbruket
- Vasskvaliteten i vatn og bekkar på Jæren skal oppfylla krava i EU sitt vassdirektiv
- Sikra nødvendig rekruttering til fastlegeordninga
- Redusera talet på brukarar med flyktningbakgrunn som mottar sosialhjelp ([Folkehelse](#))
- Følga opp nasjonal målsetting om at 65 % av flyktningane skal vera i arbeid eller utdanning eit år etter avslutta introduksjonsprogram ([Folkehelse](#))
- Barnetrygd skal ikkje lenger reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp.
- Redusera talet på unge sosialhjelpsmottakarar og langtidsmottakarar av sosialhjelp ([Folkehelse](#))
- Gje publikum eit mangfaldig filmtilbod og etablera Bryne kino som ein attraktiv møtestad
- Styrka moglegheitane for idretts- og friluftsaktivitetar basert på kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, og sørga for aktiv bruk av nye idrettshallar ([Folkehelse](#))
- Sikra god tilgang på område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv ved utbygging og fortetting ([Folkehelse](#))
- Optimalisera varme- og ventilasjonsanlegga i kommunale bygg
- Sikra ei effektiv, sikker og miljøvennleg renovasjons-, vass- og avløpsteneste som dekker hushalda og næringslivet sine behov
- Etablera tosidig vassforsyning til forsyningsområdet Lyefjell
- Skifte ut minimum 1 % av kommunale vass- og avløpsleidningar årleg

### **5.3.3 Tiltak i 2021**

#### **Folkehelse**

- Laga handlingsplan for bruk av partnarskapsmidla ([Folkehelse](#))
- Starta arbeidet med revisjon av Folkehelseprofil for kommunen ([Folkehelse](#))
- Følgja opp funn i «Folkehelseundersøkinga 2020» i plan- og tiltaksarbeid ([Folkehelse](#))

#### **Beredskap**

- Gjennomføra beredskapsøving som inkluderer kriseleiinga
- Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarar i verksemder som ikkje har fått opplæring
- Revidera Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

#### **Næring**

- Revidera næringsstrategien
- Etablera samarbeidsform for regionalt næringsutviklingsarbeid

## **Plan og utbygging**

- Få godkjend revidert arealdel til kommuneplanen 2018-2030 fase 2 for området Kvernaland/Kalberg
- Få godkjend planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen ([Folkehelse](#))
- Utarbeida gatebruksplan for Bryne ([Folkehelse](#))
- Revidera Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026
- Realisera bygge- og anleggsprosjekt som er eller vert sett i gang i 2021 i tråd med investeringsdelen i økonomiplanen
- Innføra eigedomsmodulen for å betre internkontrollsystemet for arealplanlegging
- Overta ansvaret for VA-prosjekt og overordna VA-planlegging

## **Samfunns- og landsbruksforvaltning**

- Utarbeida «Tiltaksplan for Orrevassdraget» saman med Klepp
- Følga opp godkjend «Tiltaksplan for Håelva» saman med Hå
- Saksbehandlingstida for byggsak og geodata skal ligga godt innanfor føringane i nasjonale lovar og forskrifter
- Gjennomføra brukarundersøking for byggesaksbehandlinga
- Gjennomføra brukarundersøking innan landbruksforvaltninga
- Fortsetta arbeidet med revisjon av Kommunedelplan for energi og klima
- Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen ([Folkehelse](#))
- Effektivisering i bruken av parkeringautomater
- Oppfølging og opprydding i etablerte reinseparkar

## **Brannvern**

- Føreta ein gjennomgang av tilskotsmodellen og sjå på mogleigheter for effektivisering
- Endre selskapsavtalen slik at dagens folketal i dei ulike kommunane blir gjort gjeldande for kostnadsfordelinga for 2021

## **Helse-, sosial- og flyktningtenester**

- Gjennomføra brukarundersøking for kommunal og privat fysioterapiteneste
- Gjennomføra brukarundersøking for ergoterapiteneste
- Etablera communal drift av Kvernaland legesenter
- Få på plass allmennlege i spesialisering som rekrutteringstiltak (ALIS stilling) i legesenter på Bryne
- Få på plass framtidig vertskommunesamarbeid om legevaktordning
- Vurdera vidare samarbeid mellom Frisklivsentralen og NAV Klepp-Time om prosjektet «Friskliv Ung Jæren» ([Folkehelse](#))
- Delta i eit interkommunalt rehabiliteringstilbod til brukarar mellom 18 og 67 år med komplekse problemstillingar og omfattande funksjonsfall (IKART)
- Slå saman flyktningtenestene i Klepp og Time til ei felles flyktningteneste
- Gjennomføra brukarundersøking for flyktningar i introduksjonsprogrammet
- Vurdera etablering av ei fadderordning for personar med flyktningbakgrunn som er i praksis i kommunale einingar
- Etablera eige brukarutval for NAV Klepp-Time
- Utvikla nye tverrfaglege arbeidsmetodar for å støtta unge vaksne med samansette vanskar inn i arbeid eller utdanning ([Folkehelse](#))

- Auka overgangen til arbeid for deltarane i kvalifiseringsordninga gjennom styrka fokus på arbeid og kompetanseheving av dei tilsette i «Supported Employment» som arbeidsmetode ([Folkehelse](#))

## Kultur

- Tilpassa drifta av kulturtilboda til pandemisituasjonen og dei til ei kvar tid gjeldande smittevernreglane
- Legga fram utkast til ein strategi for frivillig arbeid ([Folkehelse](#))
- Revidera kulturminneplanen (2020-2022)
- Starta forprosjektet «Haugtussa-veka»

## Eigedom, vegar og grøntanlegg

- Halda fram med utskifting av eldre veglys til LED lys, ENØK-tiltak
- Systematisera og digitalisera drifta av overvass-, veg- og grøntanlegg
- Ta i bruk ny miljøvennleg teknologi for vedlikehald av grøntområde
- Halda fram med tiltak og planar for oppgradering av kommunale leikeplassar ([Folkehelse](#))
- Vurdera kvalitet og frekvens innan reinhald som ledd i kostnadsreduksjon framover
- Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg
- Vurdera leigesatsane for utlegebustadene i forhold til marknadsleiga for leigebustader på Jæren

## Vatn, avløp og renovasjon

- Få alle resterande abonnentar over på vassmålar
- Gjennomføra systematisk lekkasjesøking i leidningsnettet
- Gjennomføra systematisk søking etter framandvatn i avløpsnettet
- Syta for førebyggande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne
- Auka kvaliteten på innhald i brun dunk for våtorganisk avfall ved å gjennomføra eit prøveprosjekt med eigen hageavfallsdunk
- Auka henteordningsfrekvensen for grovavfall til kvar veke og farleg avfall til 6. kvar veke
- Ta i bruk tekniske verktøy for handtering av tömmingar og serviceoppdrag i renovasjonstenesta, blant anna styringsverktøy og elektronisk nivåmåling

### 5.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Samfunn Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			Endring 2020-2021
	2019	2020	2021	2022	2023	
Administrasjon	1 931	3 642	3 642	3 642	3 642	0,0 %
Nærings	2 776	2 642	2 243	1 968	1 968	-15,1 %
Plan og utbygging	4 182	3 091	2 577	2 577	3 077	-16,6 %
Samfunns- og landbruksforvaltning	4 965	5 518	5 493	5 523	5 523	-0,5 %
Brannvern	10 319	12 315	13 990	14 290	14 440	13,6 %
Helse og rehabilitering	32 704	33 110	36 862	36 812	36 712	11,3 %
Flyktingtenesta	10 511	9 262	8 926	8 676	8 676	-3,6 %
Sosialtenester	27 541	27 853	27 506	28 531	30 131	-1,2 %
Kultur	20 793	21 668	23 447	23 497	23 097	8,2 %
Eigedom	45 932	45 752	46 194	47 411	47 044	1,0 %
Vegar og grøntanlegg	21 144	19 662	20 561	20 861	20 861	4,6 %
Vatn, avløp og renovasjon	0	-8	0	0	0	
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>182 798</b>	<b>184 507</b>	<b>191 441</b>	<b>193 788</b>	<b>195 171</b>	<b>195 121</b>
						<b>3,8 %</b>

### 5.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

#### Auka utgifter og reduserte inntekter

- Opptrappinga av tilskotet til Rogaland brann og redning IKS er fullt gjennomført i 2021 og tilskotet er dermed fordelt etter folketalet i eigarkommunane.
- Kommunal drift av Kvernaland legesenter, auka fastlønnstilskot for fastlegar i privat næring og ny ALIS stilling medfører netto utgiftsauke på om lag 3,5 millionar kroner.
- Styrking av drifta ved Frisklivsentralen med 250 000 kroner frå 2022.
- 100 000 kroner årleg, i første omgang for to år, til å delta i interkommunalt ambulant rehabiliteringsteam (IKART) i Sør Rogaland med Stavanger som vertskommune.
- Økonomisk sosialhjelp er auka med om lag 2,6 millionar kroner i perioden 2021–2023 for å ta høgde for at barnetrygd ikkje lenger skal reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp.
- 1 million kroner i nedjustert inntektsnivå for kinoen i forhold til normal drift og 250 000 kroner til førebuing av «Haugtussa-veka».
- Årlege netto driftsutgifter på om lag 2,6 millionar kroner for ny ungdomsskule, idrettshall og turnhall i Vardheia og ny idrettshall på Bryne etter fråtrekk av Klepp og Bryne turn sin del, er lagt inn etter planlagt ferdigstilling i åra framover.
- Årlege lønnsmidlar på om lag 600 000 kroner til skjøtsel av park, grønt og gravplassar frå medio 2021.

#### Reduserte utgifter og auka inntekter

- Reduksjon på 650 000 kroner i årleg tilskot til Greater Stavanger over to år.
- Avsett løyving i 2020 på 200 000 kroner til arbeid med klima og energiplan er ikkje vidareførte i 2021, men avsette på bunde fond (Samfunns- og landbruksforvaltning)
- Årlege avsette løyvingar på 300 000 kroner til vassdragstiltak i Hå vassdraget er saman med nye tiltak i Orrevassdraget lagt inn i investeringsbudsjettet frå 2021 (Samfunns- og landbruksforvaltning).
- Gebyr og andre avgifter framgår av «Prisliste 2021»

### 5.3.6 Oversikt over personalressursar

Samfunn	31.12.2020	Nye	Redusert	31.12.2021
Administrasjon	3,0			3,0
Plan og utbygging	8,5			8,5
Samfunns- og landbruksforvaltning	15,0			15,0
Helse og rehabilitering	17,1	5,0		22,1
Flyktningetenesta	4,0			4,0
Kultur	30,4			30,4
Vegar og grøntanlegg	14,5	1,0		15,5
Eigedom	73,6	3,9	-0,4	77,1
Næring	1,0			1,0
Vass, avløp og renovasjon	0,0	10,0		10,0
<b>Årsverk i alt</b>	<b>167,1</b>	<b>19,9</b>	<b>-0,4</b>	<b>186,6</b>


Årsverksauken er i hovudsak relatert til kommunal drift av Kvernaland legesenter, drifta av vass- og avløpstestene vert tilbakeførte til kommunen frå IVAR IKS og drift av ny ungdomsskule og ny idrettshall i Vardheia.

## 5.4 Stab

Stab består av avdelingane Økonomi, Organisasjon og Digitalisering og utvikling. Stab har eit mangfold av oppgåver, frå interne oppgåver innan administrasjon og leiarstøtte, til tenester retta mot innbyggjarar.

Time kyrkjelege fellesråd vert òg omtala i dette kapittelet.


### 5.4.1 Status og utfordringar



### Politiske organ

Det er budsjettert med ein auke i kostnader til val på 50 000 kroner i forbindelse med stortingsvalet og kommune- og fylkestingsvalet. Det vil seia at det vert sett av totalt 450 000 kroner i 2021 og 650 000 kroner i 2023.

Time kommune har sett av mindre til val enn nabokommunar, og det er reelt sett eit behov for høgare ramme. Samtidig er det sendt ut brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om at kommunar bør førebu seg til å kunna gjennomføra eit val under pandemi i 2021. Det vil føra til ekstra kostnader og forsterkar derfor behovet for auka midlar.



Det er planlagt ein dag med opplæring for folkevalde i kommunestyret i 2021.

## **Administrasjon**

### *Innbyggarservice og kommunikasjon*

Innbyggarservice og kommunikasjon skal bidra til at kommunen kommuniserer på ein god og strategisk måte både internt i organisasjonen og eksternt mot innbyggjarane. Vidare skal avdelinga vera ein god rådgjevar for organisasjonen innan mellom anna mediehandtering og sosiale medium, og sikra at kommunen er framtidsretta i kommunikasjonen med innbyggjarane.

Koronapandemien har ført til eit stort informasjonsbehov hos både innbyggjarar og tilsette. Situasjonen viser at kommunen ikkje har ein god nok plattform for kommunikasjon med dei tilsette. Det er derfor viktig å få på plass dette i løpet av 2021.

Stadig meir av kommunikasjonen med innbyggjarane føregår digitalt. Nettsida til kommunen er godt besøkt, og sosiale medier får stadig fleire følgjarar. Det vil verta testa ut nye kanalar og løysningar med fokus på god kvalitet av innhaldet som vert produsert.

### *Arkiv*

All dokumentasjon må lagrast i eit system som gjer dokumenta lesbare også langt fram i tid. Dette er ei utfordring. Dagens sak/arkivsystem må vidareutviklast slik at det vert enkelt for saksbehandlarane å bruka, samtidig som dokumentasjonen vert arkivert på ein tilfredsstillande måte.

### *Digitalisering og utvikling*

Kommunen er ein aktiv deltakar i det regionalet samarbeidet Digi Rogaland og deltek i faggruppene informasjonssikkerhet, e-helse, IT-drift, strategi og AKSON. Målet med samarbeidet er å bruke digitale verktøy for å gi betre tenester til innbyggjarar og næringsliv. Samarbeidet skal hjelpe kommunane til å oppnå gevinstrealisering og innføra store nasjonale digitaliseringsprosjekt som til dømes DigiHelse, DigiSos og Min side.

I økonomiplanperioden vil Office 365 (O365) verta innført i heile kommunen. Kommunen sin infrastruktur må leggast til rette for bruk av digitale hjelpemidlar som for eksempel videoomøte.

Målet med innføringa av O365 er å få ein god plattform til samhandling, kommunikasjon og informasjon. Møteromma må oppgraderast samt at det trådlause nettet må bytast ut.

Det skal innførast digitale elevmapper i skulen, og det vil verta innført koplingar frå skulesystemet til SvarUt-tenesta. Innføringa av velferdsteknologi er også eit stort satsingsområde i perioden.

Fleire konkrete digitaliseringsprosjekt er omtala under dei einskilde tenesteområda.

## **Økonomiavdelinga**

Kommunen har ei sentralisert økonomiforvaltning der avdelinga har ansvar for budsjett, rekneskap, leiarstøtte, innkrevjing, innkjøp og utgreiingsarbeid.

Det har vore arbeidd mykje med å digitalisera arbeidsoppgåvene i avdelinga, noko som gjer bruken av heimekontor enklare. Samtidig er det eit potensial i at arbeidsverktøy vert ytterlegare tilgjengelig gjennom økonomiprogramvarer som er i «skya». I dag er dette lokalt installert på kommunen sine eigne serverar.

Det er utarbeidd ein ny innkjøpsstrategi som vil verta implementert i 2021.

## **Time kyrkjelege fellesråd**

Tilskotet til Time kyrkjeleg fellesråd er inflasjonsjustert. I tillegg er det lagt inn midlar til dagleg leiing av Frøyland-Orstad soknet i tråd med innspelet frå fellesrådet (sjå vedlegg).

Staten har overtatt oppgåva med å betala ut tilskot til andre trussamfunn. Dette er årsaka til reduksjonen på 11 % frå 2020 til 2021 som kjem fram av tabellen i delkapittel 5.4.4.

Det er sett av 3,5 millionar kroner i 2021 til bygging av nytt bårehus og seremonirom ved Time kyrkje jamfør prosjekt 4517.

## **Diverse fellesutgifter**

I denne gruppa ligg dei frikjøpte tillitsvalte, kantina på rådhuset og etableringsstønad for økonomisk vanskelegstilte.

### **5.4.2 Mål for langtidsperioden**

- Digitalisera og effektivisera administrasjonen slik at Time kommune kan levera best mogleg teneste til lågast mogleg kostnad
- Utvikla gode kanalar for kommunikasjon
- Utvikla Innbyggarservice med digitalt førsteval som mål
- Setta i verk tiltak for å sikra at språket i saker, brev og publikasjonar er klart og forståeleg

### **5.4.3 Tiltak i 2021**

#### **Politiske organ**

- Stortingsval
- Folkevaltopplæring

#### **Administrasjon**

- Ny plattform for internkommunikasjon
- Fullføra implementering av nytt sentralbord
- Oppgradera dagens sak-/arkivssystem
- Få på plass fullelektroniske elevmapper og barnemapper
- Innføra SvarUT og SvarInn i fleire av kommunen sine tenester
- Vidareutvikla «Mi side» og implementera «Book ein saksbehandlar» på nettsida
- Implementera ny innkjøpsstrategi

## Time kyrkjelege fellesråd

- Styrka leiing i Frøyland-Orstad sokn

### 5.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Stabstenester Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring 2020-2021
	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
Politiske organ	7 266	7 570	7 888	7 438	8 163	7 623	4,2 %
Administrasjon	43 314	45 109	44 933	45 220	45 263	45 263	-0,4 %
Jæren kemnerkontor	1 985	1 304	0	0	0	0	-100,0 %
Trussamfunn	9 441	9 512	8 461	8 621	8 621	8 621	-11,0 %
Diverse fellesutgifter	3 252	4 069	5 429	5 629	5 629	5 629	33,4 %
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>65 258</b>	<b>67 564</b>	<b>66 711</b>	<b>66 908</b>	<b>67 676</b>	<b>67 136</b>	<b>-1,3 %</b>

### 5.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

- Stortingsvalet i 2021, 450 000 kroner
- Kommune- og fylkestingsvalet i 2023, 650 000 kroner
- Jæren kemnerkontor vert nedlagt og dei tilsette overført til staten frå 01.01.2020
- Styrka leiing i Frøyland-Orstad sokn, 80 000 kroner i 2021, 240 000 kroner frå 2022
- Tilskotet til trussamfunn vert frå 2021 utbetalt frå staten og ikkje kommunen som før
- Etableringstilskotet til vanskelegstilte som vil kjøpa eigen bustad, vart frå 2020 ei kommunal oppgåve. I 2020 var tilskotet finansiert med rest fondsmidlar frå Husbanken. Frå 2021 er det finansiert med kommunale midlar.

### 5.4.6 Oversikt over personalressursar

Stabstenester	31.12.2020	Nye	Redusert	31.12.2021
Administrasjon	46,8	0,0	-1,4	45,4
Diverse fellesutgifter	6,0	0,1		6,1
<b>Årsverk i alt</b>	<b>52,8</b>	<b>0,1</b>	<b>-1,4</b>	<b>51,5</b>

Reduksjonen i Stab er ei netto endring. Ein leiar og ein fagleiar er trekt inn og 0,6 årsverk av innsparinga er omdisponert til Innbyggarservice og Digitalisering og utvikling.

# 6 Kommunen som arbeidsgjevar

## 6.1 Status og utfordringar

Time kommune har kompetente tilsette og leiarar som kvar dag bidreg til gode tenester for innbyggjarane. Arbeidsgjevar gjer organisatoriske endringar for å tilpassa tenestene til nye behov. Endringar og omorganiseringar blir alltid utført saman med partane i tråd med lov- og avtaleverket. Heiltid og digitalisering vil vera viktige stikkord i 2021 og i heile perioden.

Covid-19 pandemien har påverka Time kommune som arbeidsgjevar. Arbeidsmetodar, samarbeid, møter, kurs og konferansar har mått ta omsyn til smittefare. Større leiarsamlingar har ikkje vore moglege å arrangera. Risikoen for smitte blant brukarar og tilsette har endra prioriteringane. Time kommune har følgt dei sentrale retningslinjene og lagt opp rutinar og arbeidet etter dei. Pandemien vil fortsatt påverka kommunen som arbeidsgjevar i 2021.

Digitalisering vil vera satsing og utfordring i heile perioden. Ei utfordring er å sikra kompetanseheving for tilsette. Endringar skjer fort og fleire tilsette vil meir eller mindre få endra arbeidsmetode og/eller oppgåver. Fleire rutineoppgåver vil verta robotiserte. Pandemien har også bidrige til nye digitale løysingar og nye måtar å arbeida på. Me vil få større fleksibilitet i forhold til tid og stad for kor oppgåver kan verta gjennomførte. Time kommune har mellom anna erfart ulike yrke i heimekontorløysingar. Utfordringa vert å nytta digitalisering og erfaringane frå pandemien til å finna gode løysingar ut mot tenestene for brukarane.

Auka bruk av digitale verktøy og sosiale medium i arbeidet bidreg til betre og effektive løysingar. Men informasjonstryggleik og personvern vert ei større utfordring. Lovverket er omfattande og gjev brukar store rettar. Kommunen vil satsa på å auka kompetansen til tilsette på fagområdet.

Befolkinga i Time og i Norge vert eldre. Det betyr på sikt ei auke i talet på brukararar og færre tilsette. Me vil prioritera å få til ein heiltidskultur som vil bidra til å løysa utfordringa.

### Oversikt over årsverk:

Time kommune	31.12.2020	Nye	Redusert	31.12.2021
Oppvekst	563,0	2,6	-0,3	565,3
Omsorg	396,5	7,7	-3,0	401,2
Samfunn	167,1	19,9	-0,4	186,6
Stabstenester	52,8	0,1	-1,4	51,5
<b>Årsverk i alt</b>	<b>1 179,4</b>	<b>30,3</b>	<b>-5,1</b>	<b>1 204,6</b>

Forklaring til endringane i årsverk ligg i kapittel 5 under det enkelte tenesteområdet.

### Strategisk organisasjonsutvikling og kompetanse

Strategisk organisasjonsutvikling handlar om korleis ein riggar organisasjonen for også å kunne levera gode tenester når behova endrar seg. Dette inneber både korleis kommunen organiserer arbeidet, og kva slags kompetanse organisasjonen treng for å behalda, utvikla og rekruttera i tida som kjem. Kommunen vurderer å skaffa eit kompetansestyringssystem for å gje desse vurderingane meir systematiske.

I arbeidet med organisasjonsutvikling er det fokus på heilskap i prosessar der digitalisering og menneskelege ressursar skal skapa synergি. For å få dei beste løysingane må organisasjonen samarbeida og samskapa på tvers av tenesteområda og saman med stabane. Arbeidsgjevarstrategien vil verta revidert for å ha heilskap i tiltaka knytt til organisasjonsutvikling.

Organisasjonsavdelinga skal legga til rette for og gje tilbod om opplæring gjennom eit variert kurstilbod, basert på kompetansebehova til kommunalområda. Leiarane får tilbod om kompetanseheving i ulike fagsystem og prosessar knytt til medarbeidaroppfølging.

Kommunen har teke i bruk KS Læring som sikrar god tilgang til kurs for alle tilsette. Dette er eit læringssystem der kurs og kompetanseheving vert mellom kommunane i Norge.

Rådmannen vil i 2021 starta å utarbeida ein handlingsplan for arbeidsgjevarspørsmål.

## **Heiltidskultur**

I 2021 vil rådmannen implementera ei heiltidserklæring for Time kommune. Heiltid føreset at kommunen klarer å etablera rette arbeidstidsordningar, motivera tilsette til å jobba i store stillingar og får ein kultur i kvar eining som jobbar mot heiltid.

Heiltid vil også gje betre lønns- og pensjonsvilkår for tilsette.

## **HMS, kvalitet og sjukefråvær**

HMS og kvalitet er ein integrert del i mykje av det daglege arbeidet i kommunen. Eit godt organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø er avgjerande for å førebygga sjukefråvær.

Kommunen arbeider for å etablera ein sterk HMS-kultur og høgt fokus på helsefremjande arbeidsplassar. Alle medarbeidrarar skal ha kunnskap og ferdigheiter som gjer dei i stand til å utføra arbeidet på ein helse- og miljømessig forsvarleg måte. Dette arbeidet må skje i samsvar med internkontrollforskrifta, ved at alle HMS-rutinane, og oversikt over kor dei ulike kvalitetsrutinane kan finnast, er samla i Qm+.

Time har i handlingsplan for Inkluderande Arbeidsliv 2019–2022 sett som mål at kommunen skal ha eit samla sjukefråvær under 6,6 %. Tiltaka i handlingsplanen rettar seg mot førebygging og oppfølging av sjukefråvær, og samspelet mellom HMS og sjukefråvær vert vektlagt. Rådmannen forventar at koronapandemien og smitteverntiltak som krev at terskelen for å vera heime frå jobb er svært låg, vil vera den største enkeltståande påverknadsfaktoren på sjukefråværet i tida framover. Då i særleg grad korttidsfråværet. Dette vil venteleg gje størst utslag på sjukefråværsstatistikken for dei yrka der tilrettelegging for å arbeida frå heimekontor ikkje er mogleg.

## **Rekruttering**

Time kommune har arbeidd med å fulldigitalisera tilsettingsprosessar. Nytt rekrutteringssystem er teke i bruk med digitaliserte arbeidskontraktar og e-signering. Tilsettingsreglementet skal reviderast og det skal utarbeidast nye rutinar slik at prosessane vert standardiserte og enklare for arbeidssøkarar og leiarar.

Time kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar og bruker fleire relevante rekrutteringsarenaer. Det er stor konkurranse om søkerar i regionen og nokre stillingar kan vera meir utfordrande å rekruttera inn i enn andre. I 2021 vil

også endringar i lærarutdanninga frå bachelor til master fører til at det ikkje kjem nyutdanna lærarar før 2022.

## **Lærlingar**

I 2020 var det 105 søkerar til ledige læreplassar i Time kommune og 20 av desse fekk tilbod om læreplass.

Time kommune har lærlingar som helsefagarbeidar(21), barne- og ungdomsarbeidar(12), IKT(1), institusjonskokk(1) og byggdriftar(1). Til saman har kommunen 36 lærlingar fordelt på eit utdanningsløp på 2 år.

Eit viktig langsiktig mål om å få inn lærlingar i nye fag som institusjonskokk og byggdriftarfaget er nådd. Time kommune er på god veg til å nå målet (2 lærlingar per 1000 innbyggjarar) på 38 lærlingar.

For første gong har Time rekruttert inn fleire menn enn kvinner (11 av 20 er menn). Eit er å få fleire menn inn i tradisjonelle omsorgsyrke og denne rekrutteringa bidreg positivt inn i dette.

Kommunen vil halda fram med «Lærlingskulen» som er eit viktig tiltak for å sikra god opplæring og «Bli kjent dagen», som eit viktig moment som bidreg positivt på kompetansenivået og tryggleiken for lærlingane.

Time kommune er medlemsbedrift i NOOS (nettverk for fagopplæring i offentleg sektor). I 2019 vart lærlingkoordinator i Time kommune valt inn i landsstyret for NOOS. Nettverket skal styrka og vidareutvikla fagopplæring i offentleg sektor.

## **Likestilling og likebehandling**

Kommunen har utarbeidd handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfold for perioden 2018–2021. Handlingsplanen skal sikra like utviklingsmøglegheiter, lønns- og arbeidsvilkår for kommunen sine tilsette.

Kommunen arbeider med å rekruttera fleire menn inn i barnehagane og skulane. Det er lettare å rekruttera menn til arbeidsplassar kor det allereie finst andre mannlege tilsette. Per august 2020 er 26 % av lærarane våre menn, medan 6 % av dei tilsette i barnehagane er menn.

Heiltidsstillingar er eit viktig tiltak for å rekruttera menn til desse yrka. I stillingsutlysingar blir menn oppmoda om å söka på stillingar i omsorg, barnehage og skule. Positiv særbehandling skal nyttast for å retta opp ei skeiv kjønnsfordeling. Menn som er kvalifiserte til stillingar skal positivt særbehandlast ved tilsetting innanfor tenesteområda Omsorg og Oppvekst.

## **Informasjonstryggleik og personvern**

Time kommune satsar på informasjonstryggleik og personvern. Personvernombod vart tilsett i desember 2019. Ombodet sit i arbeidsgruppa med ansvar for informasjons- tryggleik og personvern. Målet er å implementera GDPR (personvernlova) og informasjonstryggleik i alle einingar og aktivitetar i kommunen. Tema er sentralt i innkjøp, programvare, digitale verktøy, kontakt med brukarar og publikum med meir. Den største utfordinga er kompetansen til tilsette i kommunen. Satsingane i perioden er å heva kompetansen til tilsette

og laga protokollar for alle behandlingsaktivitetane i kommunen. Styringsdokumentasjon for informasjonstryggleik og personvern samt internkontrollrutinar vil verta revidert i 2021.

## 6.2 Mål for langtidsperioden

- Ferdigstilla og implementera strategisk og operativ handlingsplan for arbeidsgjevarspørsmål
- Implementera heiltidserklæring i Time kommune
- Digitalisering: Skaffa digitale system som effektiviserer prosessar som tradisjonelt har vorte gjennomførde manuelt. For eksempel rekruttering, arbeidskontraktar og auka bruk av e-læring/digitale plattformar som kompetanseutviklingsverktøy.
- Kompetanse: Sikra tilsette relevant og nyttig kompetanse til å utføra arbeidsoppgåvene nå og i framtida. Sikra at organisasjonen beheld og skaffar relevant kompetanse både ved kompetanseoverføring, kompetanseheving og rekruttering for å møta framtidas behov.
- Sjukefråvær lågare enn 6,6 %
- Nå målet om 2 lærlingar per 1000 innbyggjarar, dvs for Time kommune 38 lærlingar

## 6.3 Tiltak i 2021

- Starta prosess med å utvikla strategisk og operativ arbeidsgjevarstrategi
- Implementera Qm+ som HMS-K system i heile kommunen
- Vurdera innkjøp av kompetancesystem
- Implementera KS læring
- Implementera internkommunikasjonskanal
- Ferdigstilla heiltidserklæring for Time kommune
- Implementera revidert styringsdokumentasjon for inninformasjonstryggleik og personvern

# 7 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2021

Når me har prioritert prosjekta i perioden 2021-2024, har me tatt omsyn til politiske vedtak i førre økonomiplan og vedtak i løpet av 2020 som har konsekvensar for økonomiplanen.

Folkeveksten i kommunen har minka dei siste åra og presset for utbygging av kapasitet er redusert.

Endring i klima dei siste åra har medført større nedbørsmengder og me har dei siste åra satsa på å auka kapasiteten på overflatevatn slik at me skal unngå oversumde kjellarar. Denne satsinga held fram i planperioden.

Det ligg i denne økonomiplanen inne store satsingar på idrett: Vardheia idrettshall, turnhall i Vardheia og ny idrettshall Bryne. Den nye idrettshallen skal leigast ut til Bryne vidaregåande skule. Ny symjehall er utsett til etter planperioden.

Me har frå 2012 innarbeidd ei årleg inntekt på 1,5 millionar kroner frå Jæren Energi sin vindpark. Dette er ein avtale inngått mellom Jæren Energi, Time og Hå kommune. Avtalen fell bort om kommunen innfører eigedomsskatt. Inntektene skal brukast til miljøtiltak.

Midlane vert i planperioden nytta til finansiering av tiltak knytt til friluftsliv slik det går fram av prosjekt 5904 Friluftsliv.

## 7.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering

Utgifter i millionar kroner	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
Investeringutsgifter	225,4	322,0	273,3	169,7	69,3	109,6
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2,7	2,8	2,7	2,7	2,8	2,8
Utlån av eigne midlar						
Avdrag på lån						
<b>Netto finansieringsbehov</b>	<b>228,1</b>	<b>324,8</b>	<b>276,0</b>	<b>172,4</b>	<b>72,1</b>	<b>112,4</b>
Momskompensasjon	28,2	49,7	32,7	11,3	5,5	12,5
Tilskot frå andre	51,8	104,9	82,7	54,8	17,8	24,9
Sal	14,3	13,5	10,0	6,0	4,0	
Motatte avdrag på utlån av eigne midlar	5,8	14,5	5,8	5,8	5,8	5,8
Bruk av lån	125,4	134,2	130,0	76,5	23,6	45,9
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>225,5</b>	<b>316,8</b>	<b>261,2</b>	<b>154,4</b>	<b>52,7</b>	<b>93,1</b>
Vidareutlån	21,0	25,0	25,0	25,0	25,0	25,0
Bruk av lån til vidareutlån	21,0	25,0	25,0	25,0	25,0	25,0
Avdrag på lån til vidareutlån	13,8	12,0	10,0	10,0	10,0	10,0
Motatte avdrag på vidareutlån	8,6	12,0	10,0	10,0	10,0	10,0
<b>Netto vidareutlån</b>	<b>5,2</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>
Overføring frå drift	15,5	8,0	14,8	18,0	19,4	19,3
Netto avs. eller bruk av bundne investeringsfond	-2,8					
Netto avs. eller bruk av ubundne investeringsfond						
Dekning av tidlegare års udekka beløp	-4,9					
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b>	<b>7,8</b>	<b>8,0</b>	<b>14,8</b>	<b>18,0</b>	<b>19,4</b>	<b>19,3</b>
Framført til dekning i seinare år (udekka løying)	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

Samla framlegg til investeringar i perioden 2021-2024 er på 632,9 millionar kroner.

Investeringane vert delvis finansierte med momskompensasjon og andre investeringstinntekter på til saman 262,2 millionar kroner. Me eigenfinansierer også delar av investeringane med

driftsmidlar på 71,5 millionar kroner og avdraginnbetaling på utlån til Lyse på 23,2 millionar kroner.

Ny symjehall er nå lagt etter 2024 og påverkar ikkje denne økonomiplanen.

For å kunna gjennomføra investeringsplanen må 276 millionar kroner lånefinansierast. I tillegg tek me opp 100 millionar kroner i startlån til vidare utlån i perioden.

I planperioden er brutto investeringar til skular og barnehagar 71,2 millionar kroner, til omsorg 81,3 millionar kroner, til idrett og friluftsformål 85,3 millionar kroner og til veg og parkanlegg 74 millionar kroner.

Det er i perioden sett av netto 176,9 millionar kroner i vass- og avløpsinvesteringar. Desse investeringane vert finansiert med gebyrinntekter over driftsrekneskapen.

Me har valt å prioritera følgande større investeringsprosjekt:

- Ferdigstilla ny ungdomsskule, fleirbrukskalla og turnhall saman med Klepp i Vardheia
- Barnebustad
- Omsorgsbustader
- Utvida overvasskapasiteten i Bryne
- Sanering av gamle VA-anlegg
- Gjera om Storgata til gågate og oppgradera gata, men først i 2024
- Ny idrettshall på Bryne
- Nytt bårehus ved Time kyrkje
- Parkeringshall ved ny idrettshall

I tabellane som følger presenterer me investeringsprosjekta. Det er tenesteområdet Samfunn som har ansvaret for å gjennomføra bygge- og anleggsprosjekta og dei fleste andre investeringane.

## 7.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale

### Administrasjon og fellesprosjekt

Administrasjon og fellesprosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2020					Etter 2024
			2021	2022	2023	2024	
1101 IKT Investeringar - felles	14 500		4 000	3 500	3 500	3 500	
1107 Politiske rom, kultureining m.m.	1 700		500	1 200			
1111 Rådhuset C-bygg 3. & 4. etasje -forprosjekt	500		500				
1213 Rehabilitering - ventilasjonsanlegg	22 270	20 270	2 000				
1214 Revisjon elektriske anlegg	4 800	3 600	300	300	300	300	
1221 Tilfluktsromma - rehabilitering/oppgradering (6 - 7 stk)	1 500			500	500	500	
1222 UU-tiltak bygg	1 200		300	300	300	300	
1501 110-sentralen	250		250				
1905 Eigenkapital i KLP	10 900		2 650	2 700	2 750	2 800	
2246 Brannsikring/oppgradering skulebygg	4 000	3 000	500	500			
5924 Kartbasar - fly	750			750			
<b>Administrasjon og fellesprosjekt</b>	<b>62 370</b>	<b>26 870</b>	<b>11 000</b>	<b>9 750</b>	<b>7 350</b>	<b>7 400</b>	<b>0</b>

### 1101 IKT Investeringar – felles

I perioden er det budsjettert med i alt 14,5 millionar kroner til IKT investeringar for den samla kommunale tenesteytinga. Kontinuerleg oppgradering av programvare, oppgradering av hardware, innkjøp av nye program og opplæring på desse er ein vesentleg del av investeringane. Utbygging av trådlause nettverk i institusjonar og omsorgsbustader for å

kunna ta i bruk ny velferdsteknologi, vert ei prioritert satsing i perioden når skulane nå er «trådlause». Fleire av programma våre er gamle og må fornyast i perioden. Nye investeringar innan velferdsteknologi og digitalisering er heilt nødvendig for å kunna levera gode tenester til innbyggjarane våre. Dette er RPA tenester (robotisering), oppgradering til O365, sjølvbeteningsløysingar og opne data-prosjekt.

#### *1107 Politiske rom, kultureining med meir*

Det er sett av 1,7 millionar kroner i perioden 2021-2022 til nødvendige rehabiliteringstiltak og utskifting av møblement/utstyr i formannskaps- og kommunestyresalen, samt i første etasje i rådhuset, A-bygget.

#### *1111 Rådhuset C-bygg, 3. og 4. etasje*

Det er sett av 500 000 kroner i 2021 til eit forprosjekt for å finna best mogleg løysing på rehabilitering av 3. og 4. høgda i rådhuset, C-bygget.

#### *1213 Rehabilitering – Ventilasjonsanlegg*

Det er sett av 2 millionar kroner i 2021 til rehabilitering av ventilasjonsanlegg i heile den kommunale bygningsmassen.

#### *1214 Revisjon elektriske anlegg*

I perioden 2021–2024 er det sett av 1,2 millionar kroner til nødvendig revisjon av elektriske anlegg etter tilsyn i den samla kommunale bygningsmassen.

#### *1221 Tilfluktsromma – Rehabilitering/oppgradering*

Prosjektet gjeld rehabilitering og oppgradering av alle tilfluktsromma (6-7 stk.). Det er sett av 500 000 kr årleg frå og med 2022.

#### *1222 UU-tiltak bygg*

Det er sett av 300 000 kroner kvart år i perioden for nødvendige UU-tilpassingstiltak i den samla bygningsmassen.

#### *1501 110-sentralen*

Det er sett av 250 000 kroner i 2021 til installasjon av oppdragshandteringsverktøy for 110-sentralen (beredskap).

#### *1905 Eigenkapital i KLP*

Kommunen har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital som me må ta vår del av.

#### *2246 Brannsikring bygg*

Prosjektet gjeld pålagt oppgradering av brannsikringstiltak i ulike kommunale bygg.

#### *5924 Kartbasar – fly*

Prosjektet gjeld periodisk oppgradering av kartbasar/kartgrunnlag i geovekstsamarbeidet i Rogaland.

## Kulturbrygg og kulturanlegg

<b>Kulturbrygg og kulturanlegg</b>	<b>Prosjekt Budsjett</b>	<b>Før 2021</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>Etter 2024</b>
4309 Mindre ombyggingar kulturbrygg	2 000		500	500	500	500	
4314 Bibliotek - utvida bruk - kjøp av møbler	350			350			
4454 Storstova - utstyr	8 213	7 713			500		
4454 Storstova - rehabilitering	8 350	7 850	500				
4480 Kunstnarleg utsmykking kommunale bygg	2 900	1 350	1 350	100		100	
4480 Kunstnarleg utsmykking kommunale bygg - refusjon	-450		-450				
4516 Oppgradering/rehabilitering av kyrkjene	2 975	975			1 000	1 000	
4517 Bårehus og seremonirom	3 500		3 500				
<b>Kulturbrygg og kulturanlegg</b>	<b>27 838</b>	<b>17 888</b>	<b>5 400</b>	<b>950</b>	<b>1 500</b>	<b>2 100</b>	<b>0</b>

### *4309 Mindre ombyggingar kulturbrygg*

I perioden er det sett av i alt 2 millionar kroner til mindre ombyggingar og rehabiliteringsarbeid av kulturbrygg. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

### *4314 Bibliotek – utvida bruk – kjøp av møbler*

Det er sett av 350 000 kroner i 2022 for tilpassing av biblioteket til utvida bruk.

### *4454 Storstova – utstyr og rehabilitering*

Det er sett av 500 000 kroner til utskifting av teknisk utstyr i 2024 og 500 000 kroner i 2021 til sluttføring av nødvendig rehabiliteringsarbeid i Storstova.

### *4480 Kunstnarleg utsmykking av kommunale bygg*

Til utsmykking av ferdigstilte kommunale bygg og anlegg i perioden er det i tråd med retningslinjene sett av i alt 1,55 millionar kroner. Refusjonen gjeld kostnader for felles utsmykking av Vardheia ungdomsskule og idrettshall frå Klepp kommune.

### *4516 Oppgradering/rehabilitering av kyrkjene*

Det er sett av 2 millionar kroner i 2023-2024 til uspesifisert rehabilitering av kyrkjene i Time.

### *4517 Bårehus og seremonirom*

Det er sett av 3,5 millionar kroner i 2021 til bygging av nytt bårehus og seremonirom ved Time kyrkje.

## **Idrett og friluftsliv**

<b>Idrett og friluftsliv</b>	<b>Prosjekt Budsjett</b>	<b>Før 2020</b>					<b>Etter 2024</b>
			<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	
2249 Vardheia idrettshall	48 700	45 200	3 500				
2249 Vardheia idrettshall-refusjon	-11 700	-18 100	-1 400	7 800			
2249 Vardheia idrettshall-tilskot	-15 600			-15 600			
3801 Symjehall	150 000	1 000				149 000	
3801 Symjehall - tilskot	-36 000					-36 000	
3802 Turnhall	23 700	21 700	2 000				
3802 Turnhall - refusjon	-3 600	-7 700	200	3 900			
3802 Turnhall - refusjon Bryne turn	-4 000	-2 000	-2 000				
3802 Turnhall - tilskot	-7 800			-7 800			
3804 Friidrettsanlegg, Bryne og Lye	400		400				
3805 Ny idrettshall Bryne	60 000	1 000	40 000	19 000			
3805 Ny idrettshall Bryne	-10 000			-10 000			
3806 Bryne u. svømmehall - nødhjelp	300		300				
5903 Leikeplassar/ballbingar	12 000		3 000	3 000	3 000	3 000	
5903 Leikeplassar/ballbingar - tilskot	-2 000		-500	-500	-500	-500	
5904 Friluftsliv - diverse prosjekt	6 500		2 000	1 500	1 500	1 500	
5915 Nærmiljøanlegg	1 600		400	400	400	400	
5915 Nærmiljøanlegg - tilskot	-800		-200	-200	-200	-200	
<b>Sum idrett og friluftsliv</b>	<b>211 700</b>	<b>41 100</b>	<b>47 700</b>	<b>11 500</b>	<b>-5 800</b>	<b>4 200</b>	<b>113 000</b>

### **2249 Vardheia idrettshall**

I forbindelse med bygging av ny ungdomsskule i Vardheia vert det bygd ny idrettshall til ein brutto kostnad på 48,7 millionar kroner og ein nettokostnad på 11,7 millionar kroner etter frådrag av spelemedlar, momskompensasjon (9,7 millionar kroner) og Klepp kommune sin del.

### **3801 Symjehall**

Det er signalisert 149 millionar kroner i bruttoutgifter til realisering av ny symjehall på Bryne etter planperioden. Det er venta spelemedlar på 36 millionar kroner. Me har også budsjettert med full momskompensasjon på 30 millionar kroner, men momskompensasjonen er, som omtalt tidlegare, ein usikker størrelse når det gjeld symjehallar.

### **3802 Turnhall**

I forbindelse med bygging av ny ungdomsskule i Vardheia vert det bygd ny turnhall til ein brutto kostnad på 23,7 millionar kroner. Etter frådrag av spelemedlar, refusjon frå Bryne turn, momskompensasjon (4,7 millionar kroner) og Klepp kommune sin del, vert kommunen sin netto kostnad 3,6 millionar kroner.

### **3804 Friidrettsanlegg, Bryne og Lye**

Det er sett av 400 000 kroner i 2021 til nødvendig og regelmessig djupreinsing og anna oppgraderingsarbeid på anlegga.

### **3805 Ny idrettshall, Bryne**

Ny idrettshall på Bryne skal byggast ved sida av Timehallen og stå klar til bruk hausten 2022. Det er sett av 60 millionar kroner brutto til prosjektet i perioden 2020–2022. Venta spelemedlar til prosjektet er 10 millionar kroner.

### **3806 Bryne ungdomsskule – symjehallen**

Til heilt nødvendig oppgraderingsarbeid er det sett av 300 000 kroner i 2021.

### **5903 Leikeplassar/ballbingar**

I planperioden er det sett av i alt 10 millionar kroner i nettoutgifter til utbetring av leikeplassar og ballbingar. Tilskot gjeld refusjon av spelemidlar for dei ulike tiltaka. Utval for lokal utvikling prioriterer årleg aktuelle tiltak innanfor rammeløyvinga.

### **5904 Friluftsliv**

Kommunen vil årleg bruka 1,5 millionar kroner av kommunale midlar til friluftslivstiltak. Dette er midlane kommunen mottek årleg frå Jæren Energi sin vindpark. I tillegg kjem venta tilskot frå andre eksterne støtteordningar. I 2021 er det i tillegg lagt inn 500 000 kroner til utviding/oppgradering av parkeringsplassar ved utvalde turvegar, og sett opp tiltak som kommunen også får spelemidlar til og tilskot frå Sparebankstiftinga. Det sist nemnde gjeld tiltaka «Dagsturhytteprosjektet» og «Toalett i Sandtangen». Dagsturhytteprosjektet er nærmere omtalt i kapittel 7.4.

Prioriterte tiltak er i samsvar med «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026»

Tiltak	Stad	Finansiering kommune	Finansiering tilskot	År
Ti Turar i Time	Heile kommunen	50		2021
Vedlikehald av turløyper, gjerdeklyvarar og skilting	Heile kommunen	350		2021
Dagsturhytteprosjekt	Lyefjell	600	650	2021
Frisbeegolfanlegg	Ikkje bestemt	250		2021
Toalett	Sandtangen	250	115	2021
Sum		1 500	765	2021
Ikkje-prioritert – neste økonomiplan	Heile kommunen	1 500		2022- 2024

### **5915 Nærmiljøanlegg**

I perioden er det budsjettert med i alt 1,6 millionar kroner i bruttoutgifter til nye nærmiljøanlegg og oppgradering av eksisterande anlegg. I tillegg til aktuelle tiltak, som går fram av handlingsprogrammet for anlegg og område for idrett og friluftsliv, jamfør kapittel 7.4, er det sett av midlar til faste tilskots- og støtteordningar i konkrete nærmiljøtiltak som vert planlagde og utførte saman med vellaga i kommunen. Budsjetterte inntekter er venta spelemidlar til aktuelle nye tiltak.

## Skular og barnehagar

Skular og barnehagar	Prosjekt Budsjett	Før 2021	2021	2022	2023	2024	Etter 2024
2203 Mindre ombyggingar - oppvekst	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
2222 Undheim skule (tak + maling)	1 400		400	1 000			
2242 Varheia ungdomsskule	305 627	261 627	44 000				
2242 Vardhei ungdomsskule - ref. frå Klepp (eks momskomp)	-121 838	-109 238	-12 600				
2242 Vardhei ungdomsskule - refusjon andre	-14 100	-4 100	-10 000				
2244 Rosseland skule bygg D	6 000		2 000	4 000			
2252 Gymsal Bryne skule	4 000			4 000			
2254 UU-tiltak Bryne kompetansesenter	7 500	3 500	4 000				
2256 Frøyland skule - fotballbane	2 842		2 842				
2256 Frøyland skule - fotballbane - tilskot	-600		-600				
2322 Austbø barnehage - påbygg administrasjon	3 000	0	3 000				
<b>Sum oppvekst</b>	<b>199 831</b>	<b>151 789</b>	<b>34 542</b>	<b>10 500</b>	<b>1 500</b>	<b>1 500</b>	<b>0</b>

### 2203 Mindre ombyggingar – oppvekst

I alt 6 millionar kroner er i perioden budsjettet til mindre ombyggingar i barnehagar og skular. Aktuelle tiltak er ombyggingar og større rehabiliteringsarbeid som ikkje er lagde inn i det ordinære driftsbudsjettet. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

### 2222 Undheim skule

Det er sett av 1,4 millionar kroner i 2021-2022 til maling og utskifting av tak.

### 2242 Vardhei ungdomsskule

Fram til 2021 er det sett av eit bruttobudsjett på 305,6 millionar kroner og nettobudsjett på 121,8 millionar kroner etter momskompensasjon og refusjon frå Klepp. I tillegg kjem idrettshall og turnhall, sjå prosjekta 2249 og 3802. Refusjon frå andre gjeld inngått avtale med grunneigarar for refusjon av felles infrastruktur i utbyggingsområdet som er opparbeidd i forbindelse med skuleprosjektet.

### 2244 Rosseland skule bygg D

Oppgradera ventilasjonsanlegget og klasserom i 1. etasje for å kunna utvida elevtalet i perioden 2021–2022 i tråd med føringane i skulebruksplanen.

### 2252 Gymsal Bryne skule

I 2022 er det sett av 4 millionar kroner til oppgradering/utviding av gymsalen ved Bryne skule.

### 2254 UU-tiltak Bryne kompetansesenter

Felles flyktningsteneste for Klepp og Time skal flytta inn her og det trengst ein del bygningsmessige tilpassingar som vert utført i 2020-2021. For å kunna utnytta areala i heile «Sukkerbiten», eldste delen av tidlegare Bryne gymnas, må det mellom anna leggast til rette for heis i denne delen av bygget. Det er sett av 7,5 millionar kroner til prosjektet i perioden 2020–2021.

## *2256 Frøyland skule – fotballbane*

I tråd med vedtak i KS.sak 072/20 vert det lagt kunstgras på fotballbanen ved skulen og installert lys. Det er sett av brutto 2,84 millionar kroner i 2021, og me reknar med å få 600 000 kroner i spelemidlar.

## *2322 Austbø barnehage – påbygg administrasjon*

Prosjektet gjeld tilrettelegging av arbeidsplassar for tilsette i ein av våre eldre barnehagar. For å få dette til på best mogleg vis må mellom anna ein inngang til barnehagen flyttast. Det er sett av 3 millionar kroner til arbeidet i 2021.

## **Omsorg**

Omsorg	Prosjekt Budsjett	Før 2021					Etter 2024
			2021	2022	2023	2024	
3101 Velferdsteknologi	4 800		1 200	1 200	1 200	1 200	
3202 Mindre ombyggingar - omsorg	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
3204 Kjøkken kok/kjøl	1 500		1 500				
3205 Utbygging av Kvernaland omsorgsenter	43 000						43 000
3205 Utbygging av Kvernaland omsorgsenter - tilskot	-24 640						-24 640
3213 Kommunale bustadar kjøp	10 000		2 000	2 000	2 000	4 000	
3213 Kommunale bustadar sal	-16 000		-10 000	-6 000			
3214 Kolheiha omsorgsbustadar - utviding	10 000		10 000				
3214 Kolheiha omsorgsbustadar - tilskot	-4 500		-4 500				
3215 Omsorgsbustader / foreldreinitiativ	18 000					18 000	
3215 Omsorgsbustader / foreldreinitiativ - refusjon/sal	-12 100					-12 100	
3216 Barnebustad/avlastning påbygg	10 000		10 000				
3216 Barnebustad/avlastning påbygg	-5 500		-5 500				
3220 Hjelpermiddel,senger og møbler	2 000		500	500	500	500	
3232 Rehabilitering kommunale utleigebustadar	4 000		1 000	1 000	1 000	1 000	
3248 Planlegging og rehabilitering vaskeriet	5 000		4 000	1 000			
3267 Sivdambassenget flisearbeid	1 500		0		1 500		
3269 Robuste bustader Re 3+2	12 700	5 200		4 500			3 000
3269 Robuste budstader - tilskot	-1 500			-900			-600
3270 Utvide basen Røyrvika	500			500			
3270 Utvide basen Røyrvika - tilskot	-200			-200			
3271 Ombygging av Vestbygget	2 000		2 000	0			
3271 Ombygging av Vestbygget - statstilskot	-900			-900			
3272 Sivdamsenteret - 3 stk nye bad	600			600			
3272 Sivdamsenteret - 3 stk nye bad - refusjon	-270			-270			
3273 Dagsenter for mennesker med demens	300		300				
3273 Dagsenter for mennesker med demens - tilskot	-100			-100			
3276 Ny sjukeheim - utgreiingsarbeid	600					600	
<b>Sum omsorg</b>	<b>66 790</b>	<b>5 200</b>	<b>13 000</b>	<b>5 430</b>	<b>7 700</b>	<b>14 700</b>	<b>20 760</b>

Generelt sett så følger rådmannen opp nyleg godkjend «Bustadplan 2020 – 2040» innan omsorgstenestene.

## *3101 Velferdsteknologi*

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Omsorg i tråd med den digitalbaserte samfunnsutviklinga.

## *3202 Mindre ombyggingar – omsorg*

I perioden er det sett av i alt 6 millionar kroner til mindre ombyggingar og oppgraderingar av helse-, sosial- og omsorgsbygg. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

### ***3204 Kjøkken kok-kjøl***

Prosjektet inneber at eit kjøkken på kvar institusjon og omsorgsbustadene i Sivdamsenteret vert tilrettelagde for mottak og førebuing av måltid som er produsert etter "kok-kjøl"-prinsippet. Kjøkkena vil då brukast til å førebu måltida før dei vert serverte. Arbeidet og innkjøp av nødvendig utstyr er kalkulert til 1,5 millionar kroner.

### ***3205 Utbygging av Kvernaland omsorgssenter***

Det vert planlagt utviding av Kvernaland omsorgssenter etter planperioden, og det vert nå signalisert brutto byggekostnader på 43 millionar kroner. Venta investeringstilskot frå Husbanken er sett til 24,6 millionar kroner.

### ***3213 Kommunale bustader – kjøp og sal***

Det er sett av 10 millionar kroner i planperioden til kjøp av kommunale utlegebustader. Vidare så er det budsjettet med sal av kommunale utlegebustader på 16 millionar kroner i perioden.

### ***3214 Kolheiå omsorgsbustader - utviding***

Til ei utviding med fire omsorgsbustader i Kolheiå i 2021, er det sett av 10 millionar kroner brutto i 2021. Investeringstilskot frå Husbanken er budsjettet med 4,5 millionar kroner.

### ***3215 Omsorgsbustader – foreldreinitiativ***

Det vert planlagt nye omsorgsbustader for unge funksjonshemma innbyggjarar via foreldreinitiativ liknande Foren burettslag på Kvernaland i slutten av planperioden. Det er sett av netto 5,9 millionar kroner til prosjektet i 2024.

### ***3216 Barnebustad/avlastning - påbygg***

Til ei utviding med fire plassar i barne- og avlastningsbustad, er det sett av 10 millionar kroner brutto i 2021. Investeringstilskot frå Husbanken er budsjettet med 5,5 millionar kroner.

### ***3220 Hjelpemiddel, senger og møbler***

Det er sett av 500 000 kroner årleg til nødvendig utskifting av hjelpemiddel, senger og møbler i omsorgsinstitusjonane.

### ***3232 Rehabilitering kommunale utlegebustader***

Prosjektet gjeld handtering av dei store rehabiliteringsutfordringane me har i dei kommunale utlegebustadene våre. I perioden er det sett av 4 millionar kroner til dette arbeidet.

### ***3248 Planlegging og rehabilitering av vaskeriet***

Nåverande vaskeri i underetasjen på Bryneheimen vil verta utvida og oppgradert. Det er sett av 5 millionar kroner til prosjektet i perioden 2021–2022.

### ***3267 Sivdambassenget - flisearbeid***

Prosjektet gjeld større utskifting av fliser i varmtvassbassenget i Sivdamsenteret grunna hygieniske forhold.

### **3269 Robuste bustader, Re**

Det er budsjettert med 5,2 millionar kroner til kjøp av tomt og riving av eldre bygningar på tomta i Grødelandsvegen i 2020. I 2022 er det sett av netto 3,6 millionar kroner til oppføring av ein del av bustadene.

### **3270 Røyrvika – utvida personaleining**

Personaleininga i Røyrvika må utvidast, og det er sett av netto 300 000 kroner til arbeidet i 2022.

### **3271 Ombygging av Vestbygget**

Vestbygget ved Bryneheimen vert bygd om til omsorgsbustader for eldre personar med psykiske vanskar og/eller rusutfordringar i 2021. Det er sett av netto 1,1 millionar kroner til prosjektet.

### **3272 Sivdamsenteret – 3 stk nye bad**

Det vert installert tre nye og bygd om to bad i omsorgsbustadene i Sivdamsenteret i 2022 til ein netto kostnad på 330 000 kroner.

### **3273 Dagsenter for mennesker med demens**

Det er sett av netto 200 000 kroner i 2021 til oppgradering av eit lokale på Bryneheimen til dagsenter for mennesker med demens.

### **3276 Ny sjukeheim - utgreiingsarbeid**

Det er sett av 600 000 kroner i 2024 til utgreiingsarbeid for ny sjukeheim.

## **Veg og parkanlegg**

Veg og parkanlegg	Prosjekt Budsjett	Før 2020					Etter 2024
			2021	2022	2023	2024	
5600 Bilar/maskinar	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
5610 Trafikksikring	3 200		800	800	800	800	
5610 Trafikksikring - tilskot	-2 000		-500	-500	-500	-500	
5643 Utskifting av lysmaster	12 500		2 500	2 500	2 500	2 500	2 500
5664 Asfaltering kommunale vgar	10 000		2 500	2 500	2 500	2 500	
5665 Storgata, Bryne - etablering og opparbeiding til gågate	22 000	2 000				20 000	
5666 Kringsjå - oppgradering av vgar	2 000				2 000		
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506	4 200		4 200				
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506 tilskot	-2 000		-2 000				
5671 Ramshaugvegen, Re - oppgradering av veg	2 300		2 300				
5672 Brusikring	1 600		400	400	400	400	
5674 Vassdragtiltak i Hå- og Orrevassdrag	2 700		900	600	600	600	
5677 Parkeringshall ved Timehallen	12 000		5 000	7 000			
<b>Sum Vegar og parkanlegg</b>	<b>74 500</b>	<b>2 000</b>	<b>17 600</b>	<b>14 800</b>	<b>9 800</b>	<b>27 800</b>	<b>2 500</b>

### **5600 Bilar/maskinar**

Det er sett av i alt 6 millionar kroner i perioden til kjøp og utskifting av bilar og maskinar/utstyr. Avsette midlar skal dekka utskiftingar innan tenesteeininga Eigedom.

### **5610 Trafikksikring**

Det er budsjettert med brutto 3,2 millionar kroner i perioden til diverse trafikksikringstiltak, jamfør handlingsdelen av Trafikksikkerheitsplanen 2016-2025. Handlingdelen av planen legg grunnlaget for søknad om trafikksikkerheitsmidlar frå fylkeskommunen kvart år. Det er

budsjettert med i alt 2 millionar kroner i trafikksikringstilskot i perioden. Handlingsdelen legg i utgangspunktet opp til brutto utgifter på 2,9 millionar kroner i perioden og 1,7 millionar kroner i trafikksikringstilskot fra fylkeskommunen. Dette tilseier netto utgifter i heile perioden på 1,2 millionar kroner som budsjettert.

#### **5643 Utskifting av lysmaster**

Prosjektet gjeld utskifting av gamle lysmaster langs kommunale vegar og gater. Det er sett av 2,5 millionar kroner kvart år i perioden. Prosjektet er klart energieffektiviserande.

#### **5664 Asfaltering kommunale vegar**

Det er føreslått å setta av i alt 10 millionar kroner til asfaltering av kommunale vegar i perioden for å ta att noko av etterslepet me har. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år kva vegar/gater som skal ha prioritet.

#### **5665 Storgata, Bryne – etablering og opparbeiding til gågate**

Prosjektet gjeld planarbeid for utarbeiding av gatebruksplan i Bryne og reguleringsplan for Storgata til gågate. I tillegg er det lagt inn opparbeidingskostnader for Storgata som gågate på 20 millionar kroner i 2024. Bidrag til opparbeidinga av gågata frå eigedomseigarane vil avklarast i det vidare forprosjektarbeidet.

#### **5666 Kringsjå – oppgradering av vegar**

Det er sett av 2 millionar kroner i 2023 til oppgradering av vegar på Kringsjå etter at større VA-tiltak er utført i området.

#### **5668 Krysset Åsenvegen/FV 506**

I samarbeid med Rogaland fylkeskommune, Samferdsel, vil fylkeskommunen oppgradera krysset Åsenvegen/FV 506 og Åsenvegen med anleggsstart i 2021. Etter avtale med fylkeskommunen vil kommunalt tilskot vera 4,2 millionar kroner. Det er elles gjeve tilsegn om 2 millionar kroner i trafikksikringsmidlar til prosjektet.

#### **5671 Ramshaugvegen, Re – oppgradering av veg**

Det er sett av 2,3 millionar kroner i 2021 til oppgradering av Ramshaugvegen på Re.

#### **5672 Brusikring**

Prosjektet gjeld sikringsarbeid av kommunale bruer etter gjennomført brukkontroll. Det er sett av 400 000 kroner kvart år i perioden.

#### **5674 Vassdragstiltak i Hå- og Orrevassdraget**

Prosjektet gjeld kantoppbygging langs delar av Roslandsåna i 2021 saman med grunneigarar og Klepp kommune. I tillegg er det avsett 600 000 kroner kvart år til felles vassdragstiltak saman med Hå, Klepp og aktuelle grunneigarar langs Hå- og Orrevassdraga.

#### **5677 Parkeringshall ved Timehallen**

Det er sett av 12 millionar kroner til parkeringshall med 40 plassar ved Timehallen i forbindelse med bygging av ny idrettshall.

## Vatn, avløp og renovasjon

Vann, avløp og renovasjon	Prosjekt Budsjett	Før 2020	2021	2022	2023	2024	Etter 2024
5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett	12 000		4 000	4 000	2 000	2 000	
5535 Ny renovasjonsordning	3 400	2 500	200	700			
5550 OV separering av felleskummar	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
5556 Overvasstiltak Rosseland - Kong Haakons gate	38 500	1 500	20 000	17 000			
5557 Vassmålarar - innkjøp av husstandsmålarar	1 200		300	300	300	300	
5562 Sanering VA og OV leidningar - Eikeberget,Varden,Ørnaha	11 000		7 500	3 500			
5563 Sanering VA og OV leidningar - Kolheibrotet og Austbøveg	15 500	1 000		8 500	6 000		
5564 Sanering VA og OV - Foren, Bryne	4 000					4 000	
5565 Rehabilitering av hovedvassleidning Arne Garborgs veg	13 000				5 000	8 000	
5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen	27 700	700				13 500	13 500
5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen -refusjon	-10 000					-5 000	-5 000
5568 Sanering av VA og OV leidningar Kvernelandsvegen	16 500	5 400	11 100				
5568 Sanering av VA og OV leidningar Kvernelandsv. - Refusjon	-3 800	-3 800					
5569 Overvasstiltak Elisberget vest, Bryne	24 000	3 000		5 000	16 000		
5570 VA-tiltak i Kalbergvegen - Fagrefjell Statnett SF	4 000	4 000					
5571 Vestly høgdebasseng - utfasing	10 250	250					10 000
5572 Sanering VA og OV leidningar, Hognestadvegen	5 000			5 000			
5573 Sanering VA og OV leidningar, O.G. Kvernelandsveg	10 000				3 000	7 000	
5574 VA-tiltak, Theodor Dahls veg + Gretebakken, Kvernaland	11 100		7 000	4 100			
5574 VA-tiltak, Theodor Dahls veg, Kvernaland - Refusjon utbygg	-5 544		-4 000	-1 544			
5575 VA-tiltak, Reemarka, Bryne	27 000		13 500	13 500			
5575 VA-tiltak, Reemarka, Bryne - refusjon	-23 600		-13 000	-10 600			
5576 VA-tiltak, Stemmen, Håland - Anleggsbidragsmodellen	46 000		20 000	26 000			
5576 VA-tiltak, Stemmen, Håland - Refusjon	-36 000		-18 000	-18 000			
5577 Sanering VA og OV leidningar Trallfavegen/Myrboret	10 500		5 500	5 000			
5577 Sanering VA og OV leidningar Trallfavegen/Myrboret - refu	-7 800			-3 800	-4 000		
<b>Sum vann, avløp og renovasjon</b>	<b>209 906</b>	<b>14 550</b>	<b>55 600</b>	<b>60 156</b>	<b>33 800</b>	<b>27 300</b>	<b>18 500</b>

### 5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett

Prosjektet gjeld nødvendige utskiftingar av større teknisk VA-utstyr som plutselig vert defekt, samt innkjøp av vassmålarar til det offentlege vassnettet.

### 5535 Ny renovasjonsordning

Prosjektet gjeld innkjøp av nye større avfallsdunkar som følge av at plastemballasjen frå 2019 kan inngå i restavfallet. I tillegg er det lagt inn kjøp av noko digitalisertingsverktøy innan renovasjonstenesta slik at den vert meir serviceretta for innbyggjarane og renovatørane.

### 5550 Overvasstiltak – Separering av felleskummar, Bryne

Det er utført nettanalyse på Bryne og utarbeidd ein foreløpig oversikt over høgst nødvendige overvasstiltak. Tiltaka er vurderte, kostnadsrekna og er prioriterte i handlingsdelen av ny hovudplan for vatn og avløp. Føreslått løyving i perioden 2021–2024 på 6 millionar kroner skal nyttast til separering av felleskummar på Bryne.

### 5556 Overvasstiltak Rosseland – kapasitetsutviding Kong Haakons veg, Bryne

Det er sett av i alt 38,5 millionar kroner fram til 2022 for utviding av overvasskapasiteten i/langs Kong Haakons veg på Rosseland.

### 5557 Vassmålarar – innkjøp av husstandsmålarar

Innkjøp av nye vassmålarar til bruk i husstander er budsjettert med 300 000 kroner kvart år i perioden.

#### **5562 Sanering VA og OV leidningar - Eikeberget, Varden og Ørnahaugen, Bryne**

Det er sett av i alt 11 millionar kroner i åra 2021–2022 til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført separering av alle bygningar. Anleggsstart er venta tidleg i 2021.

#### **5563 Sanering VA og OV leidningar – Kolheibrotet og Austbøvegen, Bryne**

Det er sett av i alt 15,5 millionar kroner fram til 2023 til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar. Forprosjekt er under utarbeiding.

#### **5564 Sanering VA og OV leidningar – Foren, Bryne**

Det er sett av i alt 4 millionar kroner i slutten av perioden til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar.

#### **5565 Rehabilitering av hovudvassleidningen i Arne Garborgs veg, Bryne**

Det er sett av 13 millionar kroner i slutten av perioden for å rehabilitera hovudvassleidningen frå 1950 i Arne Garborgs veg. Leidningen skal dels strømpeforast og skiftast ut. I tillegg vert avløpsleidningar som ligg i same trasè skifta ut.

#### **5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen, Bryne**

Det er sett av 27,7 millionar kroner brutto til nødvendig utbygging og oppgradering av VA- og OV-anlegg i forbindelse med utbyggingsplanane på stadionområdet. Det er avtalt at utbyggjarane skal dekka 10 millionar kroner av prosjektet. Største delen av den kommunale investeringa her ligg i utskifting av all gammal VA-infrastruktur i Trallfavegen. Prosjektet er usikkert grunna framdrifta i stadionutbygginga.

#### **5568 Sanering av VA og OV leidningar Kvernelandsvegen, Kvernaland**

Prosjektet gjeld utskifting av hovudvassleidningen i asbest, samt utskifting av spill- og overvassleidningar. Prosjektet vert utført samtidig med at Statens vegvesen utfører rehabiliteringsarbeid på Kvernelandsvegen. Samla brutto prosjektkostnad er kalkulert til 16,5 millionar kroner. Statens vegvesen bidreg med 3,8 millionar kroner i refusjon. Prosjektstart i oktober 2020.

#### **5569 Overvasstiltak Elisberget vest, Bryne**

Det er sett av 24 millionar kroner til utskifting av vassleidningar av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar. Ein mindre del av prosjektet i Hognestadvegen er utført saman med nå sluttført arbeid i Kjeldevegen.

#### **5571 Vestly høgdebasseng - utfasing**

Til vurdering og prosjektering av mogleg utfasing av Vestly høgdebasseng er det sett av 250 000 kroner i 2020. Prosjektet skal legga til rette for tosidig vassforsyning til Time aust, Lye og Vestly. Områda kan då forsynast både via uttak frå IVAR IKS sin Jærleidning på

Norheim og på Serigstad. Forprosjekt med kostnadsoverslag vert utarbeidd og lagt fram for politisk behandling i 2020/21.

**5572 Sanering VA og OV leidningar, Hognestadvegen, Bryne**

Prosjektet gjeld utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar.

**5573 Sanering VA og OV leidningar, O. G. Kvernelandsveg, Kvernaland**

Prosjektet gjeld utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar. Prosjektet er planlagt gjennomført i slutten av perioden.

**5574 VA-tiltak, Theodor Dahls veg og Gretebakken, Kvernaland**

Prosjektet gjeld utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar. Etter inngått utbyggingsavtale vil utbyggjar i Kvernaland sentrum bidra med vel 5 millionar kroner i tilskot til anleggsarbeidet. Anleggsstart er venta tidleg i 2021.

**5575 VA-tiltak, Remarka, Bryne**

Prosjektet gjeld utskifting og oppgradering av VA og OV leidningar i forbindelse med utbygging av eit nytt bustadfelt i Remarka. Det er her naturleg at kommunen oppgraderer leidningsnettet for å kunna handtera større utbyggingar sør for Orrevegen om nokre år. Etter inngått utbyggingsavtale vil prosjektet verta gjennomført etter anleggsbidragsmodellen.

**5576 VA-tiltak, Stemmen, Håland, etter anleggsbidragsmodellen**

Prosjektet gjeld utskifting og oppgradering av VA og OV leidningar i forbindelse med utbygging av eit nytt bustadfelt i Stemmen. Det er her naturleg at kommunen oppgraderer leidningsnettet for å kunna handtera rehabilitering av leidningsnettet i det eldre bustadfeltet i Stemmen. Etter inngått utbyggingsavtale vil prosjektet verta gjennomført etter anleggsbidragsmodellen.

**5577 Sanering av VA og OV leidningar i Trallfavegen/Myrbrotet, Bryne**

Prosjektet gjeld utskifting og oppgradering av VA og OV leidningar i forbindelse med utbygging av nåverande «Bavariatomt» på Bryne. Det er her naturleg at kommunen oppgraderer leidningsnettet for å kunna handtera større utbyggingar på den gamle «Time vgs tomta». Etter inngått utbyggingsavtale vil utbyggjar dekka 7,8 millionar kroner av anleggskostnadene.

## **7.3 Trafikksikringsplan**

Me planlegg utføring av aktuelle tiltak ut frå det me ser er mest hensiktsmessig og rimelegast i planperioden samla sett. Handlingsdelen legg i utgangspunktet opp til brutto utgifter på 2,9 millionar kroner i perioden og 1,7 millionar kroner i trafikksikringstilskot frå fylkeskommunen. Dette tilseier netto utgifter i heile perioden på 1,2 millionar kroner som budsjettert, jamfør kapittel 7.2.

## Handlingsplan fysiske tiltak - Trafikksikringsplan 2016-2025

Handlingsplanen er oppdatert med tiltak for perioden 2021-2024.

Namn på tiltak	Tilskot	Kostnad	2021	2022	2023	2024
Frøyland skule		48	48			
Skilting, evt. endring av parkeringsplass	0	0	0			
Søknad TS-Midlar						
Kryss ved Brekkevegen /Ungdomsvegen		350		200	150	
Brekkevegen Markavegen						
Gangfelt, fartsreduserende tiltak						
Søknad TS-Midlar	60 %	210		120	90	
Trafikksikringstiltak		750		250	250	250
Fartsdempande tiltak						
Universell utforming						
Bomsperre						
Frisikt						
Søknad TS-Midlar	60 %	450		150	150	150
Kalbergvegen		600		600		
Fortau, sikring av farlig skuleveg						
Søknad TS-Midlar	60 %	360		360		
Kvålevegen - Søre Kvålevegen		120			120	
Avstenging						
Søknad TS-Midlar	60 %	72			72	
Morenefaret		250	250			
Opphøgd gangfelt og intensivbelysning						
Søknad TS-Midlar	60 %	150	150			
Lye		200	200			
Belysning i undergang						
Fartshump						
Gangfelt, bom						
Søknad TS-Midlar	60 %	120	120			
Roald Amundsens gate		100	100			
Fartshumper						
Søknad TS-Midlar	60 %	60	60			
Hetlandsgata		160	80	80		
Gangfelt, tilrettelegging for fotgjengarkrysningar						
Søknad TS-Midlar	60 %	96	48	48		
Fjermestadvegen		300				300
Belysning ved undergang						
Søknad TS-Midlar	60 %	180				180
<b>Sum Trafikksikringstiltak</b>		<b>2878</b>	<b>678</b>	<b>1130</b>	<b>520</b>	<b>550</b>
<b>Sum søknad trafikksikringsmidlar (TS-midlar)</b>		<b>1698</b>	<b>378</b>	<b>678</b>	<b>312</b>	<b>330</b>
<b>Sum kommunale midlar</b>		<b>1180</b>	<b>300</b>	<b>452</b>	<b>208</b>	<b>220</b>

## **Handlingsplan haldningsskapande tiltak**

<i>Haldningsskapande tiltak 2021</i>	<i>Finansiering</i>
Markering av nasjonal refleksdag. Trafikksikringskurs for tilsette som kører bil i teneste. Alle tilsette skal gjennomføra e-læringskurs i trafikktryggleik.	Stimuleringsmidlar gjevne av Trygg Trafikk etter godkjenning som Trafikksikker kommune.

## **7.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidlar**

For å få spelemidlar er det ein føresetnad at eit prosjekt er med i det prioriterte handlingsprogrammet. Ved søknad om tilskot frå spelemidlane er det for tida tre tilskotsordningar:

- Tilskot til ordinære anlegg for idrett og friluftsliv som gjeld både nye anlegg og rehabilitering av eldre anlegg
- Tilskot til nærmiljøanlegg
- Tilskot til kulturbrygg

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026 omfattar ordinære anlegg og nærmiljøanlegg som er aktuelle for delfinansiering med spelemidlar. Tiltak som er gjennomførte, men som ikkje har fått tilsegn om tilskot vert prioriterte før nye tiltak.

*Forklaring til tabellane:*

- Bakgrunnsfarge Anlegg som er markert med bakgrunnsfarge er ferdigstilte  
\* Kollonna viser samla finansiering før 2021 (kommunale tilskot, spelemidlar og private midlar/dugnad)
- K Kommunalt tilskot  
SM Spelemidlar  
A Andre (private midlar/dugnad)  
E Etter perioden 2021-2024
- Raud tekst Nye anlegg i handlingsprogrammet

## Ordinære anlegg – handlingsprogram 2021-2024

### Kommunale anlegg

Nr	Anlegg	Stad	Kost i alt	Før 2021*	Anleggstart – Finansiering i 1000 kr												
					2021			2022			2023			2024			
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	
1	Fleir brukshall	Kvernallen	27 000	24 667		2 333											
2	Fleir brukshall	Vardheihallen	48 700	34 496	3 500	4 896			5 808								
3	Toalett	Sandtangen	365					250	115								
4	Buldrerom	Vardheia u.	2 207	1 297					910								
5	Turnhall	Vardheihallen	23 700	9 900	2 000	2 600	4 000		2 600		2 600						
6	7'ar bane, kunstgras	Vardheia u.	3 000		2 300						700						
7	Lysløype	Sandtangen	1 800	1 200		600											
8	Fleir brukshall	Bryne	60 000	1 000	40 000			9 000			10 000						
9	Dagsturhytte	Lyefjell	1 250		600	400	250										
10	Treningsfelt med kunstgras	Frøyland	2 842		2 242											600	
11	Symjehall	Bryne	149 000	1 000										E			

- 1) Ny fleir brukshall på Kvernaland vart ferdigstilt i 2017. Her ventar me på siste rest av spelemidlar i 2021.
- 2) Ny fleir brukshall i Vardheia er omtalt under prosjekt 2249. Klepp kommune refunderer Time for halvparten av den kommunale delen av kostnadene i prosjektet.
- 3) Det er planlagt toalettanlegg i Sandtangen. 1/3 av kostnadene ved dette anlegget vert finansiert av spelemidlar.
- 4) Buldrerom ved Vardheia ungdomsskule er ein del av prosjekt 2249.
- 5) Ny turnhall i Vardheia er omtalt under prosjekt 3802. Klepp kommune refunderer Time for halvparten av den kommunale delen av kostnadene i prosjektet.
- 6) 7'ar bane kunstgras i Vardheia er ein del av prosjekt 2242, «Vardheia ungdomsskule».
- 7) Siste rest av lysløypa i Sandtangen fekk nytt lys i 2018. Prosjektet er fullfinansiert, men me søker om spelemidlar på 600 000 kroner.
- 8) Ny kommunal idrettshall er planlagt ferdigstilt hausten 2022 og omtalt i prosjekt 3805.
- 9) Rogaland fylkeskommune har denne hausten teke initiativ til eit dagsturhytte-konsept, med målsetting om å få på plass ei dagsturhytte i kvar kommune i Rogaland. Konseptet er ein modell frå tidlegare Sogn og fjordane fylkeskommune, sjå [www.dagsturhytta.no](http://www.dagsturhytta.no). Hytta kostar om lag 1,25 millionar kroner og forutan eigenkapital på om lag 0,6 millionar kroner bidreg Sparebankstiftelsen SR Bank med 250 000 kroner og spelemidlane med 400 000 kroner. Dei kommunale midlane vert løyvde over prosjekt 5904, «Friluftsliv». Kommunen er i dialog med fleire grunneigarar med tanke på høveleg plassering av hytta.
- 10) I tråd med Time kommunestyre sitt vedtak den 15.09.20, sak 072/20, vil det verta sett opp lys og lagt kunstgras på fotballbanen ved Frøyland skule. Kostnadene er berekna til om lag 2,84 millionar kroner, og me søker om 600 000 kroner i spelemidlar. Kunstgrasbanen er omtalt i prosjekt 2256.

- 11) Time kommune har planar om å realisere ein ny symjehall mellom Rosseland skule og Hetlandsgata på Bryne, jamfør KS-046/17, men det er ikkje funne økonomiske midlar til ny symjehall i perioden. Symjehallen er omtalt i prosjekt 3801.

#### Private anlegg

Nr	Anlegg	Stad	Kost i alt	Før 2021*	Anleggstart – Finansiering i 1000 kr											
					2021			2022			2023			2024		
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A
1	Rehab. fotball- og friidrettsanl.	Frøyland stadion	8 300	6 400	517	1 383										
2	Dekke/gulv	Bryne tennishall	879	486	100	293										
3	Banetoalett	Jæren golfklubb	300	200		100										
4	Klubbhus/utviding hall	Bryne tennishall	12 000		1 000		1 000	1 000	1 333	1 000	1 000	1 333	1 000	1 000	1 334	1 000
5	Rehabilitering kunstgrasbane	Frøyland stadion	3 000	1 000				250			250	1 000		250	E	
6	Fotballhall m/ kunstgras	Sparebanken Jæren-hallen	9 300	3 100	400			600	1 000		750	1 000		750	E	1 100
7	Lager for idrettsutstyr ol.	Frøyland stadion	480	160				160	160							
8	Kunstgras, hovudbanen	Bryne stadion	7 500													

I økonomiplanperioden er det kvart år sett av 2 millionar kroner i tilskot til private idrettsanlegg.

- 1) Frøyland IL sitt prosjekt med oppgradering av friidrettsanlegget ved Frøyland stadion har ein totalkostnad på om lag 8,3 millionar kroner. Siste rest av kommunale midlar på 517 000 kroner ligg inne i 2021 til dette prosjektet. Første halvpart av speleidlane fekk dei i år, mens den resterande halvparten får dei i 2021. Rådmannen gjer merksam på at det allereie er forskottert speleidlane.
- 2) Sommaren 2018 var det heilt nødvendig for Bryne tennisklubb å legga skikkeleg dekke i tennishallen. Prosjektet er kostnadsrekna til 879 000 kroner, og tennisklubben søker om 1/3 i kommunal støtte og 1/3 i støtte frå speleidlane. Den resterande tredjedelen finansierer dei med eigeninnsats. Siste rest av kommunale midlar på 100 000 kroner ligg inne i 2021.
- 3) Jæren golfklubb har sett opp eit banetoalett på golfbanen sin på Grødem. Det vert søkt om kommunale midlar på 100 000 kroner som vert finansiert i 2020 via prosjekt 5915 «Nærilmiljøanlegg». Resten vert finansiert med speleidlane og eigeninnsats.
- 4) Bryne tennisklubb har vore svært uheldige med klubbhuset sitt som vart påtent sommaren 2018. Klubbhuset er heilt øydelagt innvendig og klubben leiger derfor mellombels lokale hos Serigstad, på motsett side av Kong Haakons veg, sett frå klubbhuset deira. Tennisklubben søker om tilskot til nytt klubbhus og utviding av tennishallen slik at dagens utandørsbanar kan få tak og veggar. Prosjektet er kostnadsrekna til 12 millionar kroner og tennisklubben ser for seg ein tredeling av kostnadene, det vil seia 1/3 frå kommunen, 1/3 frå speleidlane og siste 1/3 som eigeninnsats, for eksempel dugnad, eigenkapital og liknande. Dei kan søka om

spelemidlar tilsvarende 4 millionar kroner. Rådmannen føreslår å løyve 1 million kroner kvart år i perioden 2021-2024.

- 5) Frøyland IL sin kunstgrasbane vart rehabilert i sommar, etter 13 års bruk. Kostnadene samla sett er 3 millionar kroner og idrettslaget ser for seg ein tredelt finansieringsplan, jamfør avsnittet over om Tennisklubben. Dei søker om spelemidlar tilsvarende 1 million kroner. Rådmannen føreslår å løyve 250 000 kroner kvart år i tida 2022–2024. Siste rest av tilskotet vert løyvd etter perioden.
- 6) Fotballhallen til Undheim IL vart realisert på rekordfart og dei hadde offisiell opning av hallen den 30. november 2019. Fotballhallen med kunstgras er kostnadsrekna til totalt 9,3 millionar kroner og idrettslaget søker om tilskot basert på «tredjedelsordninga» med 3,1 millionar kroner på kvar av kommunen, spelemidlar og eigeninnsats. Rådmannen føreslår å løyve 400 000 kroner i 2021, 600 000 kroner i 2022 og 750 000 kroner i både 2023 og 2024. Resterande kommunalt tilskot, 600 000 kroner, vert fordelt etter perioden.
- 7) Frøyland IL ferdigstilte nytt lager til friidretts- og driftsutstyr sist vinter. Dette er kostnadsrekna til 480 000 kroner og idrettslaget søker kommunen om tilskot på 160 000 kroner (1/3), og i tillegg tilsvarende beløp i spelemidlar og eigeninnsats. Rådmannen føreslår å løyve 160 000 kroner til dette prosjektet i 2022.
- 8) Bryne FK har planar om å legga kunstgras på hovudbanen, samt etablera ein eigen trimpark ved Bryne stadion. Kostnadene knytt til hovudbanen er berekna til 7,5 millionar kroner og Bryne FK ser for seg ein tredelt finansieringsplan, jamfør avsnitta over. Dei kan søka om spelemidlar tilsvarende 2,2 millionar kroner. Trimparken er omtalt under «Nærmiljøanlegg». Rådmannen har ikkje funne midlar til dette prosjektet i økonomiplanperioden.

Føreslått løyving til private idrettsanlegg i perioden 2021-2024 på 2 millionar kroner kvart år er fordelt til Bryne Tennisklubb, Frøyland IL og Undheim IL. Desse idrettslagene har anten ferdigstilt fleire kostnadskrevjande idrettsanlegg eller er godt i gang med å realisera sine planar.

#### Nærmiljøanlegg – handlingsprogram 2021-2024 (prosjekt 5915)

Nr	Anlegg	Stad	Kost i alt	Før 2021*	Anleggstart – Finansiering i 1000 kr											
					2021			2022			2023			2024		
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A
1	Fleiraktivitetsområde	Lye, L24	684	384		300										
2	Fleiraktivitetsområde	Lye, L28	607	307		300										
3	Fleiraktivitetsområde	Lye, L32	615	315					300							
4	To minibingar	Frøyland stadion	300						150	150						
5	Trimpark	Bryne stadion	1 500	300			900	100			100				100	
6	Klatrepark	Lye	1 450		650		500					300				
7	Fleiraktivitetsområde	Vardheia u.	1 000	700								300				
8	Fleiraktivitetsområde	Vardheia u.	1 000	700											300	
9	Fleiraktivitetsområde	Vardheia u.	1 000	700											300	
10	Nærmiljøkart	Sælandsfjellet	448											224		224

- 1-3) På Lye søker kommunen om spelemidlar til tre kvartalsleikeplassar, 300 000 kroner til kvart prosjekt.
- 4) Frøyland IL har etablert to minibingar ved sitt anlegg på Frøyland. Kostnadene er berekna til 300 000 kroner og dei søker berre om spelemidlar på 150 000 kroner. Resten tek dei sjølv.
- 5) Bryne FK har planar om å etablira ein trimpark ved Bryne stadion. Kostnadene er berekna til 1,5 millionar kroner. Fotballklubben fekk i år tilsegn om spelemidlar på 300 000 kroner. Dei søker også om tilskot frå kommunen på tilsvarande beløp, og rådmannen føreslår å løyve 100 000 kroner kvart av åra 2021, 2022 og 2023 over prosjekt 5915, «Nærmiljøanlegg».
- 6) Det er planar om å få på plass ein klatrepark på Lye. Totalkostnader er berekna til 1,45 millionar kroner. Dette etter initiativ frå Sparebankstiftelsen SR-Bank som går inn med eit bidrag på 500 000 kroner. I tillegg søker kommunen om spelemidlar på 300 000 kroner og resten vert finansiert med kommunale midlar på 650 000 kroner.
- 7-9) I forbindelse med bygging av ny ungdomsskule i Vardheia vert det lagt til rette fleire flotte fleiraktivitetsområde utomhus. Dette er allereie fullfinansiert, men me kan søka om spelemidlar til nokre av elementa i skulen sitt uteområde.
- 10) Ålgård orientering har planar om å få på plass eit nærmiljøkart for Sælandskogen. Samla kostnader for kartet er berekna til 448 000 kroner. Dei søker om spelemidlar på 224 000 kroner, mens siste halvdel av kostnadene dekker dei sjølv.

### Private kulturbrygg – handlingsprogram 2021-2024

Nr	Anlegg	Stad	Kost i alt	Før 2021*	Anleggstart – Finansiering i 1000 kr											
					2021			2022			2023			2024		
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A
1	Tilbygg til bedehus	Zion, Bryne	1 780	1 480	200		100									
2	Ny speiderhytte	Ungdomsskogen, Bryne	3 000		300			500	1 000	1 200						

I økonomiplanperioden er det kvart år sett av 500 000 kroner i tilskot til private kulturbrygg.

- 1) Time formannskap gjorde den 01.09.20, i sak 078/20, vedtak om å løyva 200 000 kroner til Zion og det nye tilbygget deira i Meierigata 24, Bryne. Tilskotet vedkjem budsjettposten til private kulturbrygg. Zion har i tillegg fått tilsegn om tilskot på 100 000 kroner frå Sparebankstiftinga Time og Hå til prosjektet sitt.
- 2) Bryne speidergruppe, i samarbeid med Vesterlen speiderkrets, har planar om å realisera ei speidarhytte på Bryne. Speidarkretsen har realisert eit tilsvarande prosjekt på Gausel i Stavanger og held på å planlegga ytterlegare ei hytte på Hommersåk i Sandnes. Det er sett på ulike lokasjonar i Bryne og speidarane vil prøva å få dette til i utkanten av Ungdomsskogen, like ved Jærbarnehagen. Hytta vil vera tilgjengeleg for skular, barnehagar og liknande på dagtid. Prosjektet er kostnadsrekna til 3 millionar kroner og speidarane ser for seg ei tredeling av

kostnadene med kommunale midlar, spelemidlar og eigeninnsats. Rådmannen føreslår, i denne omgang, å løyva til saman 800 000 kroner fordelt over dei to neste åra, 2021 og 2022, jamfør tabellen over.

### **Uprioriterte anlegg**

Anlegg som ikkje har kome med i det prioriterte handlingsprogrammet:

Rådmannen har tidlegare registrert ønske om å legga kunstgras og lys på grusbanane ved Grønsko/1900-krysset og Eivindsholen på Bryne, samt etablering av skateanlegg på Undheim. Bryne FK har planar om å rehabilitera kunstgrasdekket i Jærhallen som har vore i bruk i 18 år. I løpet av sommaren har kommunen fått spørsmål om det er mogleg å få på plass ein frisbeegolfbane ein stad i kommunen.

Oversikt over uprioriterte anlegg og andre tiltak framgår av kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016–2026, vedteke av Time kommunestyre 07.02.17.

### **Uttale frå Time idrettsråd**

Time idrettsråd sin uttale til føreslårte tiltak og prioriteringar i økonomiplanen som gjeld idretten, vil verta lagt ved saksframlegget til økonomiplanen når uttalen ligg føre.

### **Konklusjon**

Det vert søkt om spelemidlar i 2021 for dei tiltaka i handlingsprogrammet som allereie er gjennomførte og som ein tek sikte på å gjennomføra i 2021 og 2022. Handlingsprogrammet 2021-2024 vert revidert i tråd med tabellane over.

# 8 Brukarundersøkingar, samarbeid og plansystem

## 8.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar

Gjennom tilbakemeldingar frå brukarane får kommunen kunnskap om tenestene har rett kvalitet og møter behova. Desse tilbakemeldingane kan gje grunnlag for å justera på tenestene. Resultat frå gjennomførte brukarundersøkingar vert omtalte i årsrapportane. I perioden 2021-2024 er det planlagt gjennomført følgande brukar- og spørjeundersøkingar:

	Sist gjennomført	Hyppigheit	2021	2022	2023	2024
<b>OPPVEKST</b>						
Barnehage	2020	Anna kvart år	x		x	
Elevundersøking*	2020	Kvart år	x	x	x	x
Foreldreundersøking*	2020	Kvart år	x	x	x	x
Kulturskule (foreldre/pårørande og elevar frå og med 8. trinn)	2020	Anna kvart år		x		x
Helsestasjon- og skulehelseteneste	2019	Anna kvart år	x		x	
Barnevern**		Kontinuerleg				
SFO	2019	Anna kvart år	x		x	
<b>OMSORG</b>						
Institusjonstenester (brukarar/pårørande)	2019	Kvart tredje år			x	
Heimeteneste (brukarar)	2017	Kvart tredje år	x			x
Miljøteneste (brukrar/pårørande)	2018	Kvart tredje år		x		
Psykisk helse og rusarbeid	2017	Kvart tredje år	x			x
Bryne Aktivitetssenter (pårørande og brukarar)	2020	Kvart tredje år			x	
Dagsenter for eldre	2019	Kvart tredje år			x	
Dagesenter for personar med demens (pårørande og brukarar)	Ny	Kvart tredje år		x		
Teneste- og samordningskontoret	Ny	Kvart tredje år		x		
<b>SAMFUNN</b>						
Private reguleringsplanar*	2015	Anna kvart år	x		x	
Byggjesaksbehandling	2016	Kvart fjerde år	x			
Saksbehandling i landbruket*	2016	Kvart fjerde år	x			
Fysioterapi (kommunal og privat)	2016	Kvart fjerde år	x			
Ergoterapi	2016	Kvart fjerde år	x			
Frisklivsentralen	Ny	Kvart fjerde år		x		
NAV Klepp-Time*	2016	Anna kvart år	x		x	
Avfall frå private hushald	2019	Kvart fjerde år			x	
Drikkevatn	2019	Kvart fjerde år			x	
Mottak av flyktningar	2018	Kvart tredje år	x			x
Fritidstilbod for eldre*	2013	Kvart fjerde år		x		
Kino og kulturhus*	2014	Kvart tredje år		x		
Bibliotek	2019	Kvart tredje år		x		
<b>ORGANISASJON</b>						
Medarbeidarundersøking	2018	Anna kvart år	x		x	
Nettsida ( <a href="http://www.time.kommune.no">www.time.kommune.no</a> )*	2016	Kvart tredje år			x	

\*Undersøkinga vert ikkje gjennomført gjennom bedrekommune.no

\*\*Undersøkinga er kontinuerleg ved bruk av verktøyet Feedback-informerte tjenester (FIT)

## 8.2 Interkommunale samarbeid


Time deltek i ulike selskap og interkommunale samarbeidsordningar for å løysa den kommunale tenesteproduksjonen. Aksjeselskap, interkommunale selskap, vertskommunesamarbeid og samarbeid etter § 27 (kommunelova av 1992) er alle organiserte etter heimel i særlover. Kategorien «andre samarbeid» er samarbeid organisert som ordinære privatrettslige avtalar. Her følger ei oversikt over dei interkommunale samarbeida Time kommune deltek i.

Organisasjonsform	Lokalisering	Deltakarar	Formål
<b>Aksjeselskap (aksjeloven)</b>			
Lyse AS	Stavanger	16 kommunar	Energi og breiband
Jæren industripartner AS	Time, Klepp og Hå	Time, Klepp og Hå	Tilrettelagde arbeidsplassar
KinoNor AS	Trondheim	Trondheim kino AS, Aurora kino IKS, Haugesund kultur- og festivalutvikling KF og Time kommune	Levera fellestenester til eigarane for å sikra eit godt kinotilbod.
Jæren skoglag	Time	Ei rekke aksjeeigarar	Eiga og drifta skogar
<b>Interkommunale selskap (IKS-loven)</b>			
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	Stavanger	24 kommunar og 4 IKS	Arkivdepot
IVAR IKS	Stavanger	13 kommunar	Vass-, avløps- og renovasjonstjenester
Rogaland brann og redning IKS	Sandnes	10 kommunar	Brannvern, miljøretta helsevern og skjenkekontroll
<b>Administrativt vertskommunesamarbeid (kommuneloven § 20-2)</b>			
Jæren øyeblikkelige hjelp	Sandnes	Gjesdal, Klepp, Sandnes, Forsand og Time	Alternativ til sjukehusinnleggelse (Time har 2 plassar)
Tiltaksavdeling barnevern	Time	Time, Klepp og Hå	Utfører hjelpetiltak ut i frå vedtak i deltakarkommunane
Barnevernvakt	Sandnes	Gjesdal, Sandnes, Klepp, Hå og Time	Akuttberedskap kveld og helg
Auglend skoles hørselsavdeling	Stavanger	Stavanger, Sandnes, Randaberg og Time	Skuletilbod til elevar med hørselshemmning
Vardheia ungdomsskule og Vardheishallen	Time	Klepp og Time	Felles ungdomsskule og idrettshall i Vardheia
Bryne kompetansesenter	Time	Hå, Klepp og Time	Grunnskule for vaksne. Norsk og samfunnsfag for innvandrarar
NAV Klepp-Time	Klepp	Klepp og Time	Felles NAV-kontor
Matproduksjon og ernæring	Klepp	Klepp og Time	Samarbeid om ernæring på systemnivå og produksjon av mat til omsorgstilbodet i kommunane
Krisesenter	Stavanger	18 kommunar	Tilbod til personar som er utsett for vold i nære relasjoner
<b>Interkommunale samarbeid etter § 27 (kommuneloven av 1992)</b>			
Jæren friluftsråd	Sandnes	Time, Klepp, Hå, Gjesdal, Sandnes, Stavanger, Randaberg og Sola	Sikra, leggja til rette og driva område som kan nyttast til friluftsliv og naturopplevingar, leggja til rette aktivitet og auka forståinga av friluftsliv
Rogaland kontrollutvalgs-sekretariat	Sandnes	15 kommunar	Sekretariatsoppgåver knytt til kontrollutvala i kommunane

Organisasjonsform	Lokalisering	Deltakarar	Formål
<b>Andre samarbeid</b>			
Legevakt - kveld og helg	Klepp	Klepp og Time	Akutthjelp kvar dagar frå kl. 15.00 til 23.00 og helg/heilagdagar frå kl. 08.00 til 23.00
Legevakt - natt	Sandnes	Gjesdal, Klepp, Sandnes og Time	Akutthjelp natt frå kl. 23.00 til 08.00
Legevakttelefon - dag	Sandnes	Sandnes, Klepp og Time	Opererer legevakttelefonen på dagtid
Jærrådet	Sekretariat på omgang	Time, Hå, Klepp, Sandnes, Gjesdal	Regionalpolitisk samarbeidsorgan
Jærskulen	Time	Gjesdal, Hå, Klepp og Time	Skuleutvikling
Klepp Tverrfaglige Team	Klepp	Klepp og Time	Bistå elevar og skular med hjelpe tiltak ved spesielle behov
ACT-Team	Jæren Distriktspsykiatriske senter	Hå, Gjesdal, Klepp og Time	Behandlingsteam innan psykisk helse
Psykososialt kriseteam	Klepp	Klepp og Time	Psykososial førstehjelp
Parkeringshandheving	Sandnes	Sandnes og Time	Handheving av offentlig parkering vert utført av Sandnes KF
Region Stavanger	Sandnes	15 kommunar og ei rekke private og offentlege aktørar	Sals- og marknadsføringsorgan for reiseliv
Greater Stavanger Economic Development AS	Stavanger	Medlemsskap (sagt opp)	Fremja, utvikla og støtta samarbeidstiltak som fremjer regionen si verdiskaping, konkurransekraft og bærekraft
Digi Rogaland	Stavanger	Alle kommuner i Rogaland, fylkeskommunen, Fylkesmannen og KS Rogaland	Samarbeid om å ta i bruk digitale verktøy for å gi betre tenester til innbyggjarar og næringsliv

## 8.3 Plansystem


### Planhierarki



## **Økonomiplanen som handlingsdel for KPS**

Økonomiplanen kan etter kommunelova § 14-4 vera ein del av eller utgjera handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), og i Time kommune er han det. Det vil seia at dette dokumentet skal syna korleis Time har tenkt å følga opp dei mål og strategiar som er nemnde i KPS i dei neste fire åra.

Måten dette vert gjort på er at ein enten baserer mål og tiltak i økonomiplanen direkte på KPS, eller at ein konkretiserer KPS gjennom ulike temaplanar og baserer mål og tiltak i økonomiplanen på desse temaplanane.



## 9 Framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024.
2. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjettrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2021.
3. Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.
4. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:

Time kommune	31.12.2020	Nye	Redusert	31.12.2021
Oppvekst	563,0	2,6	-0,3	565,3
Omsorg	396,5	7,7	-3,0	401,2
Samfunn	167,1	19,9	-0,4	186,6
Stabstenester	52,8	0,1	-1,4	51,5
<b>Årsverk i alt</b>	<b>1 179,4</b>	<b>30,3</b>	<b>-5,1</b>	<b>1 204,6</b>

5. Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2021», inkludert forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, byggje-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrårnsertifiserings-, seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, samt frikjøpsordning for manglande felles uteoppholdsareal i Time kommune 2021.
6. a) Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp lån på 130 millionar kroner i 2021. Avdragstida vert sett til 30 år.  
b) Rådmannen får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2021. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.
7. a) Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2021 vert sett av til disposisjonsfond.  
b) Amortifisert premieavvik for 2020 vert utgiftsført i 2021 og dekt av disposisjonsfondet.
8. Det vert ikkje lagt fram ny politisk sak om val av alternativ for framtidig rehabilitering/utbygging av Nye Storstova og Kulturskulelokale før etter 2024, jamfør KS-082/18.
9. Kommunestyret ber rådmannen greia ut innføring av eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk og kraftnettet etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c innan neste økonomiplan vert lagt fram, og med mål om utskriving i 2022.
10. Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidsretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.

# 10 Obligatoriske oversikter etter økonomiplanforskrifta

Økonomisk oversikt drift	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
<b>Driftsinntekter</b>						
Rammetskudd	472 842	482 500	473 800	481 020	482 920	479 920
Inntekts- og formuesskatt	561 434	581 300	614 500	620 700	626 800	634 600
Eiendomsskatt	0	0	0	0	0	0
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskudd fra staten	29 386	23 000	17 500	17 000	15 900	14 900
Overføringer og tilskudd fra andre	197 169	97 175	100 543	108 860	110 934	110 934
Brukerbetalinger	54 471	56 711	58 675	58 675	58 675	58 675
Salgs- og leieinntekter	132 140	135 935	134 343	137 458	140 083	140 433
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 447 442</b>	<b>1 376 621</b>	<b>1 399 361</b>	<b>1 423 713</b>	<b>1 435 312</b>	<b>1 439 462</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønnsutgifter	750 876	738 322	754 697	770 941	776 184	780 684
Sosiale utgifter	199 646	201 184	201 011	201 947	201 982	201 982
Kjøp av varer og tjenester	374 693	356 873	366 107	363 908	367 117	366 527
Overføringer og tilskudd til andre	68 291	41 166	23 181	21 841	21 841	21 841
Avskrivninger	81 760	6 950	8 550	9 250	10 300	10 550
Fordelte utgifter	-4 413					
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>1 470 853</b>	<b>1 344 495</b>	<b>1 353 546</b>	<b>1 367 887</b>	<b>1 377 424</b>	<b>1 381 584</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-23 411</b>	<b>32 126</b>	<b>45 815</b>	<b>55 826</b>	<b>57 888</b>	<b>57 878</b>
<b>Finansinntekter</b>						
Renteinntekter	12 193	11 625	8 575	8 975	9 675	9 775
Utbytter	32 717	35 230	36 450	37 900	38 500	38 500
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	1 521	0	0	0	0	0
Renteutgifter	28 819	30 520	27 550	30 350	31 050	32 150
Avdrag på lån	50 792	55 900	58 600	62 700	65 200	65 300
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-33 180</b>	<b>-39 565</b>	<b>-41 125</b>	<b>-46 175</b>	<b>-48 075</b>	<b>-49 175</b>
Motpost avskrivninger	81 760	6 870	8 550	9 250	10 300	10 550
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>25 169</b>	<b>-569</b>	<b>13 240</b>	<b>18 901</b>	<b>20 113</b>	<b>19 253</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>						
Overføring til investering	-15 512	-8 031	-14 830	-18 001	-19 413	-19 253
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	-236	4 945	90	-900	-700	
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-1 464	3 655	1 500			
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0				
<b>Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-17 212</b>	<b>569</b>	<b>-13 240</b>	<b>-18 901</b>	<b>-20 113</b>	<b>-19 253</b>
<b>Fremført til inndekn. i senere år (merforbruk)</b>	<b>7 957</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Bevilgningsoversikt drift	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
Rammetilskudd	472 842	482 500	473 800	481 020	482 920	479 920
Inntekts- og formueskatt	561 434	581 300	614 500	620 700	626 800	634 600
Eiendomsskatt						
Andre generelle driftsinntekter	29 386	23 000	17 500	17 000	15 900	14 900
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>1 063 662</b>	<b>1 086 800</b>	<b>1 105 800</b>	<b>1 118 720</b>	<b>1 125 620</b>	<b>1 129 420</b>
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>1 005 342</b>	<b>1 047 724</b>	<b>1 051 435</b>	<b>1 053 644</b>	<b>1 057 432</b>	<b>1 060 992</b>
Avskrivninger	81 760	6 950	8 550	9 250	10 300	10 550
Sum netto driftsutgifter	1 087 102	1 054 674	1 059 985	1 062 894	1 067 732	1 071 542
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>23 440</b>	<b>32 126</b>	<b>45 815</b>	<b>55 826</b>	<b>57 888</b>	<b>57 878</b>
Renteinntekter	12 193	11 625	8 575	8 975	9 675	9 775
Utbytter	32 717	35 230	36 450	37 900	38 500	38 500
Gevinst og tap på finansielle omloppsmidler	1 520					
Renteutgifter	28 819	30 520	27 550	30 350	31 050	32 150
Avdrag på lån	50 760	55 900	58 600	62 700	65 200	65 300
Netto finansutgifter	33 149	-	39 565	41 125	46 175	-
Motpost avskrivninger	81 760	6 870	8 550	9 250	10 300	10 550
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>25 171</b>	<b>-</b>	<b>569</b>	<b>13 240</b>	<b>18 901</b>	<b>20 113</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>17 212</b>	<b>569</b>	<b>13 240</b>	<b>-</b>	<b>18 901</b>	<b>-</b>
Overføring til investering	15 512	-	8 031	-	18 001	-
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	-	236	4 945	90	900	700
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-	1 464	3 655	1 500	-	-
Dekning av tidligere års merforbruk						
<b>Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>17 212</b>	<b>569</b>	<b>13 240</b>	<b>-</b>	<b>18 901</b>	<b>-</b>
<b>Fremført til inndekn. i senere år (merforbruk)</b>	<b>7 959</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

Bevilgningsoversikt investering	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
Investeringer i varige driftsmidler	222 426	321 050	273 304	169 662	68 362	108 562
Tilskudd til andres investeringer	2 923	975			1 000	1 000
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2 690	2 800	2 650	2 700	2 750	2 800
Utlån av egne midler	323					
Avdrag på lån	-					
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>228 362</b>	<b>324 825</b>	<b>275 954</b>	<b>172 362</b>	<b>72 112</b>	<b>112 362</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	28 227	49 720	32 688	11 230	5 500	12 540
Tilskudd fra andre	50 424	104 900	82 612	54 776	17 762	24 862
Salg av varige driftsmidler	15 695	13 500	10 000	6 000		4 000
Salg av finansielle anleggsmidler	-					
Utdeling fra selskaper	-					
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	5 832	14 480	5 830	5 830	5 830	5 830
Bruk av lån	125 401	134 194	129 994	76 525	23 607	45 877
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>225 579</b>	<b>316 794</b>	<b>261 124</b>	<b>154 361</b>	<b>52 699</b>	<b>93 109</b>
Videreutlån	20 957	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Bruk av lån til videreutlån	20 957	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Avdrag på lån til videreutlån	13 752	12 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Mottatte avdrag på videreutlån	8 657	12 000	10 000	10 000	10 000	10 000
<b>Netto utgifter videreutlån</b>	<b>5 095</b>	<b>-</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Overføring fra drift</b>	<b>15 512</b>	<b>8 031</b>	<b>14 830</b>	<b>18 001</b>	<b>19 413</b>	<b>19 253</b>
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	-	4 485	-			
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	-	1 716	750			
Dekning av tidligere års udekket beløp	-	4 865	-			
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetn.</b>	<b>7 878</b>	<b>8 781</b>	<b>14 830</b>	<b>18 001</b>	<b>19 413</b>	<b>19 253</b>
<b>Fremført til inndekn. i senere år(udekket bel)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>



# Prisar 2021

Rådmannen sitt forslag



*Framsídefoto: May Vårli Ree*

# Innhold

Tenesteområde Oppvekst .....	4
<i>Kommunale barnehagar, skulefritidsordning (SFO), kulturskulen, vaksenopplæring</i>	
Tenesteområde Omsorg.....	6
<i>Praktisk bistand/heimehjelp, tryggleiksalarm, GPS, aktivitetssenter, dagsenter, matlevering</i>	
Tenesteområde Samfunn .....	8
<i>Festeavgift, parkering, kino, bading, renovasjon, vatn, avløp, utleige</i>	
Administrasjon .....	12
<i>Meklarpakkar, sal av stabstenester</i>	
Forskrift om gebyrregulativ for 2021 .....	13
<i>Forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, byggje-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrtårnsertifiserings-, seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, samt frikjøpsordning for manglande felles uteoppholdsareal i Time kommune 2021</i>	

# Tenesteområde Oppvekst

## Kommunale barnehagar

Pris pr md.	5 d/veke	4 d/veke	3 d/veke
- betalar 11 md. per år	3 230 kr	2 790 kr	2 490 kr
Matpengar	330 kr	275 kr	215 kr
Bleieavtale	100 kr	80 kr	60 kr

## Skulefritidsordning (SFO)

Pris pr md.	5 d/veke	4 d/veke	3 d/veke
- betalar 11 md. per år	2 995 kr	2 395 kr	1 795 kr
Matpengar	200 kr	165 kr	125 kr
Pris per ekstra dag: 260 kr			

## Time kulturskule

Fag	Organisering	Årspris
Instrument/vokal	Individ	3 400 kr
Bankers	Gruppe	3 400 kr
Drama/dans/ballett	Gruppe	3 400 kr
Kunstfag	Gruppe	3 400 kr
Skapande skriving	Gruppe	3 400 kr
Korgruppe	Gruppe	3 400 kr
Materiell kunstfag		600 kr
Leige av instrument		700 kr

Redusert pris = halv pris

## Voksenopplæring

Tilbod til privatistar	Pris
Norskprøve muntlig	800 kr
Norskprøve skriftlig	800 kr
Prøve i samfunnskunnskap	600 kr
Statsborgerprøven	600 kr
Norskurs dagtid	8 700 kr
Nettkurs A2-B1-nivå pr. semester	7 000 kr
B2-kurs	4 850 kr

## Premiss for satsane

### Betalingssatsar i kommunale barnehagar

Maksimalgrensa for foreldrebetaling for heildagstilbod i barnehage er endra frå 3135 kroner til 3230 kroner per månad frå januar 2021. Matpengane er auka til 330 kroner for fem dagar i veka og tilsvarende mindre for kortare opphold.

Foreldre som har fleire barn i barnehagar i kommunen får søskensmoderasjon etter reglar fastsette av staten. Barn nummer to får 30 % moderasjon, og barn nummer tre og fleire får 50 % moderasjon, uavhengig av om tilbodet vert gjeve i private eller kommunale barnehagar.

Det er ein nasjonal maksimalsats i barnehagane for husstandar som har samla inntekt lågare enn 592 167 kroner per år. Foreldrebetaling skal utgjera maks 6 % av husstandens samla inntekta for ein fulltidsplass.

Det er tilbod om gratis kjernetid på 20 timer i veka for to til fem-åringar og barn med utsett skulestart, som bur i husstandar med samla inntekt mindre enn 583 650 kroner per år.

Det må søkjast for å få redusert foreldrebetaling etter desse ordningane kvart barnehageår. Berekna foreldrebetaling vil koma fram i enkeltvedtak.

### **Betalingssatsar for SFO**

SFO tilbodet er på tre, fire eller fem dagar. Det er mogleg å kjøpa ekstra dagar i skulen sine feriar og på planleggingsdagar for dei som har tre eller fire dagars tilbod. Prisen er 260 kroner per ekstra dag.

Det er mogleg å søkja om redusert foreldrebetaling for barn i 1. og 2. trinn og frå hausten 2021 også for 3. og 4. trinn for barn i husstandar med samla inntekt lågare enn 549 100 kroner.

Foreldrebetaling skal frå august 2021 utgjera maks 6 % av husstandens samla inntekta for ein fulltidsplass.

### **Betalingssatsar for Time kulturskule**

Elevar som har føresette i introduksjonsprogrammet får 50 % rabatt.

### **Betalingssatsar for voksenopplæring**

Prisane gjeld dei som nyttar tilbodet som privatistar. Nettkurs A2-B1 og B2-kurs vert gitt avhengig av behov og kapasitet. Kostnaden for B2-kurs er inkludert bøker og lisensar.

# Tenesteområde Omsorg

## Praktisk bistand/heimehjelp

Netto inntekt kr		Timepris kr	Maks kr per md.
Inntil 2 G	202 702	215	215
2G-3G	202 703	- 304 053	340 2 010
3G-4G	304 054	- 405 404	340 2 275
4G-5G	405 405	- 506 755	340 2 700
5G-6G	506 756	- 608 106	340 3 440
>6G	>608106		340 4 080

## Andre tenester

Tenester	Pris
Korttidsopphald i institusjon	175 kr per døgn 95 kr per dag/natt
Leie av tryggleiksalarm/GPS	340 kr per månad
Aktivitetssenter	615 kr per månad
- med transport	+55 kr per dag
Dagsenter	145 kr per dag
- med transport	+55 kr per dag
Middag/dessert levert til heimebuande	180 kr per måltid
Suppe/varmrett laurdag kveld levert til bukollektiv	80 kr per måltid
Varm middag og kaffimat levert til bukollektiv	120 kr per dag
Anna transport i kommunale bilar nyttar statens satsar for kilometertakst	

## Premiss for satsane

### Betalingssatsar for praktisk bistand/heimehjelp

Betalingssatsar for praktisk bistand/heimehjelp er auka til 340 kroner per time. Beløpet dekker timelønna til den tilsette. Sjølv inntektsintervalla er justerte i forhold til årleg grunnbeløp (G) per 1. mai 2020, det vil seja 101 351 kroner.

### Eigenbetaling for opphold i institusjon

Kommunen nyttar maksimumssatsar i «Forskrift om egenandel for helse- og omsorgstjenester» fastsatt av Helse- og omsorgsdepartementet. Forskrifta fastset eigenbetaling per døgn for korttidsopphald og for dei som nyttar enkelte dag eller nattoppophald i institusjon.

I same forskrift vert fribeløpet for utrekning av vederlag for langtidsopphald fastsett.

### Tryggleiksalarm og GPS

Prisen for leige av GPS og tryggleiksalarm følgjer driftsavtale med privat leverandør. Første månad med GPS er betalingsfri. Ved tap av «alarmknapp» eller GPS-klokke må leigetakar erstatta ny.

### Dagsentertilbod

Dagsentertilbodet er for eldre og innbyggjarar med demens. Prisen er inkludert frukost og middag. Det kjem eit påslag for kommunal transport.

### Aktivitetssenter

Aktivitetssentertilbodet er for innbyggjarar med psykisk og fysisk funksjonssvikt. Prisen per månad er for aktivitetar, kaffe, te og frukt. Det kjem eit påslag for kommunal transport.

## **Matombringing**

Middag og dessert for heimebuande vert levert frå Klepp kommune til kostpris. Prisen er inkludert transport.

## **Anna transport**

Dette gjeld transport til aktivitetar, hovudsakleg innan verksemndene miljøtenesten og psykisk helse- og rusarbeid. Brukarbetalinga vert rekna ut frå staten sine kilometersatsar.

# Tenesteområde Samfunn

## Diverse priser og avgifter

	Betalingsatsar
Festeavgift for gravplass Gravlegging av urne i namna minnelund	Per grav per år 265 kr Eingongskostnad per grav 4 000 kr
Gebyr for behandling av griveløyve og skiltplan	Per søknad 3 100 kr
Leige av offentleg areal til uteservering med alkohol. Gjeld kun område med gitt skjenkeløyve	400 kr per m <sup>2</sup> per år
Leige av offentleg areal til uteservering utan alkohol	100 kr per m <sup>2</sup> per år
Husleige i kommunale utlegebustadar og utleigeprisar for kommunale bygg	Utlegebustader: Indeksregulering etter føringane i husleigelova og leigekontraktane.  Kommunale bygg: Justering etter gjeldande leigeavtale.
Parkeringsavgift i Bryne måndag–fredag kl. 09.00–17.00 og laurdag kl. 09.00–14.00	Indre avgiftssone (Meierigata, Storgata og Lauritz Bellesens gate): Første time 10 kr Andre time 30 kr Frå tredje time 35 kr  Ytre avgiftssone: Første time 20 kr Andre time 25 kr Frå tredje time 30 kr  1 200 kr for periodekort (30 dagar)  Parkeringsløyve for offentleg tilsette på skilta parkeringsplassar: Årskort 1 300 kr Halvårskort 800 kr Månadskort 350 kr  El-bilar halv parkeringsavgift på app inntil nytt lovforslag om parkeringsavgifter på avgiftsbelagde kommunale parkeringsplassar er vedtatt.  Bilar med HC-kort betalar avgift i parkeringsanlegg der inn- og utkjøring er regulert med bommar. Elles fritak på parkeringsplassar merka med HC-skilt.

## Basseng og bibliotek

	<b>Betalingssatsar</b>
Leige av symjehall/varmtvassbasseng	400 kr per time (utan badevakt) 600 kr per time (med badevakt)
Billettprisar offentleg bading	40 kr for både barn og vaksne
Gebyr for purring av manglande innlevering av bøker	Første purring 20 kroner Andre purring 20 kroner Erstatningskrav etter andre purring

## Kino

	<b>Ordinær</b>	<b>Barn (t.o.m 14 år)</b>
Barnefilmar med start før kl. 18.00	115 kr	105 kr
Filmar for ungdom/vaksne samt alle filmar med start etter kl. 18.00	135 kr	125 kr
Senior- og babykino	105 kr	
Luksussalen	175 kr	
Ekstra «lounge» i luksussalen (per sete)	20 kr	20 kr
Ekstra for luksusseter i sal 2 og 3	20 kr	20 kr
Ekstra for sofa i sal 1, 2 og 3	10 kr	10 kr

Spesialvisninger, premierefilmar og filmar med spesielt lang speletid kan få eigne billettprisar. Ved endringar i marknadssituasjonen, for eksempel justering av filmleigenivået, kan billettprisane justerast tilsvarende.

Kioskvarer følgjer tilrådde prisar frå leverandøren Location, og blir indeksregulerte.

## Vann, avløp, renovasjon og feiring

	<b>Betalingssatsar</b>
Vassavgift	1 050 kr per år (fast del) 13,50 kr per m <sup>3</sup> (variabel del)
Vassmålarleige	260 kr per år
Gebyr ikkje avlest vassmålar	1 500 kr per år
Gebyr vassmålaravlesning (oppmøtegebyr)	1 500 kr per år
Avløpsavgift	1 750 kr per år (fast del) 21,50 kr per m <sup>3</sup> (variabel del)
Alle abonnentar utan vassmålar skal betala for forbruk av vatn og avløp etter følgjande bruksareal på bustaden	450 m <sup>2</sup>
Feieavgift	465 kr kvart år per pipeløp
Renovasjonsavgift for eit basisabonnement*	3 240 kr per år
Renovasjonsavgift for nedgrave avfallssystem	3 240 kr per år
Renovasjonsavgift med heimekompostering av matavfall (-25 %)	2 445 kr per år
Renovasjonsavgift med medium dunk for restavfall (140 liter)	3 505 kr per år
Renovasjonsavgift med stor dunk for restavfall (240 liter)	4 830 kr per år
Renovasjonsavgift med ekstra dunk for papiravfall (240 liter) eller biologisk avfall (140 liter)	4 035 kr per år
Kjøp av kvitteringsmerke for ekstra restavfallssekk	50 kr

\*Eit basisabonnement er 120 liter restavfall inkl. plast, 140 liter biologisk avfall og 240 liter papir/papp.

Tømmefrekvens for restavfall og biologisk avfall er 2. kvar veke og 4. kvar veke for papiravfall.

Renovasjonsavgifta omfattar og bruk av aktuelle henteordningar for grovavfall, farleg avfall og hageavfall.

Tilknytingsavgifter for vavn og avløp	Vavn	Avløp
Normal sats – pris per 3/4" vassmålar (ekvivalent)	28 000 kr	41 000 kr
Redusert sats – pris per 3/4" vassmålar (ekvivalent)	7 500 kr	11 500 kr
Anna permanent tilknyting til kommunalt vavn- og/eller avløpsanlegg (vasspost, vatningsanlegg etc.), jf. § 8-1 i forskrifta for vavn- og avløpsgebyr	28 000 kr	

«Minste beløp», enkelteigedom, jf. § 8-2 i forskrifta for vavn- og avløpsgebyr:

- 200 000 kr berre vavn eller berre avløp
- 250 000 kr både vavn og avløp

## Avgift for tømming av slamtank/septiktank

Avgiftene er basert på tømming 2. kvart år	
Årsgebyr - Slamtømming (fastledd)	700 kr
Årsgebyr - Slamtømming per kubikkmeter tank (variabelt ledd)	110 kr
Frammøte/bomtur	450 kr
Akutt/ekstra tømming utanom rute - fastledd per tømming	4 135 kr
Akutt/ekstra tømming utanom rute - variabelt ledd per kubikkmeter tank per tømming	300 kr

## Premiss for satsane

Gebyr- og brukarbetalingssatsane som går fram her vert gjeldande frå 01.01.2021. Alle priser er inkludert meirverdiavgift når tenesta er avgiftspliktig.

### Helse

Eigenbetaling ved lege- og fysioterapibesøk vert justert i tråd med satsar fastsett i statsbudsjettet.

Eigenbetaling for utkøyring av hjelpemiddel frå hjelpemiddellageret: 200 kr per tur.

### Festeavgift for gravplassar og kostnad ved gravlegging av urne

Festeavgift for gravplassar er ei avgift som går til gravplassforvaltning. Etter at ein gravplass er teken i bruk er det ei fredingstid på 20 år. I denne perioden skal det ikkje betalast festeavgift. Etter 20 år er gått kan festaren, det vil seia den personen som er ansvarleg for gravplassen, velja å festa gravplassen for fem nye år. Festaren forskotsbetalar då festeavgift for desse fem åra. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging kan ikkje feste fornyast utan særskild samtykke frå Time kyrkjelege fellesråd.

I lov om gravplasser, kremasjon og gravferd, § 21 andre ledd, står det at «Avgifter for bruk av gravkapell, kremasjon og feste av grav fastsettes av kommunen etter forslag fra fellesrådet». I sak 36/18 vedtok kommunestyret at festeavgifta skal justerast årleg i forhold til prisvekst. For 2021 er avgifta auka med 2,7 %.

Gravlegging av urna i namna minnelund har ein eingongskostnad som inkluderer opparbeiding og stell av minnelunden samt inngravert namneplate. Prisen vert på same måte som festeavgifta justert årleg etter kommunal deflator.

## **Veg og trafikk**

Behandling av graveløyve og skiltplan er auka med 100 kroner frå 2020.

Kommunen har seks - sju private leigetakarar av offentleg areal til uteservering med alkohol i Bryne, frå 21 m<sup>2</sup> til 90 m<sup>2</sup>. Alle har skjenkeløyve for uteservering på arealet. Leigeprisane er særdeles låge samanlikna med t.d. Sandnes kommune. Prisane er dei same som i 2020.

Parkeringsavgiftene i Bryne er i hovudsak auka med 5 kroner per time då dei ikkje vart justerte i 2020. Parkeringsløyve for offentleg tilsette på skilta parkeringsplassar med årskort er auka med 100 kroner frå 2020.

## **Vatn, avløp og renovasjon**

Vassavgifta har ein fast del rekna ut på årsbasis og ein variabel del prissett per m<sup>3</sup>.

Avløpsavgifta har den same prisstrukturen. Fram i tid er det eit mål at den faste delen av avgiftene skal aukast til 40 % av driftskostnadene som svarer til fordelinga av kostnadane frå IVAR IKS.

Den faste delen av vassavgifta inkludert vassmålarleiga er auka med 28 % frå 2020 og den faste delen av avløpsavgifta er auka med 4 % frå 2020. Dei variable delane av vass- og avløpsavgiftene er ikkje endra frå 2020.

Feieavgifta er auka med 8 % frå 2020.

Renovasjonsavgifta er delt i ein fast del og ein variabel del. I eit basisabonnement utgjer desse 50% kvar. Renovasjonsavgifta er auka med 12,7% frå 2020 som og omfattar auka frekvens på henteordningane for grovavfall til kvar veke og farleg avfall til 6. kvar veke.

Tilknytingsavgift for vatn og avløp er fastsett i «Forskrift om vass- og avløpsgebyr» som gjeld frå 01.01.2017. Gebyr i kroner per  $\frac{3}{4}$ “ vassmålar (ekvivalent). Satsane er i hovudsak auka med mellom 1 500 kroner til 1 800 kroner frå 2020. Felles for dei reduserte satsane er at dei i hovudsak blir nytta i større utbyggingsprosjekt der det føreligg utbyggingsavtale mellom kommunen og utbygger om ansvar for bygging og finansiering av offentleg infrastruktur.

Avgiftene for tømming av slamtank/septiktank er auka med 13 % frå 2020, følgjer dei ordinære kommunale avgiftene og blir fakturert som fast årleg avgift uavhengig av tømetidspunktet. Avgiftene har vore stabile over fleire år grunna bruk av fond, men må nå aukast.

# Administrasjon

Gebyr og eigenbetaligssatsar	
Pris på meklarpakkar	2,7 % auke
Sal av stabstenester til Time kyrkjelege fellesråd	2,7 % auke

## Premiss for satsane

Ei meklarpakke inneholder grunndata om bestemte eigedommar som eigedomsmeklarar treng når dei skal selja bustadar. Prisen på meklarpakkar vert sett opp med kommunal deflator.

Avgiftsnivået for sals- og skjenkeavgifter for alkohol vert fastsett i sentrale forskrifter.

Økonomiavdelinga fører rekneskapen for Time kyrkjelege fellesråd, sokna i Time og barnehagane dei administrerer. Avdelinga fakturerer i tillegg all foreldrebetaling for barnehagane til kyrkja. Lønnsseksjonen står for lønnsutbetalinga til alle som fellesrådet har arbeidsgjevaransvaret for. Kompensasjonen for å yta tenesta vert oppjustert med kommunal deflator.

# Forskrift om gebyrregulativ for 2021

«Forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, bygge-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrtaårnsertifiserings-, seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, samt frikjøpsordning for manglande felles uteoppphaldsareal i Time kommune 2021» er vedtatt av Time kommunestyre med heimel i:

- § 33-1 i plan- og bygningsloven av 27. juni 2008
- Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker fra Statens landbruksforvaltning av 14.12.2011
- § 32 i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005
- § 15 i lov om eierseksjoner av 16. juni 2017
- Forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll med avløpsanlegg for kommunane i Jærgregionen
- Lokal forskrift om utslepp fra mindre avløpsanlegg for kommunane i Jærgregionen
- Forskrift om påslepp av olje- og feithaldig avløpsvatn
- Frikjøpsordning for manglande felles uteoppphaldsareal (MFUA) i Bryne

Forskrifta er vedtatt av kommunestyret den 15.12.2020, avløyser tilsvarende forskrift for 2020 og tek til å gjelde frå 01.01.2021.

Alle prisar er justert med kommunal deflator på 2,7% og avrunda til nærmeste 100 kroner.

## 1 Generelle reglar

### 1.1 Betalingsplikt

Han eller ho som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinjene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bedt om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått, sendt i retur som ufullstendig og der supplerande opplysningar må innhentast før søknaden er å sjå på som komplett, med mindre anna er sagt.

Dersom søker/tiltakshavar i byggesaker trekk tilbake søknaden skriftleg før ferdigbehandling skal det betalast 50% av gebrysats for tiltaket.

### 1.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoén kommunen tok imot planinitiativ, komplett søknad, komplett planforslag eller rekvisisjon.

### 1.3 Betalingstidspunktet

Dersom Time kommune har ein fordring som har forfalle ovanfor ein søker/forslagsstillar/ rekvirent, kan kommunen krevja at gebyr for den nye saka er betalt før behandling av denne startar.

Gebyr for ulike sakstypar forfall elles til betaling slik:

**A: Plansaker**

For planarbeid etter pkt. 2.3.1.1) og 2) under vert faktura sendt ut saman med referat frå oppstartsmøtet og eventuell informasjon om vedtak i behandling av usemjepunkt.

For planarbeid etter pkt. 2.3.1.3) under vert faktura sendt ut saman med informasjon om vedtak i behandling av planprogram for planar med konsekvensutgreiing.

Faktura med berekning av gebyr for planarbeid vert sendt ut når komplettr planforslag er innsendt for 1. gongs behandling av saka. Gebyret vert fastsett på grunnlag av planforslaget.

**B: Bygge- og delingssaker**

Dersom kommunen i samband med behandling av søknad eller tilsyn har behov for å innhente sakkunnig bistand i utfordrande saker for å kunne vurdere omsøkt tiltak og gitt dokumentasjon, skal utgiftene til dette dekkast av tiltakshavar. Tiltakshavar vert orientert om dette i aktuelle saker.

Faktura for gebyret vert sendt ut i etterkant av at vedtak er gjort i saka. Fastsetjing av gebyr går fram i sjølve vedtaket. Ved trinnvis behandling, jf. § 21-2 i plan- og bygningslova, vert fullt gebyr fakturerert etter at rammeløyve er gjeve. Gebyr for behandlinga skal vera betalt før igangsettingsløyve, bruksløyve eller ferdigattest vert gjeve.

**1.4 Timepris**

Der gebyret skal reknast etter medgått tid, nyttast ein timepris på 1 000 kroner eksklusiv mva.

**1.5 Klage og urimeleg gebyr**

Gebyrfastsetjinga i den enkelte sak er ikkje å sjå på som eit enkeltvedtak, og kan såleis ikkje påklagast etter reglane i forvaltningslova. Gebyr fastsett etter plan- og bygningslova og matrikkellova kan likevel påklagast. I slike saker er Fylkesmannen og Formannskapet klageinstans.

I tillegg kan gebyrilegging som kan vurderast som klart urimeleg, unntaksvis tas opp til behandling. Rett mynde til å fastsetja gebyret ligg til kommunalsjef Samfunn. Kommunen si avgjerd kan påklagast.

**1.6 Redusert gebyr i oppmålingssaker**

Dersom det vert halde oppmålingsforretning over avgjevareigedommen samtidig med frådeling av ny eigedom, kan gebyret for avgjevareigedommen reduserast med 50%.

## **1.7 Endring av regulativet eller gebrysatsane**

Kommunestyret vedtar endringar av gebyrregulativet, normalt i forbindelse med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år.

Satsane i regulativet er per 01.01.2021. Satsane vil verta regulerte den 1. januar kvart år mellom anna basert på for- og etterkalkulasjon. Ved årleg justering vert gebrysatsane, med unntak av timeprisar og tilleggsgebyr, avrunda til nærmeste 100 kroner. Nye satsar som er indeksregulerte, vert kunngjort i dagspressa.

## **2 Gebyr for plansaker**

### **2.1 Gebyret gjeld**

Gebyret som går fram av gebrysatsane under pkt. 2.3 gjeld for utsending av opplysningar, avklaringsmøte, bearbeiding av planar og saksbehandling i plansaker som vert sette fram i medhald av plan- og bygningslova § 12.3.

### **2.2 Dekking av utgifter til andre myndigheter m.m.**

I tillegg til gebyr etter dette regulativ skal private forslagsstillerar, etter avtale, dekka alle utgifter i forbindelse med behandling, også avklaring etter kulturminnelova og konsekvensutgreiingar.

### **2.3 Gebrysatsar**

#### **2.3.1 Detaljregulering**

	<b>Gebyr</b>
1)Oppstart av detaljreguleringsplan	kr 28 200
For areal til og med 2000 m <sup>2</sup>	kr 90 300
For areal over 2000 m <sup>2</sup> til og med 5000 m <sup>2</sup>	kr 111 600
For areal over 5000 m <sup>2</sup> til og med 10 000 m <sup>2</sup>	kr 137 700
For areal over 10 000 m <sup>2</sup> til og med 20 000 m <sup>2</sup>	kr 195 300
For areal over 20 000 m <sup>2</sup> betalast eit tillegg på	kr 2 000 per påbegynte intervall på 1000 m <sup>2</sup>
Tilleggsgebyr for busetnad	kr 1 300 per påbegynt intervall på 100 m <sup>2</sup> BRA
Tilleggsgebyr kan krevjast når forslagstilaren fremmar endringsforslag undervegs	Tillegg på 30 % av gebyr
Reguleringsplanar for masseuttak og massefyllingar	50 % av arealgebyr
2) Usemjepunkt etter plan- og bygningslova §12.8, behandla i Lokal utvikling	kr 24 000
3) Behandling av planprogram for planar med konsekvensutgreiing	kr 35 400

### **2.3.2 Reguleringsendringar**

For areal til og med 1000 m <sup>2</sup>	kr 12 400
For areal over 1000 m <sup>2</sup> til og med 2000 m <sup>2</sup>	kr 33 100
For areal over 2000 m <sup>2</sup> til og med 5000 m <sup>2</sup>	kr 54 300
For areal over 5000 m <sup>2</sup> til og med 10 000 m <sup>2</sup>	kr 82 500
For areal over 10 000 m <sup>2</sup>	kr 108 900

### **2.3.3 Dispensasjonar**

Dispensasjonar av prinsipiell karakter som går direkte til behandling i Lokal utvikling	kr 23 000 per forhold
Administrativt vedtak	kr 12 500 per forhold
Administrativt vedtak for tiltak utan ansvarsrett	kr 7 800 per forhold

### **2.3.4 Planforslag som ikkje er i tråd med overordna planar**

Gjeld planforslag etter pkt. 2.3.1 og 2.3.2	50% tilleggsgebyr
---	-------------------

## **3 Gebyr for byggesaker**

### **3.1 Gebyret gjeld**

Gebyret dekkjer behandling av frådelings- og byggesaker, førehandskonferansar, dokumentkontroll, plassering og høgde på bygningar utifrå innsende teikningar, mellombels bruksløyve/ferdigattestar m/stikkontroll og tilsyn i byggesaka. Det vert i tillegg kravd gebyr for behandling av føretak, ulovleg arbeid og dispensasjon. Kor parten ikkje møter til avtalt førehandskonferanse, betalar parten for ein time inkludert eventuelt medgått tid til førebuing.

Tilsynsverksemd skal finansierast av byggesaksgebyret med 10% av samla inntekter.

### **3.2 Kombinerte bygg og mellombelse bygningar**

Består bygningen av fleire funksjonar, skal gebyret reknast ut for kvar del. For mellombelse bygningar skal det betalast fullt gebyr i den kategorien bygget høyrer til.

### **3.3 Føretak som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava**

Kommunen kan godkjenna føretak for arbeid i tiltaksklasse 1, jf. SAK10 § 11-4 sjette ledd. Denne godkjenninga vert ilagt gebyr i gjeldande overgangsperiode.

### **3.4 Sjølvbyggjar**

Kommunen kan godkjenna sjølvbyggjar for personleg ansvar, jf. SAK10 § 6-8.

### **3.5 Arbeid utan løyve**

Tiltak som vert sett i gang utan løyve vert fakturert for det meirarbeidet dette er for kommunen, vanlegvis dobbelt gebyr. Dette gjeld også der det tiltaket som er sett i gang, vert avslått.

I tillegg kjem sanksjonar etter kap. 32 Ulovlegheitsoppfølging i plan- og bygningslova.

### **3.6 Gebrysatsar for tiltak som krev søknad og byggeløyve etter § 20-1 i plan- og bygningslova**

#### **3.6.1 Bustadhus og garasje**

		<b>Gebyr</b>
<b>A</b>	Einebustad, tomannsbustad, rekkehus/bustadhus i kjede (per bustad/bueining)	kr 17 900
<b>B</b>	Bustadhus med hybel/sokkelleilegheit	kr 21 600
<b>C</b>	Andre småhus (inntil 4 leilegheiter)	kr 26 300
<b>D</b>	Bustadblokk/terrasseshus, per leilegheit	kr 7 200
<b>E</b>	Tilbygg/påbygg, 15- 50 m <sup>2</sup>	kr 6 100
<b>F</b>	Tilbygg/påbygg, > 50 m <sup>2</sup>	kr 10 300
<b>G</b>	Hovudombygging	kr 11 300
<b>H</b>	Garasje/uthus >70 m <sup>2</sup> (For bygg < 70 m <sup>2</sup> , sjå pkt. 3.8 A)	kr 11 300
<b>I</b>	Garasje/uthus som er byggemeldt samtidig med bustadhus (maks 50 m <sup>2</sup> ). Garasjeanlegg, per parkeringsplass	kr 2 100

#### **3.6.2 Verkstad- og industribygg, kontor-, forretnings- og næringsbygg**

		<b>Gebyr</b>
<b>A</b>	Fabrikk, verkstad eller produksjonshall	kr 40 100
<b>B</b>	Andre industribygg	kr 40 100
<b>C</b>	Kontor- og administrasjonsbygg	kr 40 100
<b>D</b>	Varehus og andre forretningsbygg	kr 40 100
<b>E</b>	Parkeringshus	kr 40 100
<b>F</b>	Bensinstasjoner	kr 40 100
<b>G</b>	Anna bygg for kontor	kr 40 100
<b>H</b>	Tilbygg/påbygg inntil 100 m <sup>2</sup>	kr 19 800
<b>I</b>	Tilbygg/påbygg mellom 100 m <sup>2</sup> og 500 m <sup>2</sup>	kr 40 100
<b>J</b>	Ombygging, tiltak a til g	kr 29 900

Tillegg for arealgebyr for nybygg og tilbygg som overskider 1000 m<sup>2</sup> BRA er kr 56 per m<sup>2</sup>

#### **3.6.3 Overnatting- og restaurantbygg, offentleg- og privat tenestebygg**

		<b>Gebyr</b>
<b>A</b>	Overnattingsstad	kr 50 000
<b>B</b>	Andre bygg i hotell- og restaurantnæringa	kr 50 000
<b>C</b>	Bygg for undervisning	kr 50 000
<b>D</b>	Sjukeheim, omsorgsbustad	kr 50 000
<b>E</b>	Barnehagar	kr 50 000

		<b>Gebyr</b>
<b>F</b>	Kyrkje, kapell og liknande	kr 50 000
<b>G</b>	Teater/kinobygg	kr 50 000
<b>H</b>	Idrettshall	kr 50 000
<b>I</b>	Tilbygg/påbygg inntil 100 m <sup>2</sup>	kr 19 800
<b>J</b>	Tilbygg/påbygg mellom 100 m <sup>2</sup> og 500 m <sup>2</sup>	kr 40 100
<b>K</b>	Hovudombygging som før nybygg	

Tillegg for arealgebyr for nybygg og tilbygg som overskriver 1000 m<sup>2</sup> BRA er kr 56 per m<sup>2</sup>

### 3.6.4 Andre bygg

		<b>Gebyr</b>
<b>A</b>	Driftsbygningar i landbruket med BRA over 1000 m <sup>2</sup>	kr 19 800
<b>B</b>	Driftsbygningar i landbruket, hus for dyr	kr 10 300
<b>C</b>	Andre bygg i landbruket	kr 10 300
<b>D</b>	Fritidsbygg	kr 19 800
<b>E</b>	Tilbygg/påbygg inntil 100 m <sup>2</sup>	kr 6 100
<b>F</b>	Tilbygg/påbygg mellom 100 m <sup>2</sup> og 500 m <sup>2</sup>	kr 10 300

### 3.6.5 Andre tiltak (ikkje arealgebyr)

		<b>Gebyr</b>
<b>A</b>	Vesentleg terrenginngrep	kr 10 300
<b>B</b>	Anlegg av veg eller parkeringsplass	kr 10 300
<b>C</b>	Kommunaltekniske anlegg, felt, m.m.	kr 10 300
<b>D</b>	Kommunaltekniske anlegg, mindre tiltak	kr 4 900
<b>E</b>	Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg	kr 4 900
<b>F</b>	Bruksendring utan ansvarleg føretak	kr 4 400
<b>G</b>	Bruksendring med ansvarleg føretak	kr 6 600
<b>H</b>	Bruksendring til ny bueining eller arealformål (per bueining)	kr 6 000
<b>I</b>	Riving av bygning	kr 6 200
<b>J</b>	Fasadeendring	kr 4 900
<b>K</b>	Installasjonsløyve for heis i eksisterande bygg, per heis	kr 1 700
<b>L</b>	Frådeling etter plan- og bygningslova	kr 10 300
<b>M</b>	Søknad om igangsettingsløyve, (og for kvar ny søknad ved trinnvis behandling)	kr 4 900
<b>N</b>	Oppsetting/montering av skilt	kr 4 900
<b>O</b>	Oppføring og endring av ventilasjonsanlegg, gassinstallasjonsanlegg og liknande	kr 4 900
<b>P</b>	Kulde- og varmepumpeanlegg, brannalarmanlegg og liknande	kr 4 000
<b>Q</b>	Alle søknadspliktige tiltak som ikke er nemnde spesielt her	kr 4 900
<b>R</b>	Endring av byggeløyve (tidligare godkjent tiltak eller endring av ansvarleg føretak)	kr 4 900
<b>S</b>	Ferdigattest for bygg og anlegg eldre enn 3 år	kr 4 400

Tillegg for arealgebyr for nybygg og tilbygg som overskriver 1000 m<sup>2</sup> er 56 kr per m<sup>2</sup>.

**3.7 Godkjenning av føretak og sjølvbyggjar, jf. pkt. 3.3 og 3.4**

<b>A</b>	Godkjenning av føretak etter unntaksreglane	kr 3 300
<b>B</b>	Sjølvbyggjar	kr 3 000

**3.8 Gebrysatsar for tiltak som krev søknad og byggeløyve etter § 20-4 i plan- og bygningslova og som kan utførast av tiltakshavar**

		<b>Gebyr</b>
<b>A</b>	Mindre byggearbeid på bygd eigedom, per tiltak eller bygg	kr 4 700
<b>B</b>	Oppføring, endring og reparasjon av driftsbygning i landbruket, ikkje hus for dyr	kr 6 200
<b>C</b>	Mellombels eller transportable bygningar, konstruksjonar eller anlegg, som nemnt i § 20-1, 1. ledd, bokstav j og som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år	kr 4 000
<b>D</b>	Førelegging av tiltak (nettstasjonar, trafokiosk)	kr 4 000
<b>E</b>	Retur av mangelfull søknad/avslutning av ufullstendig søknad og innhenting av manglande opplysningar i saka	kr 2 500

**3 Gebrysatsar etter «Forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll med avløpsanlegg for kommunane i Jærgionen, «Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for kommunane i Jærgionen» og «Forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn»**

		<b>Gebyr</b>
<b>A</b>	Behandling av utsleppssøknad for mindre avløpsanlegg < 15 pe og påsleppsøknad for olje- og feitthaldig avløpsvatn	kr 5 500 per søknad
<b>B</b>	Behandling av utsleppssøknad for mindre avløpsanlegg > 15 pe	kr 8 800 per søknad
<b>C</b>	Søknad om endring av løyve	kr 1 600 per søknad
<b>D</b>	Oppfølging av forhold i strid med forureiningsforskrifta (etter medgått tid)	kr 1 100 per time
<b>E</b>	Tilsyn og kontroll med avløpsanlegg	kr 3 400 per anlegg

**5 Gebrysats for behandling av delingssaker etter jordlova**

	<b>Gebyr</b>
Frådeling etter jordlova	kr 2 000

*Gebyr fastsatt av Landbruks- og matdepartementet i eiga forskrift.*

## **6 Gebrysats for behandling av saker etter konsesjonslova**

	<b>Gebyr</b>
Konsesjonspliktig kjøp av fast eideom	kr 5 000

*Gebyr fastsatt av Landbruks- og matdepartementet i eiga forskrift.*

## **7 Gebrysats for behandling av miljøfyrtårnsertifiseringssaker**

	Type verksemnd	Timeforbruk	Pris ekskl. mva
<b>A</b>	Verksemder med 1-9 årsverk. Sertifisering etter krav til alle bransjar og inntil eit bransjekrav	5-7 timer	kr 2 100
<b>B</b>	Sertifisering av avdeling eller bedrift som er del av kjede eller konsern, der sertifisering av hovudkontor vert utført av andre.	5-7 timer	kr 2 100
<b>C</b>	Verksemder med 10-29 årsverk. Sertifisering etter krav til alle bransjar og inntil to bransjekrav.	6-12 timer	kr 3 100

## **8 Kvadratmeterpris for manglande felles uteoppahldsareal som gjeld for delar av Bryne sentrum**

		<b>Pris per m<sup>2</sup></b>
	Kvadratmeter pris for manglande felles uteoppahldsareal (MFUA)	kr 6 700

## **9 Oppmålingsarbeid**

### **9.1 Gebyret gjeld**

Gebyret gjeld for arbeid etter matrikkel- og seksjoneringslova.

### **9.2 Kva gebyret omfattar**

Gebyret omfattar hjelpeemannskap, bilgodtgjersle, administrasjonsutgifter og merking av grenser. Tinglysingsgebyr kjem i tillegg til nemnde satsar.

### **9.3 Gebrysatsar for opprettning av matrikkeleining**

#### **9.3.1 Opprettning av grunneigedom og festegrunn**

<b>A</b>	Areal frå 0–1000 m <sup>2</sup>	kr 20 700
<b>B</b>	Areal frå 1001–2000 m <sup>2</sup>	kr 22 900
<b>C</b>	Areal frå 2001 m <sup>2</sup> –auke pr. påbegynt dekar	kr 800
<b>D</b>	Festepunkt	kr 9 100

Maksimalt kr 40 700 per parsell.

For eigedom som ikke er sjølvstendig brukseining, skal det reknast 50% gebyr etter dette punktet.

Ved samtidig oppmåling av fleire tilgrensande tomter som er rekvisert av same rekvisient, vert det gjeve følgjande reduksjon i gebyret :

6-10 tomter	10% reduksjon.
11-25 tomter	15% reduksjon.
26 og fleire	20% reduksjon.

### **9.3.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn**

<b>A</b>	Areal frå 0–1000 m <sup>2</sup>	kr 20 700
<b>B</b>	Areal frå 1001-2000 m <sup>2</sup>	kr 22 900
<b>C</b>	Areal frå 2001 m <sup>2</sup> –auke per påbegynt dekar	kr 800

### **9.3.3 Oppretting av uteareal på eigarseksjon**

Gebyr for tilleggsareal per eigarseksjon

<b>A</b>	Areal frå 0–50 m <sup>2</sup>	kr 11 800
<b>B</b>	Areal frå 51–250 m <sup>2</sup>	kr 14 400
<b>C</b>	Areal frå 251–2000 m <sup>2</sup>	kr 17 800
<b>D</b>	Areal frå 2001 m <sup>2</sup> – auke per påbegynt dekar	kr 1 300

50% av ordinært gebyr når forretning vert halden som kontorforretning

Ved samtidig oppmåling av fleire tilgrensande uteareal som er rekvisert av same rekvisient, vert det gitt følgjande reduksjon i gebyret:

6 – 10 tomter	10% reduksjon
11 – 25 tomter	15% reduksjon
26 og fleire tomter	20% reduksjon

### **9.3.4 Oppretting av anleggseigedom**

Gebyr for oppretting av anleggseigedom

<b>A</b>	Areal frå 0–2000 m <sup>2</sup>	kr 23 500
<b>B</b>	Areal frå 2001 m <sup>2</sup> –auke per påbegynt dekar	kr 1 300

### **9.3.5 Registrering av jordsameige**

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige fakturerast etter medgått tid, jf. pkt. 1.4.

## **9.4 Oppretting av matrikkeleining utan fullførd oppmålingsforretning**

Syner til pkt. 9.3.1, 9.3.2 og 9.3.4. I tillegg kan det reknast tilleggsgebyr for å utføra oppmålingsforretning på kr 2 000.

### **9.4.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering**

Gebyr for utført arbeid i saker som ikke lar seg matrikkelføra på grunn av endra heimelsforhold, kan setjast til 1/3 av gebrysatsane etter pkt. 9.3 og 9.4.

## 9.5 Grensejustering

### 9.5.1 Grunneigedom

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedommar justerast med inntil 5% av eigedommen sitt areal (maksimalgrensa er sett til 500 m<sup>2</sup>).

Ein eigedom kan likevel ikkje avgje areal som i sum overstig 20% av eigedommens areal før justeringa.

<b>A</b>	Areal frå 0-25 m <sup>2</sup>	kr 5 000
<b>B</b>	Areal frå 25–100 m <sup>2</sup>	kr 8 100
<b>C</b>	Areal frå 100–250 m <sup>2</sup>	kr 10 700
<b>D</b>	Areal frå 250-500 m <sup>2</sup>	kr 13 100

### 9.5.2 Anleggseigedom

Ein anleggseigedom kan justerast med inntil 5% av anleggseigedommen sitt areal, men den maksimale grensa vert sett til 1000 m<sup>2</sup>

<b>A</b>	Areal frå 0–250 m <sup>2</sup>	kr 13 500
<b>B</b>	Areal frå 251–1000 m <sup>2</sup>	kr 17 600

## 9.6 Arealoverføring

### 9.6.1 Grunneigedom

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift.

Gebyret gjeld ikkje for sjølvstendige einingar som skal byggast på. Ved teigendring med tanke for utbygging skal pkt. 9.3.1 brukast.

<b>A</b>	Areal frå 0–250 m <sup>2</sup>	kr 10 200
<b>B</b>	Areal frå 251–500 m <sup>2</sup>	kr 11 300

Arealoverføring per nytt påbegynt 500 m<sup>2</sup> medfører ei auke av gebyret på kr 800.

### 9.6.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan areal som skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan, ikkje vera registrert på ein tredje matrikkeleining. Arealet kan berre overførast til ein matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengande areal.

<b>A</b>	Areal frå 0–250 m <sup>2</sup>	kr 21 500
<b>B</b>	Areal frå 251–500 m <sup>2</sup>	kr 26 900

Arealoverføring per nye påbegynte 500 m<sup>2</sup> medfører ei auke av gebyret på kr 2 100.

**9.7 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning**

<b>A</b>	For inntil 2 punkt	kr 4 000
<b>B</b>	For overskytande grensepunkt, per punkt	kr 400

**9.8 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikke tidlegare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettigheter**

<b>A</b>	For inntil 2 punkt	kr 6 800
<b>B</b>	For overskytande grensepunkt, per punkt	kr 1 300

Gebyr for klarlegging av servituttar vert fakturert etter medgått tid, jf. pkt. 1.4.

**9.9 Privat grenseavtale**

<b>A</b>	For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	kr 6 800
<b>B</b>	For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengde	kr 1 300

Rimelegaste alternativ for rekvinet vert valt.

Alternativt kan gebyr fastsettast etter medgått tid.

**9.10 Forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka**

Gjer rekvineten under saksgangen forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert gebyret likevel oppretthaldt.

**9.11 Utsteding av matrikkelbrev**

<b>A</b>	Matrikkelbrev inntil 10 sider	kr 200
<b>B</b>	Matrikkelbrev over 10 sider	kr 380

Endring i maksimalsatsane vert regulerte av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

**9.12 Andre tenester/gebyr**

For arbeid som ikke passar inn i klassane over, vert arbeid fakturert etter medgått tid, jf. satsane gitt i pkt. 1.4.

Tinglysningsgebyr og kostnadene med å henta inn eksterne dokument, samt dokumentavgift, vert vidareført til kunde.

**10 Behandling av søknad om seksjonering og reseksjonering**

**10.0 Gebyret gjeld**

Gebyret gjeld for arbeid etter eigarseksjonslova og omfattar ikke tinglysningsgebyr eller eventuelt dokumentavgift.

## **10.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom**

### **10.1.1 Gebyr seksjonering, nybygg**

A	1-4 seksjonar	kr 11 400
B	5-10 seksjonar	kr 14 000
C	Frå 11 seksjonar, tillegg per ny seksjon	kr 400

Maksimalt kr 27 900 per seksjonering

### **10.1.2 Gebyr seksjonering, eksisterande bygg**

A	1-4 seksjonar	kr 14 000
B	5-10 seksjonar	kr 16 500
C	Frå 11 seksjonar, tillegg per ny seksjon	kr 400

Maksimalt kr 33 100 per seksjonering

### **10.1.3 Gebyr reseksjonering**

A	1-4 seksjonar	kr 16 500
B	5-10 seksjonar	kr 19 100
C	Frå 11 seksjonar, tillegg pr. ny seksjon	kr 400

Maksimalt kr 38 100 per seksjonering

### **10.1.4 Synfaring**

10.1.4	Synfaring av eigedom skjer når kommunen finn det nødvendig ved behandling av saka. Gebyret kjem i tillegg til behandlingsgebyr punkt 10.1.1– 10.1.3	kr 2 400
--------	---	----------

### **10.1.5 Sletting/oppheving av seksjonert sameige**

10.1.5	Saksbehandling for sletting av sameige	kr 4 400
--------	--	----------

## **11 Sal av oppmålingsteneste**

For oppgåva utstikking av godkjent plassering av tiltak etter plan- og bygningslova § 20 er prisen:

Bygg/anlegg kr 10 600 inkludert mva

For arbeid utover 7,5 timer kjem kr 1 000 eksklusiv mva per time i tillegg

\*\*\*\*\*

## **Merknad til forskrifta**

For plansaker, byggjesaker og oppmålingsforretning er det føretatt for- og etterkalkulasjon i tråd med føringane for sjølvkostrekneskap.



